

Haldor O. Opedal

A smelding ①

2002

Upprit frå styremøte i Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking,
laurdag, 6. mai 2000.

Tid: Møtet vart sett kl 11:00.

Stad: Kontoret til Vestmannalaget i Torgegården.

Til stadar:

Styreformann:	Dag Hagen Berg, Ivar Aasen-Sambandet
Varaformann:	Mona Stormark, Noregs Mållag
Styrelemene:	Hans Sørbø, Norsk Måldyrkingslag Lars Bjarne Marøy, Vestlandske Mållag Leidulv Hundvin, Vestmannalaget
Forretningsfører:	Leiv Flesland

Styreformannen hadde samstundes med utsendingi av innkallingi òg sendt med ei skriftleg saksutgreiding og framlegg til vedtak i dei einskilde sakene. Det er utdrag frå denne utgreidingi som presentasjon av kvar einskild sak.

Sak 1. Godkjenning av innkallingi og fastsetjing av saklista.

Utdrag frå den utsende saksframstillingi til styreformannen:

Møtet vart munnleg varsla fyrr påske og sjølv um den skriftlege innkallingi kom seint hev alle fenge høve til å setja av tid til møtet.

Saklista:

1. Godkjenning av innkalling og fastsetjing av saklista.
2. Skjedd sidan sist.
3. Vantande innsending av rekneskapane fyr åri 1997 og 1998?
4. Rekneskapen fyr 1999.
5. Forretningsføraren; spursmål um oppsegjing.
6. Val av skrivar fyr fondet.
7. Fyresegn fyr styreformannen, varaformannen og skrivaren.
8. Råderett yver eiga til fondet, (teikningsrettane).
9. Plasseringspolitikk.
10. Neste styremøte og dato fyr utetlingane av heidersprisane.
11. Kontorhald.
12. Tilskot til oppnemnarlagi.
13. Godkjenningsordningi fyr rekneskapane.
14. Ymist.

Framlegg til vedtak:

1. Innkallingi vart godkjend.
2. Saklista vert fastsett i samsvar med framlegget frå styreformannen.

Styreformannen gjorde i byrjingi av møtet merksam på at saksframstillingi og framleggi til vedtak som fylgde med innkallingi bygde på munnleg informasjon, og at han hadde etterlyst dokument hjå forretningsføraren utan at dei var komne fram til styreformannen fyrr innkallingi vart send ut. Ingen hadde merknader til sjølve innkallingi.

Vedtak:

Innkallingi vart samsrøystes godkjend.

Hans Sørbø la fram eit notat der han peika på fleire tilhøve ved dei sakene som skulde opp på møtet og saksframstillingi til styreformannen. Hans Sørbø og Leidulv Hundvin ynskte ikkje at styret skulde hava rekneskapen fyre på ny, av di dei meinte at det fyrre styret hadde godkjent han endeleg, og at det nye styret ikkje kunna gjera um vedtaket frå 8. april d.å. Notatet ligg ved som protokollmerknad til møteboki.

Styreformannen sa at han ikkje ynskte å kommentera "notatet" fullnøggjande, då det var på tri fulle sider som han ikkje hadde sett fyrr og no ikkje hadde tid til å sjå nøgare på no under møtet. Styreformannen gjorde framlegg um tvo tilleggssaker: 2. Upprit frå fyrre møte og 4. Og eit lån til Stiftinga Regionsoga Nord og Midhordland. *lyse*

Vedtak mot to røyster (Hans Sørbø og Leidulv Hundvin):

1. Godkjenning av innkalling og fastsetjing av saklista.
2. Upprit.
3. Skjedd sidan sist.
4. Lånet til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland.
5. Vantande innsending av rekneskapane for åri 1997 og 1998.
6. Rekneskapen for 1999.
7. Forretningsføraren.
8. Val av skrivar for fondet.
9. Fyresegner for styreformannen, varaformannen og skrivaren.
10. Råderett yver eiga til fondet, (teikningsrettane).
11. Plasseringspolitikk.
12. Neste styremøte og dato for utetlingane av heidersprisane.
13. Kontorhald.
14. Tilskoti til oppnemnarlagi.
15. Godkjenningsordningi for rekneskapane.
16. Ymist.

Sak 2. Upprit.

hadde Leiv Flesland lagde fram opprit frå fyrre møte. Uppritet vart lagt fram under møtet. Lars B. *jame* Marøy gjorde merksam på at det var målsmannen frå Noregs Mållag, Mona Stormark, som *hadde* kome med framlegget um Dag Hagen Berg som styreformann, og ikkje Lars B. Marøy *Bjane* slik som det kjem fram i oppritet. Lars Bjarne Marøy meinte det ikkje kom fram, under møtet den 8. mars d.å., at ettersynsmannen, J. H. Lyse, *hadde* stilt vilkår for å taka på seg oppgåva som ettersynsmann, slik det kom fram i oppritet frå Leiv Flesland.

Vedtak:

Styret godkjenner, med dei nemnd merknadene, oppritet frå møtet den 8 april, og dei "gamle" styrelemene skriv under oppritet frå det siste møtet til det fyrre styret.

Sak 3. Skjedd sidan sist

Styreformannen og forretningsføraren vitra um det som hadde hendt sidan sist. Styreformannen gjekk gjennom dei brevi som var komne og som var sende ut av styreformannen.

Leidulv Hundvin meinte at mange av "konfliktsakene" som kom opp her, hadde si rot i stoda i Vestmannalaget. Det vart elles ingen merknader til det styreformannen vitra um.

Ingen vedtak.

Sak 4. Lånet til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland.

Styreformannen gjorde greide for at han kvelden fyrr hadde fenge informasjon frå forretningsføraren um at Stiftinga Regionssoga hadde ein bokført negativ eigenmidel. Den negative eigenmidelen var på um lag ein halv million kronor. Forretningsføraren sa at stiftingi hadde havt negativ eigenmidel i nokre år. Det vart eit ordskifte um kva som tidlegare var hendt. Styreformannen gjorde framlegg um:

1. Styreformannen fær fullmakt til å kontakta Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland for å røkja etter um ho kan innfri lånet no eller innan ei rimeleg tid. Um stiftingi ikkje kann innfri lånet no, fær styreformannen fullmakt til å henta inn turvande ekspertise for å vurdera dokumentasjon som underbyggjer påstått framtidig betalingsevna.
2. Styreformannen fær fullmakt til å henta inn juridisk vurdering av andsvaret for den tidlegare førehavingi av denne saki og um andsvar for eventuell skade som fondet kann ha lide.

Hans Sørbo og Leidulv Hundvin sette seg mot framlegg nr. 2. Dei meinte at ein fyrst måtte få klårlagd um det var grunnlag for eit tap, som det kunde vera andsvar for. Dei meinte òg at ei slik utgreiding ville føra med seg store kostnader for fondet.

Styreformannen sagde seg samd i at ein fyrst burde få klårlagd stoda i stiftinga og sjå um fondet hadde lidt eller ville lida tap på grunn av utlånet.

Samrøystes vedtak:

Styreformannen fær fullmakt til å kontakta Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland for å røkja etter um ho kan innfri lånet no eller innan ei rimeleg tid. Um stiftingi ikkje kann innfri lånet no, fær styreformannen fullmakt til å henta inn turvande ekspertise for å vurdera eventuell dokumentasjon som underbyggjer påstått framtidig betalingsevna.

Sak 5. Vantande innsending av rekneskapane for 1997 og 1998.

Utdrag frå den utsende saksframstillingi til styreformannen:

Fylkesmannen i Hordaland hev minst to gonger skriftleg etterrøkt rekneskapane fyr 1997 og ein gong 1998. Det er uråd å slå fast kva som faktisk hev skjedd, men eg vil segja i frå um at eg finn det merkelegt at ikkje styret vart vitra um etterrøkingi av forretningsføraren.

Framlegg til vedtak:

Styret segjer seg leid fyr at ikkje forretningsføraren vitra um at fylkesmannen i Hordaland ved to høve hev etterrøkt rekneskapane til fondet. Styret ser det som naturleg at det vart vitra av forretningsføraren um desse hendingane på det fyrre styremøtet.

Det vart eit stutt ordskifte, der millom anna Leidulv Hundvin hevda at det ikkje av styreformannen si oppgåva å fylgja upp brev um at rekneskapen til fondet ikkje var sende inn til Fylkesmannen.

Vedtak mot tvo røyster (Leidulv Hundvin og Hans Sørbø):

Styret segjer seg leid for at ikkje forretningsføraren vitra um at fylkesmannen i Hordaland ved tvo høve hev etterrøkt rekneskapane til fondet. Styret ser det som naturleg at det vart vitra av forretningsføraren um desse hendingane på det fyrre styremøtet.

Sak 6. Rekneskapen for 1999

Utdrag frå den utsende saksframstillingi til styreformannen:

Ivar Aasen-sambandet hev meldt i frå um at det ikkje kann godtaka rekneskapen slik han ligg fyre no, grunna: p.g. a

1. *vantande spesifisering av eiga og kravsmennposten, og*
2. *vantande periodisering, i samsvar med rekneskapslovi, og*
3. *rekneskapsyversynet fylgjer ikkje det pliktige oppsettet som rekneskapslovi krev.*

Ivar Aasen-sambandet meiner òg at ein bør sjå um ikkje administrasjonskostnadene kann minkast, og syner til at ein stor del av utbyttet gjeng med til å administrera fondet. Fondet bør ikkje nytta meir enn høgst 10 % av det periodiske utbyttet på å administrera seg sjølv. Ivar Aasen-sambandet er òg skeptisk til å setja av nesten 5 gonger so mykje som vedtektene fyreskriv, til grunnstolen. Ein bør halda seg til det fyreskrivne 10 %, når inflasjonen berre er på um lag 2,5 %.

Framlegg til vedtak:

1. *Rekneskapen vert fyrehavd på ny, grunna dei innkomne merknadene.*
2. *Styreformannen fær i oppgåva å setja upp eit nytt rekneskapsuppsett, i samsvar med gjeldande rekneskapslov.*
3. *Det vert yverført um lag 10 % av heile utbyttet til grunnstolen. Til utbyttet reknar ein i år med dei attendeføringane – som normalt ikkje skal reknast med ved utrekningi av det periodiske driftsresultatet.*
4. *Rekneskapen vert lagd fram fyr ettersynsmannen på ny.*
5. *Rekneskapen vert send til styri i valorgani, med ein frest på 1 – ein – månad til å koma med merknader. Um det innan fresten ikkje kjem merknader vert rekneskapen sett på som godkjend av lagi og send fylkesmannen.*

Styreformannen vitra um saki og viste til at han hadde sendt ut framlegg til ny rekneskap. Eit fleirtal av lagi som etter paragraf fire i vedtektene skal godkjenna rekneskapen hadde meldt frå til formannen at dei ikkje ynskte å godkjenna den rekneskapen som vart fastsett på styremøtet 8. april. Dei grunngav dette millom anna med at rekneskapen ikkje var sett upp i samsvar med rekneskapslovi. Rekneskapen er soleis ikkje godkjend i samsvar med vedtektene for fondet. Styreformannen meinte på grunnlag av merknadene som hadde kome inn frå eit fleirtal av lagi at styret måtte fyrehava rekneskapen på ny.

hava fyre

Styreformannen synte òg til det forretningsføraren hadde fortalt um økonomien i Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland, og peika på at det ikkje kjem fram i rekneskapen vår at lånemottakaren ikkje på noko tidspunkt i rekneskapsbolken 1999 kunde ha innfridd lånet.

Styreformannen meinte det var i strid med god rekneskapsskikk å lata vera å nemna dette og at det burde ha vore bokført ein tapsavsetnad.

Styreformannen uttalte at han slutta seg til kritikken av rekneskapen frå oppnemnarlagi, og synta til at ei rekkje lovfyresegner ikkje var fylgd millom anna § 3-2, § 4-1 (4), § 4-6, § 6-1, § 6-2, § 7-1, § 7-40 og § 7-42. Styreformannen meinte at desse mishøvi var so ålvorlege at det sitjande styret, jamvel um merknadene frå oppnemnarlagi ikkje hadde kome, måtta hava sett opp rekneskapen på ny. Lars Bjarne Marøy og Mona Stormark samtykte med styreformannen.

Hans Sørbø og Leidulv Hundvin vilde ikkje at denne saki vart fyrehav^t av dette styret. Dei meinte at det vart gjort eit endelegt vedtak av det fyrre styret. Dei var òg usamde i at styret no ynskte å brigda avsetjingi som det fyrre styret hadde gjort. Hans Sørbø og Leidulv Hundvin meinte at dette styret ikkje hadde høve til å minka grunnstolen. Styreformannen presisera at sidan avsetnaden til grunnstolen var ein del av årsuppgjerdsdisposisjonane og ^{ei} dimed ein del *var dei* av rekneskapen som skal godkjennast av vallagi. Når vallagi ikkje hev godkjent rekneskapen, er soleides heller ikkje avsetnadene til grunnstolen godkjende. Dimed ikkje "avsetnaden" som skjedde 8. mars då. rettsgyldig. Det er difor styret no gjennom den nye rekneskapen som fastsett – millombils – ny avsetnad. Denna er heller ikkje rettsgyldig fyre vallagi hev godkjent han saman med resten av rekneskapen.

Hans Sørbø og Leidulv Hundvin sagde i frå um at dei ikkje vilde vera med på dei vedtaki som vart gjorde i denne saki, og dei vilde ikkje taka del i røystingane og fyrehavingi av dei vidare punkti i denne saki.

Vedtak:

- 1. Rekneskapen vert fyrehavd på ny p.g.a. dei innkomne merknadene.**
- 2. Styreformannen fær i oppgåva å setja opp rekneskapen i samsvar med punkt tre.**
- 3. Rekneskapen vart fastsett i samsvar med det utsende framlegget frå styreformannen med atterhald um endring av avsetnadene til grunnstol og tapsavsetnad.**
- 4. Avsetnadene vert slik: Det vert sett av kr 29 985,00 til utetlingsfondet. Det vert avsett kr 20 000 til grunnstolen. Det vert gjort ein avsetnad på kr 80 000i ei tapsavsetning. Rekneskapen vert lagd fram for ettersynsmannen påny.**
- 5. Rekneskapen vert send til styri i valorgani, med ein frist på 1 - ein – månad til å koma med merknader. Um det innan fristen ikkje kjem merknader vert rekneskapen sett på som godkjend av lagi og send Fylkesmannen.**
- 6. Styreformannen skal taka kontakt med Fylkesmannen eller Justisdepartementet med spursmål um saki er fyrehavd rett, i høve til at rekneskapen vert fyrehavd på ny og at avsetnaden til grunnstolen vert brigda.**

Sak 7. Forretningsføreren.

Utdrag frå den utsende saksframstillingi til styreformannen:

Frå 1. januar 1997 vart òg private fond (stiftelser) rekneskapspliktige etter rekneskapslovi. Frå 1. januar 2000 må alle som i næring fører rekneskap fyr andre ha autorisasjon som rekneskapsførar. Det er komen fyr dagen at Leiv Flesland ikke er korkje registrert eller autorisert rekneskapsførar. Siste gongen spursmålet vart vurdert av Kredittilsynet var i juni 1998. Flesland kunne som forretningsførar hava førd rekneskap, um han som forretningsførar hadde vore underlagd tilsyn frå offentleg tilsynsorgan. So langt eg kann sjå er han ikkje som forretningsførar underlagt tilsyn frå offentleg tilsynsorgan, difyr kann han ikkje taka på seg rekneskapsoppdraget. Som tilsett kunne han ha førd rekneskapen til fondet. Det avgjerande i so måte er um det er Flesland eller Flesland rekneskapservice som fører rekneskapen vår. Det ligg føre eit vedtak i fondsstyret um tilsetjing, men det er visst ikkje ordna med ein kontrakt millom fondet og Flesland. Tilsetjingsvedtaket er ei einseitig fråsegn frå fondet, og ikkje ei tilsetjingsavtala eller kontrakt millom fondet og Flesland. Premissane fyr vedtaket var at rekneskapsførarposten skulle gjerast om til forretningsførar. Difyr lyt ein sjå på faktisk framferd frå styret og Flesland fyrr ein kann konkludera i spursmålet um Flesland er tilsett eller um Flesland rekneskapservice er oppdragstakar.

(I det fylgjande byggjer eg på opplysningar frå ettersynsmannen)

- *Godtgjersla til Flesland hev i alle år vore send til Flesland rekneskapservice*
- *Godtgjersla hev òg i alle år vore bokført, av Flesland, som "Framande tenester"*
- *Bokføring i godtgjersla som "Framande tenester" er godkjent av fondsstyret*
- *Rekneskapane er, i alle fall sidan 1994, førde og underskrivne av Flesland rekneskapservice*
- *Um godtgjersla hadde vore løn, skulle det hava vore trekt skattetrekk og svara arbeidsgjevaravgift, detta hev ikkje Flesland som forretningsførar og andsvarleg fyr innmelding gjort*

Fondsstyret viste (burde vist) um selskapet til Flesland, gjennom godkjenning av tidlegare rekneskapar, når fondsstyret vedtok tilsetjingi. Det vart ikkje gjort nærare presisering av kven tilsetjingi gjaldt. Detta opna diverre fyr at Flesland kunne velja å tolka tilsetjingsvedtaket både som ei personleg tilsetjing og ei "tilsetjing" av Flesland rekneskapservice, slik som praksisen var fyrr vedtaket.

Me stend difyre framum to val;

leggja vekt på det formelle vedteket, eller

leggja vekt på faktisk framferd frå bae sidor

Det er gode grunnar som talar fyr begge alternativa. Eg vil difyr ikkje konkludera i høve til um Flesland hev ein personleg kontrakt eller um ein ved konkluderande framferd både frå Flesland og fondsstyret hev akseptert at "tilsetjingi" gjaldt Flesland rekneskapservice. Ein skal òg vera merksam på at um ein vel å sjå på godtgjersla som Flesland rekneskapservice faktisk fekk, som løn til Flesland (personleg) – vil både Flesland og dei tidlegare medlemene av fondsstyret truleg kunna hava medverka til skatte- og avgiftssvik. Fondet kann òg verta, av skattestyresmaktene, pålagd straffegebyr – kven som til sist lyt bera dessa kostnadene er uvisst. Eg vil i so fall beda fondsstyret innhenta juridisk ekspertise fyr å vurdera dessa spursmåli nærare – med tanke på å minka nettotapet fyr fondet. Eg meiner at me i ljøs av merknadene frå Ivar Aasen-sambandet lyt sjå på administrasjonskostnadene, og vurdera nøye um me ikkje kann makta oss utan forretningsførar og rekneskapsførar; tilsett eller engasjert. Lars Bjarne Marøy hev sagt seg viljug til å vera skrivar utan vederlag. Eg vil difyr tilråda at me vel Lars Bjarne Marøy til skrivar fyr fondet.

Styreformannen hev sagt seg viljug til å føra rekneskapen utan vederlag. Eg gjer merksam på at eg bad, fyrr påske, Flesland um å senda meg stadfesting på at han tidlegare hev vore registrert rekneskapsførar, etter yvergangsreglane. Slik stadfesting hev eg p.t. ikkje motteke. Flesland var i dag gjort kjend med framlegget og grunnlaget fyr framlegget. Han fekk melding um at han kunna lata seg medfylgja av tillitsmann eller advokat under styrefyrehevingi av detta punktet. Eg tek atterhald um at Flesland kann dokumentera registrering eller at det vert lagt fram tilsetjingsavtala, som eventuelt fastsett andre tilsetjingsvilkår enn dei som fylgjer av arbeidsmiljølovi. Framlegg til vedtak:

- *Fondsstyret tykkjer administrasjonskostnadene ved drifta av fondet er fyr høge i høve til avkastningi som fondsmidelen gjev. På denna bakgrunnen og grunna større arbeidskapasitet i fondsstyret, og større vilja i fondsstyret til sjølv å gjera mange av gjeremåli som forretningsføraren gjer i dag, segjer fondsstyret opp tilsetjingi av Leiv Flesland/Leiv Flesland rekneskapservice som forretningsførar for fondet.*
- *Uppsegjingi fær verknad frå 01.12.2000.*
- *Leiv Flesland/Leiv Flesland rekneskapservice fær den fastsette årlege godtgjersle fyr heile 2000, medrekna kontorgodtgjersla.*
- *I oppsegjingstidi er Leiv Flesland/Leiv Flesland rekneskapservice underlagt styret/v styreformannen, og kann tilleggjast oppgåvor som samsvarar med godtgjersla.*
- *Styreformannen fær fullmakt til å ordna det praktiske ved oppsegjingi.*

Dei vilkåri som eg her hev nemnd stettar kravi til både ålmen kontraktsrett og arbeidsretten.

Styreformannen synte til si utgreiding i innkallingi um tilhøvet millom fondet og Leiv Flesland/Leiv Flesland rekneskapservice. Styreformannen synte elles til sak 4, 5 og 6 og til at han ved fleire høve hadde etterlyst millom anna tilsetjingspapiri og tilsetjingsvedtaki, utan at desse vart framlagde. Styreformannen nemnde at han rett fyre dette styremøtet hadde fenge uppritet frå styremøtet i 1996 der vedtaket um å endra rekneskapsførarposten til ein forretningsførarpost i 1996 vart gjort.

Styreformannen nemnde at han i utgreidingi ikkje hadde konkludert i høve til um det var Leiv Flesland eller Leiv Flesland rekneskapservice som hadde kontrakten. Leiv Flesland svara at han hadde tvo driftseiningar, gardsdrifti og Leiv Flesland rekneskapservice. Flesland fortalde at godtgjersla frå fondet var knytt til driftseiningi som dreiv garden hans og ikkje Leiv Flesland rekneskapservice. Leiv Flesland sa at jamvel um han sende rekning frå gardsdrifteiningi trong han ikkje autorisasjon. Styreformannen meinte at det no var godtgjort at det ikkje var eit arbeidstilhøve millom fondet og Leiv Flesland, men ein oppdragsavtale. Mona Stormark og Lars Bjarne Marøy samtykte i denne oppfatningi.

Styreformannen synte til brev frå Kredittilsynet. Kredittilsynet gjorde merksam på at frå og med 1.1. 2000 måtte alle som skal føra rekneskap for andre i næring ha autorisasjon. Kredittilsynet gjorde og merksam på at Leiv Flesland ikkje hadde autorisasjon.

Styreformannen synte til at lagi som nemnde opp styret hadde kome med merknader på at fondsstyret bruka ein for stor del av utbytet på å administrera fondet. Det vert nytta meir enn 10 prosent av det årlege utbytet på å svara administrasjonskostnader. Godtgjersla til forretningsføraren utgjer 3/4 av administrasjonskostnadene.

Styreformannen meinte og at det er naturleg at styret i fondet sjølv tek seg av den daglege drifti. Det vart synt til andre målfond av tilsvarande storleik. Dei hadde heller ikkje tilsett eigen forretningsførar. Det vart òg synt til at fondet fram til 1996 heller ikkje hadde havt eigen forretningsførar. Fondsstyret hev no større arbeidskapasitet og vilje til å taka på seg arbeidsoppgåvor for fondet. Styreformannen gjorde merksam på at han sjølv kunde føra rekneskapen for fondet og at Lars Bjarne Marøy hadde sagt seg viljug til å fungera som skrivar for fondet. Ingen av dei ynskte godtgjersla for dette arbeidet.

Hans Sørbo meinte at fondsstyret burde ha ein forretningsførar til å taka seg av den daglege drifti. Argumentet for dette var, i fylgje Hans Sørbo, at ein burde skilja millom dei daglege oppgåvone og styremøti i fondet.

Vedtak mot tvo røyster (Hans Sørbo og Leidulv Hundvin):

- 1. Fondsstyret tykkjer administrasjonskostnadene ved drifti av fondet er for høge i høve til avkastningi som fondsmedelen gjev. På denne bakgrunnen og på grunn av større arbeidskapasitet i fondsstyret, og større vilje i fondsstyret til sjølv å gjera mange av gjeremåli som forretningsføraren gjer i dag, segjer fondsstyret opp avtala med Leiv Flesland rekneskapsservice/Leiv Flesland som forretningsførar for fondet.**
- 2. Uppsegjingi fær verknad frå 01.12.2000.**
- 3. Leiv Flesland rekneskapsservice/Leiv Flesland fær den fastsette årlege godtgjersla for heile 2000, medrekna kontorgodtgjersla slik som tidlegare.**
- 4. I oppsegjingstidi er Leiv Flesland rekneskapsservice/Leiv Flesland underlagt styret/v styreformannen, og kann få lagd fyre seg oppgåvor som samsvarar med godtgjersla.**
- 5. Styreformannen fær fullmakt til å ordna det praktiske ved oppsegjingi.**

Sak 8. Val av skrivar.

Utdrag frå den utsende saksframstillingi til styreformannen:

Som nemnd hev Lars Bjarne Marøy sagt seg viljug til å vera skrivar. Dette vil spara fondet for mange midlar som kann nyttast til å fremja fyremålet til fondet.

Framlegg til vedtak:

Lars Bjarne Marøy vert vald til skrivar

Styreformannen nemnde at ved å velja ein skrivar millom styrelemene vilde ein spara fondet for mange midlar. Det er dessutan i samsvar med tradisjonane i fondet og målrørsla elles. Tidlegare styreformenn hev teke på seg dei daglege oppgåvone. Styreformannen bur i Oslo og tykte at den daglege administrasjonen måtte vera lagt til Vestlandet slik fondsskiparen vilde. Difor vilde han ha ein skrivar i Bergen.

Vedtak mot tvo røyster (Leidulv Hundvin og Hans Sørbo):

Lars Bjarne Marøy vart vald til skrivar.

Sak 9. Fyresegn for styreformannen, varaformannen og skrivaren i fondet.

Utdrag frå den utsende saksframstillingi til styreformannen:

Det bør vera fastsett ei serskild fyresegn fyr formannen, varaformannen og skrivaren. Eg tilrår difyr fylgjande fyrebilse fyresegnor.

Framlegg til vedtak:

A) Styret som heilskap vert tildelt signatura. Styreformannen vert tildelt prokura.

B) Styreformannen skal:

- 1. målbera fondet utetter i samsvar med lovi, fyresegnene og andre styrevedtak*
- 2. planleggja, leida og samordna arbeidet i fondet på lang og kort sikt, og vera yverordna fyr skrivaren og eventuelle tilsette og engasjerte*
- 3. syta fyr forsvarleg forvaltning av fondsmidlane, og halda seg og fondsstyret orientert um plasseringi og utbyttet*
- 4. leida fondsstyremøtene, um ikkje styret fyr det einskilde høve vedtek noko anna*
- 5. syta fyr at sakene som skal upp på styremøtet er godt fyrehavd*
- 6. svara alle pliktige utgifter i rett tid, og senda alle pliktige innmeldingar og innrapporteringar*
- 7. etla ut den, av fondsstyret, løyvde summen – når fullnøgjande attendemelding er motteke frå søkjaren um at prosjektet er gjennomført*
- 8. innkalla til styremøte minst ein gong i året, og elles når stoda gjer det turvande*
- 9. syta for rekneskapsføring, og utarbeiding av framlegg til disponering av resultatet*

C) Styreformannen hev fullmakt til å taka avgjerder i mindre administrative saker, som høyrer til den daglege drifti av fondet.

D) Varaformannen skal:

- 1. halda seg orientert um stoda slik at han kann taka yver arbeidsoppgåver som styreformannen er tildelt, ved fråfald*
- 2. hjelpa styreformannen og skrivaren i deira gjeremål når stoda gjer det turvande*

E) Skrivaren skal syta fyr at:

- 1. innkomne brev vert registrerte og arkiverte*
- 2. brev og andre fyrespurnader, i samråd med styreformannen, vert svara på*
- 3. det vert sendt ut stadfesting på at eventuelle søknader er motteke*
- 4. søkjarar, som fær midlar frå fondet, – i samråd med styreformannen – fær melding um utetlingi og vilkåri fyr utetlingi*
- 5. styrformannen og varaformannen vert halde orienterte um innkomne skriv og brev, og elles informasjon som er viktugt fyr styrearbeidet*

F) Rekneskapsføraren skal:

- 1. syta for at det vert ført jamleg rekneskap og at styreformannen vert halden orientert um fyrebilsresultati*
- 2. syta fyr at det vert utarbeidd fyrebils rekneskapsyversyn fyr kravt fjerdungåret*
- 3. gjera andre oppgåvor som måtta vera turvande*

G) Er det ikkje tilsett/engasjert ein eigen rekneskapsførar, og styret ikkje hev lagt dessa oppgåvone til andre – hev styreformannen skyldnad til å gjera oppgåvone som i denna fyresegna er lagde til rekneskapsføraren.

Styreformannen rådde til at fyrebilse fyresegner for formannen, varaformannen og skrivaren vart vedtekne. Dette for å få eit slags arbeidsutval, som kan gjera dei gjeremåli som låg til forretningsførarenposten.

Hans Sørbo meinte dette kom til å føre til ei todeling innan styret og at dei som ikkje var med i arbeidsutvalet fekk mindre innsyn i drifti. Hans Sørbo meinte òg at stillingsinstruksane sa seg sjølv, og at ein difor ikkje trong gjera serskilte vedtak

Styreformannen svara at skilnaden i praksis ikkje vil verta onnorleis for dei utan serskilte verv, sidan dei heller ikkje etter den gamle styringsmodellen hadde noko serleg innsyn i den daglege drifti og korleis pengane vart plasserte.

Styreformannen framheva at ved serskilte vedtak kom andsvardsdelingi klårare fram, òg for dei som ikkje var med i styret.

Styreformannen synte til at det tidlegare ikkje var klårlagt kva mynde forretningsføraren hadde, og at det i dag ville ha vore lettare å plassera andsvaret for dei uheldige situasjonane fondet er inne i um det hadde vore klåre vedtak um andsvardsdelingi millom formann og forretningsførar. Det var i alle høve trong for klåre vedtak no når ein skulle dela oppgåvone til forretningsføraren millom formannen og skrivaren.

Vedtak mot tvo røyster (Leidulv Hundvin og Hans Sørbo)

A) Styret som heilskap vert tildelt signatura. Styreformannen vert tildelt prokura.

B) Styreformannen skal:

- 1. Målbera fondet utetter i samsvar med lovi, fyresegnene og andre styrevedtak.**
- 2. Planleggja, leida og samordna det daglege arbeidet i fondet og vera yverordna for skrivaren og eventuelle tilsette og engasjerte.**
- 3. Syta for forsvarleg forvaltning av fondsmidlane og halda seg og fondsstyret orientert um plasseringi og utbyttet.**
- 4. Leida fondsstyremøti, um ikkje styret i einskilde høve vedtek noko anna.**
- 5. Syta for at sakene som skal opp på styremøtet er godt fyrehavde.**
- 6. Svare alle pliktige utlogor i rett tid, og senda alle pliktige innmeldingar og innrapporteringar.**
- 7. Etna ut den summen som fondsstyret hev løyvt - når søkjaren hev meldt fullnøgjande frå um at prosjektet er gjennomført.**
- 8. Kalla inn til styremøte minst ein gong i året, og elles når stoda gjer det turvande.**
- 9. Syta for rekneskapsføring, og utarbeiding av framlegg til disponering av resultatet.**

C) Styreformannen hev fullmakt til å taka avgjerder i mindre administrative saker, som høyrer til den daglege drifti av fondet.

D) Varaformannen skal:

1. Halda seg orientert um stoda slik at han kann taka yver arbeidsoppgåvor som styreformannen er tildelt, ved fråfall.
2. Hjelpa styreformannen og skrivaren i deira gjeremål når stoda gjer det turvande.

E) Skrivaren skal syta for at:

1. Innkomne brev vert registrerte og arkiverte.
2. Brev og andre fyrespurnader vert svara på etter samråd med styreformannen.
3. Det vert sendt ut stadfesting på at søknader er mottekne.
4. Søkjarar, som fær midlar frå fondet fær melding um utetlingi og vilkåri for utetlingi.
5. Styreformannen og varaformannen vert haldne orienterte um innkomne skriv og brev, og elles informasjon som er viktug for styrearbeidet.

F) Rekneskapsføraren skal:

1. Syta for at det vert ført jamleg rekneskap og at styreformannen vert halden orientert um fyrebilsresultati.
2. Syta for at det vert utarbeidd fyrebils rekneskapsyversyn for kvart fjerdungåret.
3. Gjera andre oppgåvor som måtta vera turvande.

G) Er det ikkje tilsett/engasjert ein eigen rekneskapsførar, og styret ikkje hev lagt desse oppgåvone til andre - hev styreformannen skyldnad til å gjera oppgåvone som i denne fyresegni er lagde til rekneskapsføraren.

Hans Sørbø reiste spørsmål ved når desse fyresegnene skulde taka til å gjelda. Hans Sørbø meinte at dei fyrst skulde gjelda frå 1. desember. Styreformannen meinte at dei skulde gjelda frå 6. mai, sidan forretningsførarposten no er avskipa.

Vedtak mot to røyster (Hans Sørbø og Leidulv Hundvin):

rent
Fyresegnene ~~gjerd~~ gjeldande frå dags dato.

Sak 10. Råderett yver eiga (kontoane).

Utdrag frå den utsende saksframstillingi til styreformannen:

Eg gjer framlegg um at minst to personar i lag må råda yver kontoane til fondet. Det er naturleg at styreformannen og ein til råder yver kontoane.

Framlegg til vedtak:

Styreformannen og anten varaformannen eller skrivaren rår i lag yver kontoane.

Formannen greidde ut um saki. Ingen hadde merknader til utgreidingi.

Samrøystes vedtak:

Styreformannen og anten varaformannen eller skrivaren rår i lag yver kontoane.

Sak 11. Plasseringspolitikken.

Utdrag frå den utsende saksframstillingi til styreformannen:

Fondsstyret hev ikkje dryfta vågnadsprofilen på plasseringi av fondsmidelen, og heller ikkje kav fyr bank/finansinstitusjon fondet skal nytta. Det er ei naturleg oppgåva som styret lyt dryfta og teke avgjera.

Framlegg til vedtak:

- 1. Dei som råder yver kontoane til fondet kann ikkje utan samtykkje frå fondsstyret endra vågnadsprofilen, plasseringstypor, og bank.*
- 2. Styret skal på neste møtet dryfta plasseringsprofil og bank/finansinstitusjon.*

Styreformannen greidde ut um saki. Ingen hadde merknader til utgreidingi.

Samrøystes vedtak:

- 1. Dei som råder yver kontoane til fondet kann ikkje utan samtykkje frå fondsstyret endra vågnadsprofilen, plasseringstypar og bank.**
- 2. Styret skal på neste møtet dryfta plasseringsprofil og bank/finansinstitusjon.**

Sak 12. Neste styremøte/heidersprisane.

Utdrag frå den utsende saksframstillingi til styreformannen:

Eg hev ikkje ein konkret dato. Um det ikkje kjem ein konkret dato på styremøtet gjer eg framlegg at styreformannen og skrivaren i lag fær fullmakt til å fastsetja datoen.

Framlegg til vedtak:

Styreformannen og skrivaren fær fullmakt til å fastsetja dato for neste styremøte, som og skal vera datoen fyr utetlingi av heidersprisane.

Formannen greidde ut um saki. Ingen hadde merknader til utgreidingi.

Samrøystes vedtak:

Styreformannen og skrivaren fær fullmakt til å fastsetja dato for neste styremøte, som og skal vera datoen for utetlingi av heidersprisane.

Sak 13. Kontorhald.

Utdrag frå den utsende saksframstillingi til styreformannen:

Styreformannen og skrivaren fær i oppgåva å ordna med kontorhald um det skulle vera naudsynt. Det vert òg naudsynt å ordna med postboks.

Framlegg til vedtak:

- 1. Styreformannen og skrivaren fær fullmakt til å ordna med kontorhald um det skulle vera naudsynt.*
- 2. Skrivaren fær òg i oppgåva å ordna med eigen postboks til fondet.*

Lars Bjarne Marøy og forretningsføraren fortalde um korleis kontorstoda kunne ordnast gjennom ei eventuell avtala med Norsk Bokreidingslag. Styreformannen synte til at forretningsføraren var styrelem i Norsk Bokreidingslag, og at han meinte at skrivaren burde få fullmakt til å ordna med kontorstoda.

Lars Bjarne Marøy sa seg viljug til å samtala med Jon Askeland, for å få til eit samarbeide um leige av kontor saman med Norsk Bokreidingslag og Vestmannalaget.

Samrøystes vedtak:

1. Styreformannen og skrivaren fær fullmakt til å ordna med kontorhald um det skulde vera naudsynt.
2. Skrivaren fær òg i oppgåva å ordna med eigen postboks til fondet.

Sak 14. Tilskotet til oppnemnarlagi.

Utdrag frå den utsende saksframstillingi til styreformannen:

Hans Sørbø ynskte at fondsstyret på ny skulle sjå på tilskotet til lagi på grunnar um framfremmet. Eg hev ikkje noko konkret framlegg, so me fær dryfta detta spursmålet og eventuelt utsetja avgjerda til hausten.

Hans Sørbø ynskte at fondsstyret på ny skulde sjå på tilskotet til lagi, grunna reisekostnadene i samband med umframfremmet. Han tykte ikkje det var rett at oppnemnarlagi skulde svara for reisekostnadene.

Vedtak:

Saki vert utsett til neste møte.

Sak 15. Godkjenningsordningi for rekneskapane.

Utdrag frå den utsende saksframstillingi til styreformannen:

Det er naturleg at ein, grunna innspel frå Noregs Mållag og Ivar Aasen-sambandet, vurderar ordningi med at rekneskapen skal godkjennast av styri i oppnemnarlagi.

Framlegg til vedtak:

1. Styreformannen fær i oppgåva å sjå på ordningi med rekneskapsgodkjenningi, og eventuelt koma med eit framlegg til brigde i fyresegnene. Dette med tanke på at ei høveleg godkjenningsordning, der oppnemnarlagi lyt melde i frå innan ei serskilt tid – um dei hev merknader, og i motsett fall vert rekneskapen rekna som godkjend.
2. Styreformannen skal leggja saki fram på møtet til hausten.

Det kom ingen merknader til saksframstillingi frå styreformannen.

Samrøystes vedtak:

1. Styreformannen fær i oppgåva å sjå på ordningi med rekneskapsgodkjenningi, og eventuelt koma med eit framlegg til brigde i fyresegnene. Dette er med tanke på ei høveleg godkjenningsordning, der oppnemnarlagi lyt melde i frå innan ei serskilt tid - um dei hev merknader, og i motsett fall vert rekneskapen rekna som godkjend.
2. Styreformannen skal leggja saki fram på neste møte.

Sak 16. Ymist.

Utdrag frå den utsende saksframstillingi til styreformannen:

Det er ikkje p.t. meldt nokon ymistsak.

Det vart heller ikkje teke opp noko under denne posten på sjølve møtet.
Ingen vedtak.

Møtet vart avslutta kl 15.00.

Uppritet er lese og godkjent.

Dag Hagen Berg

Mona Stormark

Lars Bjarne Marøy

Hans Sørbø

Leidulv Hundvin

Opedalfondet. Styremøte 6.mai 2000. Tilførsle til møteboki frå Hans Sørbo.

Styresmannen Hans Sørbo førde til møteboki under post 1 på saklista "Godkjenning av innkalling og fastsetjing av saklista":

A) Dag H. Bergs postar i framlegg um tilriving av styringsmakt og fjerning av forretningsføraren for fondet Leiv Flesland.

Fyrst får ein notera seg at Dag H. Berg saman med Lars Bjarne Marøy og Mona Stormark, i framlegget frå den fyrstnemnde, legg upp til ei umvelting i styringi av Opedalfondet. Dei tri vil ha større makt i styringi enn dei andre i styret, Leidulv Hundvin og Hans Sørbo.

I mønsteret for freistnaden på å leggja under seg makti utanfor styremøte, vil dei få burt forretningsføraren.

Ein ser vel samanhengen mellom det som den nye formannen i styret bar fram i samtalen då han ringde allereide måndagen etter det fyrste styremøtet han var på laurdag 8. april og dei samtalar han førde med andre før styremøtet, og attåt det gravearbeidet han har gjort. Når ein held dette saman med hans framlegg til vedtak i styret i dag 6. mai, vert diverre slutningi at hovudfyremålet ikkje er å retta på ein eller annan formell feil i fondsstyringi, men å få avsett Leiv Flesland frå posten han har som forretningsfører i fondet, for so å prøva få lagt til seg sjølv og sine støttespelarar so mykje som råd av styringsmakt over fondet, og som han ikkje har som medlem og formann i fondsstyret. Det vert ikkje betre av at Lars Bjarne Marøy skal ha initiert ein stor part av aksjonen.

Forretningsføraren.

Eit fondsstyre kan tilsetja ein forretningsfører, og det er ikkje noko i vegen for at han sjølv fører rekneskapan for fondet. Leiv Flesland vart i fondsstyret 12. mars 1996 etter framlegg frå Hans Sørbo sett til forretningsfører. Det er teke inn i møteboki m.a.: "Det var semje um dette i styret. Leiv Flesland var viljug til skiftet." — Det er soleis ikkje hald i påstanden frå Dag H. Berg at tilsetjingi av forretningsfører er ei einssidig fråsegn frå fondsstyret og ikkje ei tilsetjingavtale. Den lange harangen elles frå Berg um dette styrevedtaket treng eg difor ikkje å gå nn på.

Leiv Flesland er ein god mann for fondet. Han legg vinn på å få ei so høg avkasting av fondsmidelen som råd er med det bandet som ligg på dette fondet um ei risikofri plasering. Det brigdar ikkje det gode arbeidet Leiv Flesland har gjort og gjer um det finst ein eller annan formell feil, eller mindre reell feil, som lett kan rettast og som ikkje rokkar ved tiltrui til han og evna hans til å gjera fullgodt arbeid for fondet.

Eit mogleg vedtak med røystene til Dag H. Berg, Lars Bjarne Marøy og Mona Stormark um å seia upp Leiv Flesland frå stillingi som forretningsfører, ville vera usakleg. I røyndi vart det eit vedtak um avskil. Same kva form eit vedtak i den leid måtte få, er det ulovleg, krenkjande for Leiv Flesland og til skade for Opedalfondet.

Dag H. Berg legg jamvel opp til at styret skal kritisera Leiv Flesland for at han ikkje serskilt har orientert i styremøte um purring frå fylkesmannen på rekneskap han hadde levert. Forretningsføraren kjende visseleg sitt styre, og visste at styresmennene var vel nøgde med at han sjølv tok det opp med fylkesmannen. Det er iallfall eit tilhøve som ligg utanfor det Berg og dei andre nye styresmennene kan klaga over.

B) Dag H. Bergs framlegg er dels jamgodt med einestyre for fondet, dels å styra fondet saman med to andre av dei fem styresmennene.

Det kan ikkje godtakast at ein av styret skal ha den fullmakti Berg bed um å få til å råda over fondsmidelen. Like lite kan det godtakast at han skal binda opp to til av styret i den påtenkte styringsskipnaden. Um dei to styresmennene utanfor den påemna troikaen skulle finna grunn til å taka opp eit tilhøve som den eine eller alle tri har vore involvera i, ville saksføreavingi i fondsstyret verta vanskeleg.

Det vert ikkje forsvarleg styring etter det framlegget Berg gjer. Fondet er best tent med å ha ein forretningsfører som tek seg av fondet etter den stillingsfullmakt ein forretningsfører har i kraft av å vera forretningsfører, og elles etter dei vedtak styret gjer.

Eg minner elles um at det klårt går fram av det Opedal har fastsett at styringsstaden for fondet skal vera Bergen. Det òg stengjer for at noko av styringi kan gjerast frå Oslo.

C) Rekneskapen for 1999, utfyllande oppgåver

Rekneskapen for 1999 er fastsett av det styret som hadde til oppgåve å fastsetja han. I det styret var ikkje Berg med. Han har soleis ikkje noko ansvar for den rekneskapen, og han kan heller ikkje ha nokon innverknad på styrefastsetjingi av rekneskapen.

Eg minner um at forretningsføraren sa ifrå på styremøtet 8. april at han gjerne sender fleire oppgåver til rekneskapen, han hadde nokre slike i handi, det er berre å kopiera dei og senda dei ut.

Ivar Aasen-sambandet kan vera misnøgd med rekneskapsuppsettet, men vantar ikkje opplysningar når dei får tillegget. Det verkar som den reine vinkelskriving å masa um brigda uppsett.

Det er grunn til å minna um at dei lagi som set inn styresmenn i fondsstyret ikkje er eit organ i fondet (stiftingi) som har med godkjenning av rekneskapen å gjera. Det gjorde eg greie for på styremøtet 8. april. Mistydingi til Aasen-sambandet kan ein skjøna ut frå Opedals regelverk, der det heiter at organisasjonane skal godkjenna rekneskapen. Men ein får ha i minne at Opedal skreiv den regelen i 1971, medan me fekk lovi um stiftingar i 1980. Lovi gjev høve til å ha organ utanfor styret, til dømes eit som har til oppgåve å fastsetja rekneskapen etter framlegg frå styret. Slik er det likevel ikkje skipa i Opedalfondet. Derimot er det sedvane for at styresmennene orienterer det lag dei er oppnemnde av.

D) Rekneskapen for 1999, auken av grunnstolen.

Det heiter i uppsettet frå Dag H. Berg:

"Ivar Aasen-sambandet er òg skeptisk til å setja av nesten 5 gonger so mykje som vedtektone fyreskriv, til grunnstolen. Ein bør halda seg til det fyreskrivne 10 %, når inflasjonen berre er på um lag 2,5 %."

Styresmannen frå Ivar Aasen-sambandet [då Frøydis Lehmann] har som rimeleg var, tilliks med dei hine i styret, røysta for den avsetjingi som vart gjord til grunnstolen på 1999-rekneskapen.

Dag H. Berg {no Aasensambandet} var utan å vera styresmann då [i det møtet], til stades på styremøtet som fastsette rekneskapen. Han fekk utlevert eit oversyn som viser dei sentrale tali for dei siste to styringsbolkane [8 år]. Eg forstår at han ikkje hugsar eller skjønar grunnen til den serlege overføringi til grunnstolen.

Eg skal gjera nærare greie for grunnlaget.

I byrjingi og på slutten av dei to fireårs styringsbolkane 1992 til 1999 (båe år medrekna) ser grunnstolen slik ut:


1. januar 1992	kr 1 970 000
31. desember 1999	" 2 230 000
auken dei 8 åri	<u>kr 260 000</u>

Hadde kroneverdet til grunnstolen vorte halde på nivået 1. januar 1992, ville grunnstolen på rekneskapen for 1999 ha vore kr 2 321 000. Grunnstolen ligg soleis i verde nesten kr 100 000 under verdet han hadde i byrjingi av perioden som tok til 1. januar 1992.

Det har sjølv sagt vore Opedal si meining at styret skal halda uppe verdet av grunnstolen. Då må styret ikkje berre ha rett til men òg skyldnad til å syta for at grunnstolen får den tilførsle som trengst for å halda uppe verdet. Rettast skulle styret gjera det før det let midel gå til det sokalla utetlingsfondet. Men det må vera høve til å retta upp verdet i etterhand òg. Grunnstolen har per 31.12.1999 som nemnt framleis ei underdekning i so måte på nesten kr 100 000.

Aasen-sambandet skulle, som dei hine lagi, ha skjønsemd for at ein solid grunnstol er det berande i fondet, og ikkje praktisera eit slag fundamentalisme i bruken av regelverket. Det er verd å merkja seg at Aasen-sambandet utan motsegn tek imot kr 5 000 for året frå fondet, medan føresegni fastset kr 1 000. — Nokon konsekvens må det vera jamvel når ein leitar etter emne å anka over.

Styresmann Leidulv Hundvin gav si tilslutning til denne tilførsel til møteboki.



Kluge Advokatfirma ans
Postboks 277

Telefon: 51 57 14 77
Telefax: 51 57 65 65

4066 STAVANGER

Opedals, Haldor O. Fond

Postboks 919 Sentrum
5805 BERGEN

FAKTURA

Nummer: 41060
Klient: 302167
Dato: 14/11-00
Ref: 302167-001/302
Forfall: 28/11-00

Salær	13.500,00
Total:	13.500,00

Kvittering

Innbetalt til konto
5413.05.16168

Beløp
13.500,00

Betalerens kontonummer

Blankettnummer

6365702007

Betalingsinformasjon
Faktura: 41060
Klientnummer: 302167
Dato: 14/11-00
Forfall: 28/11-00

GIRO

Betallingsfrist [28/11-00]

Underskrift ved girering

Betalt av
Opedals, Haldor O. Fond
Postboks 919 Sentrum
5805 BERGEN

Betalt til
Kluge Advokatfirma ans
Postboks 277
4066 STAVANGER

Belast
konto

Kvittering
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

H

13500

00 < 4 >

5413.05.16168

<6365702007>



Den norske Bank

Verdipapir-
virksomheten

VPS-konto
Faste kundedata

Kundens del

VPS-kontonummer	Fødsels-/foretaksnummer
05201.0193515	938467391

Etablering Endring Stetting

Navn/adresseopplysninger (Max 34 pos. pr. linje) 2.4.1

Fornavn: Halvor O.
 Etternavn: Oppdedals Fond
 Adresse: v/Leiv Flesland, Postboks 20

Kto.type (3 pos.)	Postnr. (4 pos.)	Poststed (28 pos.)	Land
	5068	Flesland	

Ligningsopplysninger

Landdr.kode	Norsk statsb. / Norskeiet foretak	Språk (1 pos.)	Skattekommune nr	Skattekommune/Land (28 pos.)
	J=Ja N=Nei			

Skattepliktig i Norge? Ja Nei
 (ikke skatteplikt)
 Hvis nei, oppgi utenlandsk ligningsadresse.

Utenlandsk ligningsadresse 2.4.3

Avslutning av ligningsadr.

Kontoopplysninger

konto for kjøp og salg	Utbyttekonto	Utrekningskonto
5216.09.52008	5216.09.152008 1032	5216.09.52008
Rentekonto	Gebyrkonto	Reklameforvalter (Reg.nr. 4 pos.)
5216.09.52008	5216.09.152008	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei

Tekst (Max 4 X 34 pos.)

Av hensyn til vår kontroll ved disponering av kontoen ber vi Dem vennligst undertegne og returnere "kontoførers del" til oss i vedlagte svarkonvolutt. Ett eks. av gjeldende prisliste for våre VPS tjenester vedlegges.

Telex (Max 15 pos.)	Telefon (Max 15 pos.)	Swift (Max 15 pos.)	Forvaltningsdepot	Sendes VPS?
			<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei

Avtale om VPS-konto

Undertegnede er innforstått med at oppdrag om tegning, kjøp og salg av verdipapirer mottatt av Den norske Bank AS, blir gitt til DnB Fonds AS.

Jeg/Vi samtykker i at slike oppdrag blir utført og registrert på ovenstående VPS-konto av DnB Fonds AS. DnB Fonds AS har adgang til innsyn i beholdning på VPS-kontoen dersom ikke avtale med Den norske Bank AS er inngått som hindrer slikt innsyn. Samtidig gir jeg/vi DnB Fonds AS fullmakt til å belaste/godskrive oppgitt konto for kjøp og salg for beløp knyttet til oppdrag gjennom Den norske Bank AS.

Jeg/vi gir Den norske Bank AS fullmakt til å belaste oppgitt gebyrkonto for gjeldende gebyrer knyttet til bruk av min/vår VPS-konto.

Kontoeiers underskrift

- eller skriftlig instruksjon

Dato: 28. Mars 1992

for Halvor O. Epedal's fond for norsk mål-veising og mål opplysning.

Leiv Flesland

Forevist legitimasjon

Bankkort Annet

Førerkort

Pass

Kjent

Nr _____ Utstedt av _____ Sign. _____

Dato utfyllt	Utfyllt av	Dato kontrollert	Kontrollert av
26/3-92			

Bankens stempel og underskrift

TM

Bl.nr. 2730029 - 02.90 © DnB



Den norske Bank

HALLDOR O OPEDAL'S FOND FOR
NORSK MALREISING OG MALDYR KING
V/LEIV FLESLAND - POSTBOKS 20

5068 FLESLAND

VAR REF.
A.Andreassen

DERES REF.
LEIV FLESLAND

DATO
24.03.92

VEDR. SÆRVILKAR-/ HØYRENTEKONTO.

Vi bekrefter herved at vi har opprettet en Særvilkår-/ Høyrentekonto for Dem med kontonummer 5216.09.52008. på Deres kundenummer 00 09 92 004 48.

Kapitalen forrentes p.t. med 10,25000 % p.a.

Vi gjør oppmerksom på at hvis kapitalen på denne Særvilkårskontoen går under kr. 100.000,00, blir kontoen automatisk gjort om til konto med høyrentebetingelser, uten nærmere orientering. Jfr. prislister for personkunder.

Disponering av kontoen kan kun skje ved vanlig uttaksblankett eller ved intern overførsel til annen konto i banken.

avista

Med vennlig hilsen
for Den norske Bank AS

Arne Andreassen

Leiv S.

Til Bergen namsrett

MOTTATT
Bergen byfogdembete
26 JUL 2000

Flesland 26. juli 2000.

Sak 00-925.

Brevet frå namsretten 14. juli 2000.

Eg skal få koma med desse merknadene til dei dokument retten har sendt meg.

Innleiing.

Tre i fondsstyret, nye frå i vår, Dag Hagen Berg, Lars Bjarne Marøy og Mona Stormark, har i namnet til fondet reist søksmål mot meg, forretningsføraren til fondet. Dei to andre i styret, Leidulv Hundvin og Hans Sørbo, vart ikkje orienterte om det.

Det går fram av papira at eg er oppsagd frå ein avtale eg ikkje har med fondet, nemleg ein oppdragsavtale. Det vart dokumentert for dei nye medlemmer i styret at styret i 1996 tilsette meg i stilling som forretningsfører, ikkje til eit oppdrag.

Søksmålet for namsretten er såleis reist utan fullmakt frå styret, og søksmålet byggjer elles på reil faktum.

Del 1. Forretningsføraren

1. Søksmålet ved namsretten.

Dei tre styremedlemmer i fondet som har saksøkt meg for namsretten, har gjort det i namnet til fondet utan styrevedtak, og utan kørkje før eller etter å ha teke saka opp med dei to andre i styret.

Søksmålet byggjer på at oppseiinga av meg allereide har sett meg ut av arbeidet. Oppseiinga forretningsføraren har fått er med verknad frå 1. desember 2000.

Oppseiinga presiserar at eg er oppsagd frå ei "oppdragsavtale". Eg har ikkje eit oppdrag, eg er tilsett i stilling. Eg er såleis oppsagd frå noko eg ikkje har.

2. Tilsetjinga av forretningsfører.

Eg vart 12. mars 1996 av eit samrøystes styre tilsett som forretningsfører etter framlegg frå Hans Sørbo, som då var vald til formann og som i dette tilfelle (tilliks med ei tilsetjing av ein forretningsfører for Bøndernes Hus i Oslo) såg det som ein føremun å ha ein person og ikkje eit selskap som forretningsfører.

Styrevedtaket lyder: "Leiv Flesland vart tilsett som forretningsfører for fondet [...]"

3. Oppseiinga av forretningsføraren.

Den nye styreformannen, Dag Hagen Berg freista å finna eit grunnlag til å få avsett meg. Han hadde saman med to andre, baa nye styremedlemmer, byrja det innleidande arbeidet allereide før dei den 08.04.00 tok sæte i styret. Dag Hagen Berg hadde etter si fyrste deltaking i styremøte laurdag 8. april, alt måndagen etter (då han ringde til Sørbo) eit opplegg til å få burt forretningsføraren. Det vart nok likevel klårt for dei at avsetjingsaksjonen ikkje ville føra fram. Då bytte dei ut aksjonsgrunnlaget med argumentet å spara pengar, la den nye grunnen fram i styret, og sa meg opp med sine 3 røyster (mot 2).

Eg er oppsagd frå og med 1. desember 2000. Styret har ikkje vedteke å setja meg ut av arbeidet frå ein tidlegare dato.

Del 2. Årsoppgjeret for 1999.

1. Tordenskiolds soldatar og ankemål mot årsoppgjeret 1999.

Då styret samrøystes fastsette rekneskapen for 1999 etter mitt framlegg og med revisjonsmelding, var det klår over at årsoppgjeret ikkje heilt ut samsvara med dei nye føresegner for rekneskapar. Både eg og styreformannen, Sørbø, gjorde merksam på det. Styret fekk òg vita at det ikkje ville vera uvanleg å venta til neste år med å innretta seg etter endringane. Vårt årsoppgjer vart godkjent av fylkesmannen i Hordaland, som i brev 3.5.2000 til fondet melder at "Vi har ingen merknader til rekneskapen".

Dei formelle ankemål utanifrå som er reiste mot årsoppgjeret, er initierte av dei tre styremedlemer, Berg, Marøy og Stormark. Berg var ikkje styremedlem under førehavinga av rekneskapen, men Marøy og Stormark var med på det samrøystes styrevedtaket som fastsette rekneskapen. Berg og Marøy er formenn i dei klagande laga Aasensambandet og Vestlandske Mållag, Marøy òg for klagaren Vestmannalaget. Brev fra Aasensambandet er underskrivne av nestformannen Håvard Tangen.

2. Serleg om Noregs Mållag.

Noregs Mållag har i brev 30. juni 2000 drege fram at " Vi syner òg til at den førre målsmannen frå Noregs Mållag tidlegare har komi med kritikk mot måten fondet har vorti styrt på, sjå vedlegg". –Vedlegga er eit brev frå tidlegare styremedlem i fondet, Einar Schibeavaag, svar på det frå dåverande styreformann i fondet Hans Sørbø, og eit til frå Schibeavaag. Desse vedlegga til brevet frå Noregs Mållag har Hagen Berg ikkje lagt fram. Då kan mistenkeleggjeringa få verka fritt.

Til det heile er å seia at konsipistane av brevet frå Noregs Mållag ikkje kan kjenna saka godt nok. Styreleidaren i Noregs Mållag ringde nemleg formannen i fondsstyret, Hans Sørbø den 4.12.1998 og melde ifrå at Mållaget ikkje hadde noko å merka til brevet frå Sørbø, og at Noregs Mållag difor helst ville få leggja burt saka utan meir førehaving. Det hadde Sørbø ikkje noko imot. Dette refererte Sørbø i fyrste styremøte etterpå.

Her er elles å nemna at Sørbø i brevet 16.11.1998 til Schibeavaag meinte at Schibeavaag sjølv fekk taka opp som styresak dei tilhøve han var misnøgd med. Det gjorde han ikkje, og let så vera å møta i styret.

3. Godkjenning av årsoppgjer frå lag som nemner opp fondsstyret.

I styremøtet 6. mai 2000, då òg dei nye var med, kom regelen for rekneskapsgodkjenning frå laga opp uformelt. Sørbø orienterte då om at regelen om dette i gåvebrevet frå Opedal, er eldre enn stiftingslova. Då lova kom, "køyrde ho over" regelen om at rekneskapen skal godkjennast av laga som nemner opp styremedlemer til fondet. Fondet har ikkje vedtektsfest ein prosedyre for slik godkjenning frå laga.

Det har vore fast sedvane at kvar styremedlem skal orientera sitt eige lag om rekneskapen. Dei lag som lastar leidinga i fondet får venda klagen til dei som dei sjølve har nemnt opp til fondsstyret.

Eg legg ved tilførsle til møteboka for 6.5.00 frå styremedlem og førre formann Hans Sørbø.

Vyrdsamt



LEIV FLESLAND
Fleslandsvegen 132
5258 BLOMSTERDALEN
Tlf/fax 55 22 63 27

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 8. august 2000.

Til

Styremedlemene

Noregs Mållag, Ivar Aasen-sambandet, Vestlandske Mållag og

Vestmannalaget

Ettersynsmann og utetlingane for år 2000

Ny ettersynsmann rekneskapen for år 2000

Den ettersynsmannen som fondet hev havt, sluttar no som statsautorisera ettersynsmann. Klement Røyrane hev vore ettersynsmann i alle år sidan skipingi av fondet. Etter § 11 i stiftingslovi skal dei som nemner upp styret i fondet, òg velja ettersynsmann. Eg bed difor styri i dei lagi som nemner upp styremedlemene i fondet, um å peika ut ein statsautorisera ettersynsmann.

Ny vurdering av utetlingane for år 2000

Fleire av lagi hev spurt styreformannen um utetlingane for i år. I samsvar med fyresegnene til fondet vedtok styret tidlegare i år å etla ut heidersprisar. Det vart ikkje etla ut andre løyvingar. Det var semja i styret i fondet um at det skulde vera løynt kven som fekk heidersprisane og summen på dessa heidersprisane fram til styreformannen og skrivaren hadde greidt med det praktiske i samband med prisane og fram til deim som skal mottaka prisane, var informera um utetlingi. Styreformannen og skrivaren fekk i oppgåva å informera mottakarane når tidi var inne.

Som lagi er informera um, hev det vore tvistar millom fondsstyret og forretningsføraren til fondet. Forretningsføraren er sagt upp. Det er no styreformannen og skrivaren som hev fullmakt til å målbera fondet utetter. Tvistane er enno ikkje løyste, og styreformannen meiner difor det er rettast at ein i alle høve utdrygjer utetlingi. Utetlingi vart òg vedteke fyrr styret fekk melding um at ein av dei store skuldmennene våre (debitorane) ikkje ser seg i stand til å innfri kravet som fondet hev mot honom. Summen som det er tala um, er på um lag kr. 200 000. Styreformannen meiner difor at styret i fondet lyt vurdere utetlingane av heidersprisane på ny på styremøtet no i haust. Då hev me vonleg løyst tvistane, og me veit meir um kor store sjansane for å få inn kravet er. Lagi lyt i alle høve ikkje rekna med at det vert andre løyvingar i år 2000 enn dei eventuelle heidersprisane.

Fondet hev, som De kann sjå på brevhovudet, fenge ny tilskrift.

Spursmål kann De retta til styreformannen eller skrivaren (Lars Bjarne Marøy).

Vyrdsam helsing



Dag Hagen Berg
- Styreformann -

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking
Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Oslo, 8. august 2000.

Til
Styremedlemene
Noregs Mållag, Ivar Aasen-sambandet, Vestlandske Mållag og
Vestmannalaget

Ettersynsmann og utetlingane for år 2000

Ny ettersynsmann rekneskapan for år 2000

Den ettersynsmannen som fondet hev havt, sluttar no som statsautorisera ettersynsmann. Klement Røyrane hev vore ettersynsmann i alle år sidan skipingi av fondet. Etter § 11 i stiftingslovi skal dei som nemner upp styret i fondet, òg velja ettersynsmann. Eg bed difor styri i dei lagi som nemner upp styremedlemene i fondet, um å peika ut ein statsautorisera ettersynsmann.


Ny vurdering av utetlingane for år 2000

Fleire av lagi hev spurt styreformannen um utetlingane for i år. I samsvar med fyresegnene til fondet vedtok styret tidlegare i år å etla ut heidersprisar. Det vart ikkje etla ut andre løyvingar. Det var semja i styret i fondet um at det skulde vera løynt kven som fekk heidersprisane og summen på dessa heidersprisane fram til styreformannen og skrivaren hadde greidt med det praktiske i samband med prisane og fram til deim som skal mottaka prisane, var informera um utetlingi. Styreformannen og skrivaren fekk i oppgåva å informera mottakarane når tidi var inne.

Som lagi er informera um, hev det vore tvistar millom fondsstyret og forretningsføraren til fondet. Forretningsføraren er sagt upp. Det er no styreformannen og skrivaren som hev fullmakt til å målbera fondet utetter. Tvistane er enno ikkje løyste, og styreformannen meiner difor det er rettast at ein i alle høve utdrygjer utetlingi. Utetlingi vart òg vedteke fyrr styret fekk melding um at ein av dei store skuldmennene våre (debitorane) ikkje ser seg i stand til å innfri kravet som fondet hev mot honom. Summen som det er tala um, er på um lag kr. 200 000. Styreformannen meiner difor at styret i fondet lyt vurderer utetlingane av heidersprisane på ny på styremøtet no i haust. Då hev me vonleg løyst tvistane, og me veit meir um kor store sjansane for å få inn kravet er. Lagi lyt i alle høve ikkje rekna med at det vert andre løyvingar i år 2000 enn dei eventuelle heidersprisane.

Fondet hev, som De kann sjå på brevhovudet, fenge ny tilskrift.
Spursmål kann De retta til styreformannen eller skrivaren (Lars Bjarne Marøy).

Vyrdsam helsing


Dag Hagen Berg
- Styreformann -

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org.nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 7. januar 2002.

Til:

Noregs Mållag, P.b. 474 – Sentrum, 0105 OSLO

Norsk Måldyrkingslag v/ Arne Gjeraker, Gravensteins gt. 19, 6856 SOGNDAL

Ivar Aasen-sambandet, Grensa 8, 0159 OSLO

Vestlandske Mållag, v/Lars Bjarne Marøy, Glomlivegen 17, 2213 KONGSVINGER

ÅRSMELDINGI FOR 2000/2001 OG REKNESKAPEN FOR 2000

Eg sender ut årsmeldingi for arbeidsbolken 2000/2001 og rekneskapen for 2000. Etter fyresegni åt fondet skal vallagi godkjenna rekneskapen åt fondet.


Eg bed om attendemelding innan 1. mars 2002 um vallagi hev merknader til årsmeldingi og rekneskapen.

Eg vil òg gjera merksam på at fondsstyret den 4. august 2001 gjorde vedtak um å søkja um umskiping av sume av punkt i fyresegni åt fondet. Eg vil seinare i månaden senda vallagi eit høyringsbrev. Eg reknar med at høyringsfresten for dessa brigdi vert 1. mars 2002. Det er Fylkesmannen i Hordaland som skal gjera vedtak um umskiping, fondsstyret kann berre gjera framstøyt til dessa brigdi.

Vyrdsam helsing

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking



- styreformann -

Kopi: Ettersynsmannen: Asbjørn Litlere, Fjøsangervegen 57, 5054 BERGEN

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Årsmelding

for

arbeidsbolken

frå 8. april 2000 til 4. august 2001

Fyremålet til fondet

Halldor O. Opedals fond for målreising og måldyrking byggjer på gåvebrev frå Halldor O. Opedal. Gåvebrevet er datert Lofthus 23. desember 1971. Gåvebrevet slær fast fyresegnene for fondet i 6 paragrafar. Paragraf 1 i fyresegnene slær fast fylgjande:

Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedal's fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet til fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til ei kvar tid lèt seg gjera. Eg viser til målsynet åt professorane Gustav Indrebø og Nikolaus Gjelsvik, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, syner eg til mitt brev: "Mitt syn på norsk målreising – nokre tankar".

Saman med gåvebrevet fylgde det ein pengemedel på kr. 600 000. Seinare hev fondet auka sterkt på seg. Per 31. desember 2000 er grunnstolen på kr. 2.170 000. Styringi av fondet vart lagt til eit styre på 5 medlemmer. Styri i Vestmannalaget, Vestlandske Mållag, Ivar Aasen-sambandet, Norsk Måldyrkingslag og Noregs Mållag peikar ut ein styresmann kvar. Desse lagi vel òg kvar sin varamann. For tidsbolken 2000-2004 vart desse valde:

Uppnemnarlag	Styresmann	Varamann
Vestmannalaget	Leidulv Hundvin	Sissel-Anny Hjelmtveit
Vestlandske Mållag	Lars Bjarne Marøy	Halldor Slettebø
Ivar Aasen-sambandet	Dag Hagen Berg	Håvard Tangen
Norsk Måldyrkingslag	Hans Sørbø	Magnus Robberstad
Noregs Mållag	Mona Stormark	Torolv Hesthamar

Leiv Flesland var forretningsfører til 6. mai 2000, då forretningsførerposten vart avskipa. Vestmannalaget hev i 2001 vald Bjørn Tormod Ringdal som sin målsmann i staden for Leidulv Hundvin, sidan Hundvin er komen yver aldersgrensa i fyresegni åt fondet.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Innholdslista

1. Innleiding	2
2. Styremøtet 6. mai 2000	3
3. Avskipping av forretningsførerposten og oppsegjing av forretningsføraren og utlevering av arkivet	4
3.1. Søksmål og rettsak	5
3.2. Avisinnlegg	6
3.3. Brev til tidlegare forretningsfører hausten 2000	7
4. Lånet til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland	8
5. Brevbyte med Fylkesmannen	9
6. Rekneskapane	9
7. Ny vurdering av heidersprisane	10
8. Brev til Norsk Måldyrkingslag og Vestmannalaget um styresmenn	11
9. Økonomi	11
10. Avrunding	12

1. Innleiding

Det hev vore eit arbeidsår som er sterkt merkt av opprydjing. Det hev diverre dukka opp fleire tilhøve som ikkje er heldige for fondet. Styret i fondet er no kome langt med å få drifti, rekneskapsføring og kontakten millom fondsstyret og dei lagi som nemner opp fondsstyret, inn i ordna former.

Det vart 8. april 2000 halde kombinert styremøte der både det avgåande og det nye styret hadde kvar sine møte. Det gamle styret fastsette millombils årsmelding for 1999-2000 og rekneskap for 1999. Deretter yvertok det nye styret. Det nye styret konstituerte seg, og Dag Hagen Berg vart vald til formann og Mona Stormark til nestformann.

På styremøtet den 8. april 2000 vedtok det nye styret samrøystes å løyva ut tri heidersprisar til Vincent Eye Færavaag, Johannes Gjerdåker og Fridtjov Sørbø. Prisane vart sette til 25 000,- kr. Det vart avtala at namni på prisvinnarane skulde haldast løynde fram til utetlingi. Dei vedtektsfesta løyvingane til vallagi vart fastsett til kr. 7 500 kronor for 2001. Styret i fondet fekk ikkje gjort løyvingar til anna enn heidersprisar, av di forretningsføraren i fondet ikkje hadde kopierte og sendt ut søknadsbrevi. Forretningsføraren hadde heller ikkje med seg kopiar av søknadsbrevi på sjølve møtet.

Etter styremøtet vart det klårt at det kunde reisast kritikk ved forretningsføring. Det var ikkje sendt inn rekneskapar til Fylkesmannen i Hordaland på fleire år, trass i at Fylkesmannen hadde purra på forretningsføraren. Dessutan hadde fleire søkjarar som hadde søkt fondet um midlar, klaga yver at dei ikkje fekk attendemeldingar på um dei hadde fenge midlar. I tidi rett etter styremøtet 8. april vart det òg klårt at forretningsføraren ikkje var autorisert eller registrert rekneskapsfører. Kredittilsynet slo eintydig fast i brev til formannen at forretningsføraren ikkje hev høve til å taka på seg rekneskapsføringsarbeid for andre i næring.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Det kom dessutan for dagen at det lånet Halldor O. Opedals fond hadde gjeve til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland i 1994 ikkje var kravt inn, korkje av styret eller forretningsføraren. Lånet skulde innfriast alt i 1995. Det kom òg fram at forretningsføraren i Opedalsfondet òg var forretningsførar i Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland, og at han hadde vore det òg då fondet gav lånet i 1994.

Formannen hadde alt på styremøtet 8. april peika på at det var vallagi som hadde den endelege godkjenningi av rekneskapen for Halldor O. Opedals fond. Styret avgjorde difor at rekneskapane skulde ut til vallagi for godkjenning.

Det vart vidare klårt at fastsetjingi av rekneskapen bygde på sviktande grunnlag. 8. april 2000 gjorde det fyrre styret i fondet ei millombils fastsetjing av rekneskapen for 1999. Same dag vedtok det nye styret å gjera løyvingar til heidersprisar ut frå den økonomiske presentasjonen som rekneskapen då synte.

Alt etter nokre dagar kom det for dagen at dei økonomiske fyresetnadene som låg fyre i denne rekneskapen, ikkje var rette. I rekneskapen for 1999 var det ikkje teke høgd for at lånet til Stiftinga Regionssoga Nord- og Midhordland var misleghalde i fleire år. Fleire av vallagi, som etter vedtektené skulde godkjenna rekneskapen til fondet, melde ifrå um at dei ikkje kunde godtaka den rekneskapen som styret millombils fastsette den 8. april.

Formannen samrånnde seg millom anna munnleg med Noregs Mållag. Mållaget såg fyre seg at det vilde koma til ei oppgjerd som måtte føra med seg at Forretningsføraren vart uppsagd og at det vart ordna upp i dei formelle sidone ved fondsstyringi.

På bakgrunn av desse og andre tilhøve kalla formannen inn til styremøte i fondet 6. mai.

2. Styremøtet 6. mai

På styremøtet vart tilhøvi kring lånet til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland dryft. Formannen fekk pålegg um å røkja etter tilhøvi kring lånet og um å driva inn att lånet. Forretningsføraren kom med forklåring på kvifor han ikkje hadde levert inn rekneskapane til Fylkesmannen, men styret stude ikkje dessa synsmåtane.

Formannen hadde utarbeidt eit utkast til ny rekneskap, men informasjonen som kom fram på sjølve styremøtet brigda på mange av fyresetnadene til dette utkastet òg. Styret påla formannen å arbeida ut ny rekneskap for 1999. Formannen skulde vidare undersøkje um det var juridisk forsvarleg å fastsetja rekneskapen for 1999 på ny. Det vart vedteke å avskipa forretningsførarposten og å segja upp forretningsføraren.

Lars Bjarne Marøy vart vald til skrivar for fondet. Det vart elles vedteke instruks for formann, nestformann og skrivar. Formannen vart tildelt prokura og styrelemene hev i lag signatura. Ei sak um å vurdera plasseringspolitikken til fondet vart utsett. Det vart elles diskusjon kring godkjenningspraksisen for rekneskapane. Formannen skulde undersøkje um det var grunnlag til å brigda vedtektene her og gjeva attendemelding til styret um kva som her kann gjerast. Formannen fekk fullmakt til å ordna med kontorhald. Skrivaren fekk fullmakt til å skaffa fondet ein postboks.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Formannen og skrivaren fekk fullmakt til å arbeida med utetlingar av heidersprisar og med nytt styremøte til hausten. På grunn av den vidare saksgangen vart det diverre uråd å gjennomføra både styremøte og heidersprisutdelingi på høveleg vis, difor hev desse sakene vorte utsette på uviss tid. Meir um dette under punkt 7.

3. Uppsegjing av forretningsføraren og utleveringi av fondsarkivet

Skrivaren i fondet kontakta den tidlegare forretningsføraren 22. mai og 23. mai 2000 og avtala yverlevering av rekneskapsdokument og vedlegg heime hjå den tidlegare forretningsføraren 24. mai. Rett fyre møtet skulde bera til, melde den tidlegare forretningsføraren telefonisk at han hadde tala med sakfører og at sakføraren hadde rådt han til å krevja skriftleg opprit frå styremøtet og skriftleg oppsegjingsbrev. Skrivaren, nestformannen og formannen samrårde seg same kvelden i eit telefonmøte. Møtet vart avbrote av at formannen freista å nå fram til den tidlegare forretningsføraren telefonisk, utan å lukkast.

Då denne freistnaden ikkje lukkast og i og med at den tidlegare forretningsføraren hadde gjort utlevering av arkivsakene til eit rettsleg spursmål, kom arbeidsutvalet fram til at fondet no var nøydd til å skaffa seg juridisk rettleiding. Det enda med at arbeidsutvalet vart samd i å hyra inn adv. Per J. Jordal som juridisk sakkunnig. Formannen sette i samråd med Jordal opp oppsegjingsbrev til den tidlegare forretningsføraren. Dette brevet vart yverlevert til den tidlegare forretningsføraren 31. mai av nestformannen og skrivaren. Tidlegare forretningsfører leverte under dette møtet frå seg søknadsbrevi som hadde kome inn i perioden frå styremøtet i 1999 og fram til styremøtet i 2000. Den tidlegare forretningsføraren motsette seg vidare utlevering.

Formannen, nestformannen og skrivaren, "arbeidsutvalet", oppsummerte med at det ikkje var godtakande at forretningsføraren ikkje vilde levera ut eller gjeva fondet tilgjenge til rekneskapsdokument. Den tidlegare forretningsføraren fekk no frest på seg til å levera ut rekneskapsdokument. Siste frest vart sett til 27. juni 2000. Det vart synt til at både formannen og skrivaren hadde vore i kontakt med og hadde freista å koma i kontakt med tidlegare forretningsfører med krav um utlevering av rekneskapsdokument.

Tidlegare forretningsfører svara på dette brevet 25. juni med å segja at han var forretningsfører for fondet og at han i den eigenskap hadde eit sjølvstendig andsvar for administrasjonen av pengemiddel, verdepapir og bøker til bokføring, det same gjeld arkiv saker, heldt tidlegare forretningsfører fram. Formannen hadde peika på at den tidlegare forretningsføraren ikkje hadde nokon eigedomsrett til rekneskapsdokument og at det var grunn til å reisa tvil ved tidlegare hendingar i fondet når tidlegare forretningsfører ikkje vilde levera frå seg rekneskapsdokument.

Formannen peika på at forretningsførarposten vart avslutta 6. mai, og at forretningsføraren ikkje hadde noko å gjera med rekneskapen og pengemedelen sidan dessa oppgåvone var lagde til formannen og skrivaren.

Arbeidsutvalet såg seg leid på at tidlegare forretningsfører motsette seg å etterleva dei klåre vedtaki i fondsstyret som fastla andvarsdelingi og arbeidstilhøvi i fondet.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Synsmåtane til fleirtalet kann samanfatast i fylgjande fem punkt:

1. Forretningsførarposten var avslutta 6. mai.
2. Forretningsføraren var sagt upp frå si stilling i Halldor O. Opedals fond. Han var inntil vidare underlagd formannen. Han kunde verta tillagd fyrefallande oppgåvor. Tidlegare forretningsførar måtte soleis etter styrevedtaket retta seg etter dei ordrar han fekk frå formannen.
3. Styret i Halldor O. Opedals fond hadde no det yverordna andsvaret for rekneskapsvedleggi. Det fylgjer millom anna av paragraf 4 i fondsvedtektene. Styret skal syta for rekneskapsførar. Det er styret som er andsvarleg for rekneskapen i siste instans. Rekneskapsføraren er berre hyrt inn av styret til å leggja fram rekneskapen. Styret må difor ha rett til å krevja tilgjenge til og utlevering av rekneskapsvedleggi når som helst.
4. Den rekneskapen som den tidlegare forretningsføraren la fram for 1999 var ikkje førd i samsvar med rekneskapslovi. Difor ynskte arbeidsutvalet å få umgjort rekneskapen.

På styremøtet 6. mai vart formannen pålagd å føra rekneskapen for 1999 på nytt lag. Han skulde røkja etter um fylkesmannen vilde godkjenna ei sovori fastsetjing av ny rekneskap. Arbeidsutvalet hadde kor som er krav til og høve til å gå inn for å få ei fastsetjing av rekneskapen på ny slik det vart gjort på styremøtet 6. mai. Av det fylgjer det at formannen trong rekneskapsvedleggi.

5. Tvo av einskildlagi hadde alt på det dåverande tidspunkt sagt frå um at det laut ordnast upp i rådande skipnad i Halldor O. Opedals fond. Ivar Aasen-sambandet hadde meldt frå um kritikkverdige tilhøve ved rekneskapen alt 4. mai. Vestlandske Mållag hadde meldt frå 3. juni. 30. juni slutta Noregs Mållag seg til kritikken av styringi med fondet, og 1. juli såg Vestmannalaget seg nøydd til å gjera det same.

Millom anna på bakgrunn av desse fem tilhøvi var det påkravt å gjera noko. Arbeidsutvalet hadde alt på fyrehand dryft søksmål som ei mogleg løysing. No vart desse dryftingane gjorde um til røyndom. Formannen skreiv sjølv i samråd med sakførar Jordal stemningi til namsretten. Skrivaren assisterte formannen med dei formelle prosedyrane i brevbyttet med retten. Formannen dryfte rådgjerdi med leidingi i fire av vallagi, og dei studde avgjerdi. Norsk Måldyrkingslag var det diverre ikkje råd å få tak i. Arbeidsutvalet tok likevel høgd for at laget kunna vera i mot rettsleg oppfylgging av kravi mot den tidlegare forretningsføraren.

3.1. Søksmål og rettsak

4. juli 2000 vart det teke ut søksmål mot den tidlegare forretningsføraren. Det vart eit brevbyte millom retten og fondet. Retten vilde ha oppsegjingsbrevet og uppritet frå fondsstyremøtet 6. mai. Desse dokumenti vart innleverte til retten. Berre vedtaki i uppritet vart lagde ved saksdokumententi.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Retten meinte det var rimeleg å gjeva den tidlegare forretningsføraren høve til motsvar (kontradiksjon) og vende seg difor til den tidlegare forretningsføraren skriftleg, den 14. juli 2000. Retten meinte at partane burde koma fram til ei minneleg ordning, og den tidlegare forretningsføraren fekk frest på seg til å ordna upp i saki eventuelt gjera greida for seg til namsretten. Den tidlegare forretningsføraren vende seg so til retten 26. juli.

Den tidlegare forretningsføraren hevda at han var tilsett som arbeidstakar og at oppsegjingi laut fylgja arbeidsmiljølovi. Tidlegare forretningsfører hevda òg at han i oppsegjingstidi hadde dei oppgåvone og fullmaktene som tidlegare. Den tidlegare forretningsføraren synte til at han samrøystes hadde vorte tilsett som forretningsfører i 1996. Han hevda vidare at styret ikkje hadde vedteke å setja han ut av arbeidet frå ein tidlegare dato enn 1. desember.

Den 28. juli 2000 vart namsretten sett. Retten la til grunn at den uppsagde forretningsfører var forretningsfører for fondet fram til 1. desember og at den tidlegare forretningsføraren hadde lova å gjeva fondsmedlemene kopiar av rekneskapstilfanget. På det grunnlaget forkasta retten kravet um tvangsfullføring. Den tidlegare forretningsføraren fylgde ikkje upp lovnadene um kopiar.

Etter dei samrådingane som arbeidsutvalet hadde gjort med sakkunnige personar og med sakfører Jordal var det klårt at den tidlegare forretningsføraren ikkje kunde påropa seg å vera arbeidstakar med stillingsvern i medhald av arbeidsmiljølovi. Det hadde ikkje vore trekt skatt av eller vorte svara arbeidsgjevaravgift av løni hans. Arbeidsutvalet vurderte sterkt å anka saki, men ein klageprosess ville utvilsamt taka tid. Då vilde det vera like greidt å venta til 1. desember og taka saki upp for retten på det tidspunktet. Etter samrådingar med advokat Jordal og millom styremedlemene vart det avgjort at ein skulde venta til 1. desember i von um ei minneleg løysing med den tidlegare forretningsføraren.

3.2. Avisinnlegg

Den 14. september 2000 hadde målsmannen for Norsk Måldyrkingslag, Hans Sørbo, eit innlegg i Dag og Tid der han tok sterk avstand frå handlemåten til styret. I eit lengre brev til oppnemnarlagi hev formannen gjort greide for hovudpunkti i saki. Um Namsrettsaker skriv han millom anna fylgjande.

Den 6. mai vart oppdragsavtala med forretningsføraren for fondet sagt upp. Styreformannen og skrivaren fekk andsvaret for den laupande drifti i fondet. Styreformannen vart som nemnt uttrykkeleg pålagd å krevja inn lånet Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland hadde i fondet og setja upp rekneskapen på ny. Forretningsføraren nekta å medverka til at styreformannen fekk gjort dei pålagde oppgåvone trass fleire munnlege og skriftlege oppmodingar og pålegg. Rekneskapane skal innan 1. april kvar år sendast inn til Fylkesmannen i Hordaland, og sidan den økonomiske stoda i Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland ser ikkje ut til å verta betre, fann styreformannen det ikkje rett å dryga ut tidi i høve til å få gjennomført oppgåvone.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Styreformannen meinte at tidi ikkje tillet ei utsetjing av gjennomføring i oppgåvene. Styreformannen kom til at det ikkje var tid til å gjennomføra eit serskilt styremøte for å dryfta eventuelle namsrettslege rådgjerder i høve til dessa sakene. Styreformannen kravde difor i byrjingi av juli ei millombils rådgjerd frå namsretten med krav um tvungen utlevering av dei naudsynte dokumenti. Bergen namsrett avviste kravet, og synte til at kravet ikkje var eit namsrettslegt tema. Dei underliggjande rettstilhøvi vart ikkje dryfta av namsretten. Ein kann sjølvsagt i ettertid kritiseraast for denna avgjerdi. Avgjerdi vart teken i ei sers vanskeleg stode og ut frå dei umstendi fondet var i på det tidspunktet. Fire av fem vallag hadde og vore informert um namsrettsaksi og alle dei stude kravet. Norsk Måldyrkingslag fekk styreformannen ikkje tak i.

Formannen gjorde òg greida for lånet til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland, og for tidlegare rekneskapar.

Den 15. november vart det gjort eit stort uppslag i Bergens Tidende um stoda i fondet. Spørsmålet um lånet til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland vart her gjort til eit spørsmål um i-mål og a-mål. Arbeidsutvalet tykkjer dette er usakleg. Noregs Mållag hev heile tidi stødt den prosessen som fondsstyret hev fylgt. Denne organisasjonen kann ikkje kallast nokon i-målsorganisasjon. Fondsstyret hev heller ikkje på nokon måte gjeve inntrykk av at Strilesoga i seg sjølv ikkje er eit godt og rettkome og sers forvitneleg tiltak. Arbeidsutvalet ynskter ikkje å bruka tid på noko avisordskifte og prioriterte å få ordna upp i dei faktiske tilhøvi kring utlevering i av rekneskapsdokument i og inndriving i av lånet.

3.3. Brev til tidlegare forretningsførar hausten 2000

I eit brev til den tidlegare forretningsføraren, dagsett 18. september 2000 held formannen fram fylgjande:

Eg syner til brev frå Dykk, sendt styreformannen og Bergen namsrett. De skriv millom anna at De hev andsvar for rekneskapsføring og andsvaret for pengeveldet til fondet.

Eg vil difor gjera merksam på at De korkje hev andsvaret for eller noko med rekneskapen å gjera, De hev heller ikkje noko med disponering i av pengeveldet, jfr. styrevedtak på møtet 6. mai d.å. De er ikkje tillagt andre oppgåvor enn å skaffa oss tri diplomar som heidersprisvinnarane skal få. Dessa heidersprisane vil òg koma upp på ny på fyrste styremøte.

Styreformannen fekk på styremøtet 6. mai d.å. i oppdrag å syta for rekneskapen for 1999 og syta for rekneskapsføring frametter. Trass i fleire oppmodingar um å leggja fram dokumentasjon på at De var registrert som rekneskapsførar etter yvergangsordningane, hev De ikkje lagt fram slik dokumentasjon. Yvergangsordning i gjekk elles ut ved årsskiftet, etter det Kredittilsynet skriv hev De ikkje høve til å taka på Dykk rekneskapsoppdrag i næring.

Styret la og vekt på at styret sjølv burde taka større del av arbeidet i fondet. De vart difor med straks løyst frå rekneskapsoppgåvene på styremøtet den 6. mai. d.å.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Styreformannen, varaformannen og skrivaren fekk på styremøtet den 6. mai d.å. i oppgåva i lag å råda yver pengeveldet og fondsmidlane. Styret fann ut at det var rettast at pengeveldet vart rådd yver av to i lag, og at ingen einskildperson burde råda yver so store summar som fondsmidelen no er. Styret meinte òg at styremedlemene sjølve laut taka seg av meir av administrasjonen av fondet. De vart difor med øyeblikkeleg verknad løyst frå oppgåva med å stella med pengeveldet og fondsmidelen. Ei kvart disponering av pengeveldet eller fondsmidelen elles, som De frametter gjer, vil soleis vera i strid med styrevedtak. Det må òg nemnast at De no ikkje lengre er tildelt prokura på vegner av fondet. Denne oppgåva er no lagt til styreformannen.

Eg vil for fondsstyret minna Dykk um at De ikkje andsynes tredjemann lyt gjeva inntrykk av å ha rett til eller å gjera rettshandel på vegner av fondet. Sjølv um det vert gjeven godgjersle i oppsegjingstidi, er ikkje dèt det same som at De kan rekna Dykk som forretningsførar med dei oppgåvene som De hadde før De vart uppsagt.

Formannen skreiv sidan brev til den tidlegare forretningsføraren 14. november og kravde utlevering av rekneskapsvedleggi. Den tidlegare forretningsføraren sa seg då viljug til å utlevera rekneskapsdokument i 1. desember. Formannen og skrivaren henta arkivet 1. desember 2000. Arkivet vert no varveitsla av skrivaren.

4. Lånet til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland

Den tidlegare forretningsføraren hadde gjevi lån til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland alt 4. oktober 1994, medan styret gjorde vedtaket den 20. oktober 1994. Styret fekk på møtet den 20. oktober 1994 ingen melding um at lånet alt var yverført til Stiftingi. Lånet skulde vera eit produksjonslån som skulde innfriast 1 år etter og renta var på med 8 prosents renta. Lånet var ikkje innfridd ved årskiftet 1999/2000, og det var ikkje gjort framstøytar for å krevja inn lånet, frå fondet si sida. Styret vedtok den 6. mai 2000 at lånet til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland skulde krevjast inn.

Forretningsføraren vart rekna for ugild til å handla på vegner av fondet i dette spursmålet, av di han var rekneskapsførar for Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland. Difor vart denne oppgåva lagt til formannen. Det var òg kome fram informasjon som sådde tvil um kva som var rett lånesum, av di Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland hadde bede um utsetjing på innfriingi av lånet på kr. 170 000 i 1997, medan vedtaket lydde på kr. 150 000. Formannen bad difor forretningsføraren å leggja fram for han alle avtalone og gjeldsbrev i samband med dette lånet, so at formannen skulde ha skriftleg dokumentasjon ved fremjingi av kravet um innfriing andsynes Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland. Forretningsføraren nekta å hjelpa til med å klårleggja kva for sum som eigenleg var lånt ut og nekta òg å leggja fram dei andre dokumenti formannen bad um i denne saki.

Etter at formannen og skrivaren fekk utdelt rekneskapsdokument i kom tilhøvi kring lånet klårt fram i dagen. Av dei dokumenti som skrivaren og formannen fekk utdelt frå tidlegare forretningsførar gjekk det fram at tidlegare forretningsførar hadde yverført kr. 150 000 til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland utan styrevedtak. Slik klarering fekk han fyrst etter styremøtet fleire vikor seinare. Formannen måtte soleis rekna renters renta frå 1994 med frådrag for ein innbetalt sum.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Formannen sette seg i samband med styreformannen i Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland og kravde innfriing. I februar 2001 fekk fondet ei større innfriing av lånet, men framleides stend det att, per 4. august 2001, kr. 21 891,00 – utanum rentor frå i år. Fondet hev fenge tri delinnfriingar; ein den 3. januar 1997 på kr. 12 000,00, ei den 5. desember 2000 på kr. 37 064,00 og ei den 16. februar 2001 på kr. 166 571,00.

5. Brevbyte med Fylkesmannen og Justisdepartementet

Fondsstyret varsla 7. august 2000 Fylkesmannen um at den tidlegare forretningsføraren ikkje lenger hadde høve til å uttala seg på vegner av Halldor O. Opedals fond.

Den 8. august 2000 sende formannen/skrivaren brev til Fylkesmannen med fyrespurnad um ny fastsetjing av rekneskapen. Fylkesmannen svara i brev av 23. august 2000. Fylkesmannen slo fast at det var upp til fondsstyret å vurdera reglane i stiftingslovi og um det skulde gjerast ny fastsetjing av rekneskapen. Fondet vilde ikkje få purring på rekneskapen og ettersynsmeldingi, trass i at fresten, som var 1. august, ikkje vart halden. Formannen vart likevel beden um å vitra Fylkesmannen um stoda innan 1. november.

Formannen varsla 27. oktober 2000 Fylkesmannen um at tidlegare forretningsfører ikkje hadde levert frå seg rekneskapsdokumenter og at ny fastsetjing ikkje kunde gjerast fyrr formannen fekk tilgang til rekneskapsdokumenter frå tidlegare forretningsfører. Han peika òg på at prosessen kunde verta utdrygt dersom det ikkje let seg gjera å koma fram til ei minneleg ordning med tidlegare forretningsfører.

Fylkesmannen svara, i brev dagsett 25. januar 2001, at det er det styret som til kvar sit som skal avgjera rekneskapen og um ein rekneskap eventuelt må umgjerast. I og med at Klement Røyrane hadde drege si godkjenningi si av rekneskapen attende, måtte det leggjast fram ny rekneskap for Fylkesmannen. Fylkesmannen peika dessutan på at det nye styret måtte leggjast fram årsmelding og ettersynsmelding.

6. Rekneskapane

Rekneskapen for 1999 vart lagd fram på styremøtet, den 8. april 2000. Styrelemene hadde soleis ikkje havt høve til å setja seg inn i saki og heller ikkje rådspyrja seg med oppnemnarlaget sitt. Den millombilse rekneskapen var ikkje ført etter rekneskapslovi, var full av mistydingar og hadde store lyte i høve til den lovpålagde opplysningsplikti. Det var heller ikkje teke omsyn til at Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland ikkje kunde gjera upp lånet. På styremøtet den 6. mai 2000 vedtok gav styret formannen fullmakt til å setja upp rekneskapen på ny i samsvar med gjeldande lovgjeving og merknadene frå Ivar Aasen-sambandet, Noregs Mållag, Vestlandske Mållag og Vestmannalaget.

Alt på styremøtet 6. mai hadde formannen lagt fram skissa til ny rekneskap. I brev av 14. oktober sende formannen ut framlegg til ny rekneskap til oppnemnarlagi. Formannen skreiv 16. oktober 2000 til ettersynsmann Klement Røyrane. I brevet slær formannen fast at rekneskapen som vart fastsett 8. april er underkjent av fire av fem av oppnemnarlagi og at fondsstyret vedtok ny fastsetjing av rekneskapen på styremøtet i fondet den 6. mai 2000.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Formannen synte til at forretningsføraren mangla autorisasjon eller registrering, til låneavtala med Stiftinga Regionsoga og til den økonomiske stoda i Stiftinga Regionsoga. Han orienterte dessutan um stoda i fondet. Han bad ettersynsmannen koma med skriftleg svarmelding.

Den 24. oktober drog den gamle ettersynsmannen Klement Røyrane attende godkjenningi av rekneskapen for 1999. Han kunde sjølv ikkje ferda ut ny ettersynsmelding av di han sagde frå seg ettersynsgjerningi alt den 10. april 2000. Eit fleirtal av oppnemnarlagi valde i medhald av stiftingslovi, etter dette Asbjørn Litleré til ny ettersynsmann for fondet. Fleirtalet var Ivar Aasen-sambandet, Vestmannalaget og Vestlandske Mållag, dei andre lagi fremja ingen synsmåtar på valet av ny ettersynsmann.

Den umvølte rekneskapen for 1999 vart utsend på nyåret, men kunde fyrst godkjennast etter at det låg fyre ettersynsmelding. I april låg det fyre ettersynsmelding, og det kunde då koma endeleg godkjenning frå oppnemnarlagi.

Det hev kome attendemelding frå Ivar Aasen-sambandet, Vestlandske Mållag og Vestmannalaget pr. juli på at rekneskapen er godkjent. Rekneskapen for 1999 er dimed endeleg fastsett og godkjend.

Ivar Aasen-sambandet hev utarbeidd eit langt skriv med gjennomgang av rekneskapsgodkjenningi og formelle mistak i rekneskapane frå 1986 og frametter. Dette skrivet er gjort kjent for oppnemnarlagi. Vestmannalaget hev slutta seg til dette skrivet.

7. Ny vurdering av heidersprisane

Avgjerdi um å etla ut heidersprisar vart teki på det fyste styremøtet til det nye styret den 8. april. Grunnlaget for utetlingane var i store drag yverskotet i 1999. Utetlingane for 2000 vart soleis tekne ut frå korleis økonomien til fondet vart presentert i den fyrste rekneskapen som forretningsføraren lagde fram den 8. april 2000. Eigenmidelen per 31. desember 1999 og det yverskotet som vart synt i denne rekneskapen, fyresette at lånet til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland kunde innfriast fullt ut. Denne fyresetnaden var burte etter at økonomien til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland vart kjend.

Den økonomiske stoda per 31. desember 1999 var i røyndi um lag kr. 200 000 dårlegare enn det den fyrste rekneskapen synte. Formannen meinte difor at ein avgjerande del av grunnlaget for utetlingsvedtaki var endra, endringi var òg so pass stor at styret laut vurderer utetlingane på ny. I samband med at formannen hadde kontakt med vallagi um oppnemning av ny ettersynsmann for fondet nemnde formannen at han meinte at styret burde vurderer utetlingane på ny. Dette standpunktet fekk tilslutnad fra fire av fem vallag. Norsk Måldyrkingslag ynskte ikkje å taka stode til spursmålet.

Etter at Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland innfridde størsteluten av lånet i februar 2001, vart det lagt upp til frå arbeidsutvalet at heidersprisane skulde etlast ut hausten 2001. Arbeidsutvalet tilrådde at utetlingi skulde skje i samband med ein konferanse eller liknande. Det vart lagt upp til at ein skulde leggja til grunn vedtaket frå 8. april 2000, der Fridtjov Sørbo, Johannes Gjerdåker og Vincent Eye Færavaag fekk heidersprisane.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Fondsstyret lagde vekt på fylgjande:

Fridtjov Sørbø markerte seg sterkt i arbeidet mot den statlege samnorskpolitikken heilt frå han i ung alder byrja å markera seg som ein stødug skribent. Han hev skrive mykje og gjort mykje til å dana ei høgnorsk motvekt til den vanlege midtstraumsnynorsken. I dei siste åri hev han gjort ein stor innsats med å setja i gong motstøyten mot anbeheittelse-utspelet frå Norsk Språkråd.

Johannes Gjerdåker hev synt seg å vera ein framifrå umsetjar. Han hev eit godt måløyra og umset like gjerne frå engelsk som frå persisk. Gjerdåker hev med rette vunne stor fagnad for umsetjingsarbeidet sitt. Han hev drive forlagsarbeid og hev fast spalta i Hordaland, avisa på Voss. Gjerdåker hev skrive bøker av faglitterær art. Han hev òg skrive mykje i Vestmannen, eit blad som legg sterk vekt på måldyrking.

Vincent Eye Færavaag hev studera statsvitenskap. Han hev gjennom ei årrekke synt seg som ein sers tankesterk målmann. Han hev evna til å føra målpolitiske ordskifte på eit høgt intellektuelt plan og hev synt det gjennom stykkje i avisor og tidsskrift, og ikkje minst som organisasjonsmann i Oslo Mållag. For tidi er Færavaag aktiv i Stord Mållag og hev gjeve laget ein sterk framskuv.

8. Brev til Norsk Måldyrkingslag og Vestmannalaget um styresmann

Formannen vitra Norsk Måldyrkingslag um at styresmannen deira er yver den fastsette aldersgrensa som Opedal sette for styrelemer til fondet. Formannen vitra Vestmannalaget um det same. Formannen gjorde greida for formuleringane som var knytte til kven som kunde sitja i fondet og kor lenge dei kunde sitja. Fyresegnene kann tolkast slik at det er råd for ein styrelem å sitja lenger enn 12 år i og med at ordleidingi er "...bør ikkje stå lengre enn tolv år." Men ordleidingi um at "aldersgrensa er 75 år" er med ei juridisk ordleiding, preseptorisk. Det vil segja ufråvikeleg.

Både Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag vart soleis oppmoda um å skifta ut sine styresmenn. Vestmannalaget hev meldt attende at dei hev skift styresmann frå Leidulv Hundvin til Bjørn Tormod Ringdal. Bjørn Tormod Ringdal er vald for resten av den bolken Hundvin var vald for. Det vil segja fram til 2004. Frå Norsk Måldyrkingslag hev det ikkje kome noko endeleg svar. Dei hev lova å taka saki upp til fyrehaving på eit styremøte hausten 2001.

9. Økonomi

Avdråtten er i 2000 på kr. 168 904,10. Det er ein auke i høve til 1999 på kr. 12 096,62. Resultatet fyre utetlingar er betra frå eit overskot på kr. 101 588,17 i 1998 og kr. 114 890,48 i 1999 til kr. 166 711,86 i 2000.

I 1999 var driftskostnadene på kr. 16 982, medan dei i 2000 vart på kr. 54 147,00. Dette er ei kraftig auke, som i dei heile skuldast opprydjingi i rekneskapane og oppsegjingi av forretningsføraren.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Utelingane frå fondet er auka frå kr. 65 000,00 i 1999 til kr. 112 500,00 i 2000. Det samla årsresultatet er betra kraftigt det siste året, frå eit underskot i 1998 på kr. 69 411,83 og eit yverskot på kr. 49 890,48 i 1999 til eit yverskot på kr. 54 211,86 i 2000. Denne betringi hev skjedd trass i at driftskostnadene og utelingane auka kraftig frå 1999 til 2000.

Umframpostane i rekneskapen for 2000 er knytte til at me no fører rekneskapen i samsvar med rekneskapslovi, og soleides hev gjenge burt frå kontantprinsippet som tidlegare rekneskapar delvis vart ført etter.

Framleis er det mange prosjekt som fær løyving frå oss som ikkje vert realiserte slik som det vert presentert i søknaden og innan den fresten som fondet hev sett på tri år. Mange av søkjarane gjev heller ikkje attendemelding til oss um framdrifti. Det vart difor i 2000 ført attende løyvingar på kr. 25 000,00. Det stend att løyvingar på kr. 190 500,00 som ikkje er utreidde.

Styret hev valt å ikkje minka tapsavsetnaden, av di utlånet til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland per 31. desember 2000 ikkje var innfridd. Lånet vart delvis innfridd i februar 2001, so styret reknar med at fondet i rekneskapen for 2001 kann føra attende i alle høve noko av tapsavsetnaden. Tapsavsetnaden var per 31. desember 2000 bokført med kr. 101 936,50.

Eigenmidelen er per 31. desember 2000 på kr. 2 491 415,03. Denne er bokført som grunnstol med kr. 2 170 000,00 og utetlingsfond med kr. 321 415,03. Grunnstolen er urørleg, medan utetlingsfondet er den frie eigenmidelen til fondet.

Korkje formannen eller skrivaren som no hev teke yver oppgåvone som tidlegare låg hjå forretningsføraren, hev teke ut godtgjering. Forretningsføraren hadde ei løn på kr. 12 500 per år, i lengdi vil fondet soleis spare ein del pengar, trass i den kostsame oppsegjingsprosessen.

Uppnemnarlagi hev fenge eit tilskot på kr. 7 500, 00. Løyvingi til Ivar Aasen-sambandet var ved årsskiftet 2000/2000 ved eit mistak ikkje utreidd.

10. Avrunding

Det hev gjenge fyre seg viktige og inngripande umskifte i arbeidsåret. Fondet vart fram til våren 2000 administrert av ein forretningsførar som tok seg av den daglege drifti med forretningsførsla, rekneskapsføring, skrivning av upprit, møteinnkalling og anna fyrefallande arbeid. Etter styremøtet hev arbeidsutvalet yverteke oppgåvone til den tidlegare forretningsføraren.

Skrivaren og nestformannen hev i fellesskap ordna med bankuttak. Skrivaren hev arkivert rekneskapstilfang, månadsutskrifter frå banken og dilikt. Formannen hev ført rekneskapen.

Skrivaren og formannen hev i nokon mun bytt på å skriva og skriva under på brev og upprit. Formannen hev som oftast teke seg av den daglege drifti og det brevbyttet som krevst her.

Hovudarbeidet i arbeidsbolken hev falle på oppsegjingsprosessen av forretningsføraren. Det hev eit tidkrevjande arbeid og i ettertid må ein spyrja seg um det trong verta so tidkrevjande.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Å få taka til på innkrevjingi av lånet til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland var vanskeleg so lenge me ikkje visste noko um lånet. Det var ein siger å vinna fram med kravet um innfriing, og det er å vona at heile lånet vil verta innfritt.

Formannen hev havt umfemnande hopehav med vallagi og hev orientert dei um hendingane. Likeins hev Fylkesmannen vorte vitra. Det sistnemnde hadde i mange år vorte sterkt forsømt av den tidlegare forretningsføraren. Det er ein styrke for fondet at drifti og arbeidet i fondet vert kjend utanfor fondsstyret sjølv. Då vert det lettare for styri i einskildlagi å vurderer innsatsen til dei som sit der.

Formannen hev til liks med styret i Ivar Aasen-sambandet lagt mykje arbeid ned i å få kasta ljøs yver rekneskapane i fondet fleire år attende. Det hev vore naudsynt av di det ikkje hev vore vitra skikkeleg frå fondsstyret til vallagi på mangfaldige år. Fondsstyret hev fenge vellete frå fleirtal av vallagi på det arbeidet som er lagt ned, og Ivar Aasen-sambandet hev fenge tilslutnad til skrivet sitt frå Vestmannalaget og Vestlandske Mållag.

Heidersprisane vart ikkje etla ut i fjor av di avgjerdi um utetlingi i stor grad bygde på ei ikkje rett økonomisk stoda. Dette er svært leidd, men den vanskelege og arbeidskrevjande prosessen med kravet um utlevering av fondsarkivet, hev gjort stoda lite yversynleg for arbeidsutvalet og hev sinka arbeidet i fondsstyret.

Formannen hev etter beste evna lagt vekt på å halda seg til lover og fyresegner av alle slag. Difor hev det òg vorte påtala at styresmennene for Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag bae var for gamle til at dei kunde sitja i fondsstyret.

Det er å vona at fondsstyret vedhaldande greider å innfri dei lover og reglar som skal til. Eit tiltak i so måte hev vore å oppdatera og brigda paragraf fire i fyresegnene til fondet, slik at ein slær eintydeleg fast kva som er vallagi og fondsstyret sine oppgåvor etter gjeldande lover og fyresegner.

Økonomistyringi er no på rett veg. Det vert nytta mindre pengar til administrasjon i år 2000 enn fyre oppsegjingi. Låneinnfriingi frå Regionsoga vil gjeva fondet midel som elles hadde vore tapte. Me vonar òg at det skal vera råd å få større orden i løyvingssaker, slik at løyvingar ikkje vert ståande yver fleire år utan å verta utreidde.

Det må òg leggjast vekt på at fondsstyret no i motsetnad til tidlegare held vallagi orienterte um kva som skjer i fondet. I arbeidsbolken er det òg vorten tradisjon for at fondsstyret fær utsendt sakspapir og tilrådingar frå formannen fyreått styremøti. Dette vart heller ikkje gjort tidlegare. Denne nye tradisjonen gjer at styresmennene no kann setja seg inn i sakene som skal upp på styremøti og soleides vera meir budde på dei temai som skal fyrehavast.

Dei som hev søkt fondet um studnad hev òg i arbeidsbolken vorten orienterte um at søknaden er motteken og um resultatet av fyrehavingi, noko som diverre ikkje vart gjort tidlegare.

Alt i alt er det vorte langt meir arbeidsvilje og framdrift i fondet enn på lenge. No stend det att å få ordna med plasseringspolitikken for fondsmidelen. Fondsstyremene hev søkt fagkunnige råd um korleis fondsmidelen bør plasserast, men hev enno ikkje gjort umbrigde. Det må verta ei hovudsak i året som kjem.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Årsmeldingi vart vedteki samrøystes på styremøtet 4. august 2001, etter framlegg frå skrivaren.

Bergen, 4. august 2001.

Dag Hagen Berg
formann

Mona Stormark
nestformann

Lars Bjarne Marøy
skrivar

Bjørn Tormod Ringdal
styrelem

Resultatrekneskapen for 2000

	2000	1999
Driftsinnkomor	-	-
Sum driftsinnkomor	-	-
Driftskostnader	54 147,00 1	16 982,00
Sum driftskostnader	54 147,00	16 982,00
Driftsresultat	-54 147,00	-16 982,00
Finansinnkomor		
Rentor	168 904,10 2	155 127,48
<u>Vinst på lutsal</u>	-	1 680,00
Sum finansinnkomor	168 904,10	156 807,48
Finanskostnader	-	-
Finansresultat	168 904,10	156 807,48
Resultat fyre umframpostar	114 757,10	139 825,48
Umframinnkomor	54 596,46 3	87 047,00
Umframkostnader	2 641,70 4	111 982,00
Umframresultat	51 954,76	-24 935,00
<u>Resultat fyre utetlingar</u>	<u>166 711,86</u>	<u>114 890,48</u>
Utetlingar	112 500,00 5	65 000,00
Årsresultat	54 211,86 6	49 890,48
Resultatdisposisjonar:		
Yverført til grunnstolen	20 000,00	20 000,00
<u>Yverført til utetlingsfondet</u>	<u>34 211,86</u>	<u>29 890,48</u>
Sum resultatdisposisjonar	54 211,86	49 890,48

Halldor O. Opēdals fond
for norsk mālreising og mālđyrking

Jamvekti

	2000	1999
Eiga		
Kontantar	-	-
Bankinnskot i DNB	240 244,03	211 958,30
Obligasjonar	2 354 081,90 7	2 354 154,27
Skuldmenn	223 325,60 8	208 955,00
Sum eiga	2 817 651,53	2 775 067,57
Skuld og eigenmidel		
Kravsmenn		
Ikkje utreidde løyvingar	190 500,00 9	219 000,00
Andre kravsmenn	33 800,00 10	16 927,90
<u>Tapsavsetnad</u>	<u>101 936,50 11</u>	<u>101 936,50</u>
Sum kravsmenn	326 236,50	337 864,40
Eigenmidel		
Eigenmidel: 01.01	2 437 203,17	2 387 312,69
<u>Årsresultat</u>	<u>54 211,86</u>	<u>49 890,48</u>
Sum eigenmidelen	2 491 415,03 12	2 437 203,17
Sum skuld og eigenmidel	2 817 651,53	2 775 067,57
Eigenmideldisposisjon		
Grunnstol: 01.01.	2 150 000,00	2 130 000,00
<u>Avsett frå drifti</u>	<u>20 000,00</u>	<u>20 000,00</u>
Grunnstol: 31.12.	2 170 000,00	2 150 000,00
Utetlingsfondet: 01.01.		
	287 203,17	257 312,69
<u>Avsett frå drifti</u>	<u>34 211,86</u>	<u>29 890,48</u>
Utetlingsfondet: 31.12.	321 415,03	287 203,17
Sum grunnstol og utetlingsfond	2 491 415,03	2 437 203,17

Bergen, 31. desember 2000.

Bergen, 10. juni 2001.

Styret i Halldor O. Opedals fond
for norsk mālreising og mālđyrking

Notar

Sume av rekneskapsprinsippi som er nytta ved tidlegare rekneskapar er no brigda, me nyttar no rekneskapsprinsippet òg fyr rentone på obligasjonane.

Styret gjer merksam på at ein no held på med ei drifting av rekneskapsprinsippi og plasseringspolitikken til fondet.

Styremene hev i 2000 ikkje fenge løn eller godtgjersla. Forretningsførarposten vart avskipa den 6. mai 2001.

Fondet hev ingen arbeidstakarar og forureinar ikkje korkje det ytre eller indre rom.

	2000	1999
Note 1. Driftskostnader.		
Driftskostnadene er sterkt merkt av konflikten i samband med avskiping i av forretningsførarposten, og oppsegjing i av tidlegare forretningsførar. Fondet gjekk til (nams)rettssak fyr å få tilgjenge til arkiet og rekneskapane, men fekk ikkje gjennomslag fyr at saki hasta i namsretten. Kontorkostnadene og 10 000 av kostnadene til rekneskapsføring/ettersyn er avsetnader, av di det ikkje er gjort endelege avtalor um summane.		
Kostnader: avskiping i av forretningsførarposten	10 200,00	1 184,00
Styremøte	926,00	1 248,00
Rekneskapsføring/ettersyn	11 500,00	9 000,00
Rettssak	1 500,00	-
Juridisk rådgjeving	22 100,00	-
Kontorhald	5 000,00	5 000,00
Ymse driftskostnader	2 921,00	550,00
Sum driftskostnader	54 147,00	16 982,00

Note 2. Rentor.

Bankrentor	10 809,63	8 971,24
DNB-Likviditet	77 569,33	76 457,24
De norske bykredittforeningar	150,00	125,00
Vestenfjelske bykredittforening	63 804,14	54 096,00
Rentor frå utlån	16 571,00	15 478,00
Sum rentor	168 904,10	155 127,48

2000

1999

Note 3. Umframinnkomor.

Det vart fyr sume år sidan vedteke at dei mottakarane av studnad som ikkje gjorde ferdug prosjektet sitt og gjorde krav på studnaden sin etter tri år etter at tilskotet vart gjeve, missa retten til tilskotet frå fondet.

Me fylgjer i motsetnad til tidlegare år no rekneskapslovi, difyr nyttar me rekneskapsprinsippet på avdrotten på obligasjonane. Dette gjer at me i umbrekket fær innkomor i 2000 som skulle hava vore bokførde i 1999 um det då òg var nytta same rekneskapsprinsipp.

Attendeføringar 1999	-	87 047,00
Hardanger Folkeminnelag, attendeført i 2000	10 000,00	-
Vestlandske Mållag, attendeført i 2000	10 000,00	-
Jørn-Arne Tomasgard, attendeført i 2000	5 000,00	-
Umframrenta; De norske byk.f.	100,00	-
Umframrenta; Vestenfjelske byk.f.	29 496,46	-
	<hr/>	
Sum umframinnkomor:	54 596,46	87 047,00

Note 4. Umframkostnader.

På grunn av umleggingi av rekneskapsprinsippi, lyt det gjerast rettingar av bokføringsverdet til obligasjonane. Me hev lagt til grunn ei varsam verdifastsetjing.

Rettingar: De norske bykredittforeningar	24,10	-
Rettingar: Vestenfjelske bykredittforeing	2 575,00	-
Rettingar: DNB-Likviditet	42,60	-
	<hr/>	
Sum umframkostnader	2 641,70	111 982,00

Note 5. Utetlingar.

Heidersprisane er enno, per juni 2001, ikkje etla ut, og namna er løynde. Mottakarane av heidersprisane er heller ikkje vitra um tildelingi. Dei vedtektsfesta utetlingane til vallagi vart auka frå kr. 5 000 til 7 500.

Vedtektsfesta løyvingar:		
Norsk Måldyrkingslag	7 500,00	5 000,00
Ivar Aasen-sambandet	7 500,00	5 000,00
Vestmannalaget	7 500,00	5 000,00
Vestlandske Mållag	7 500,00	5 000,00
Noregs Mållag	7 500,00	5 000,00
Sum vedtektsfesta løyvingar:	37 500,00	25 000,00

	2000	1999
framhald note 5. Utetlingar.		
Andre løyvingar:		
Vestmannen; Drift av Vestmannen	-	10 000,00
Nordisk institutt, UiB; Nyutgjeving av Aasen-skrifter	-	10 000,00
Noregs Lærarmållag; Kurs um Nynorske songsk.	-	5 000,00
Norrønalaget Bragr; Nyprenting av ordbok	-	10 000,00
Kjetil Aasen; Målbyting i Råde	-	5 000,00
Tri heidersprisar à 25 000,00	75 000,00	-
Sum andre løyvingar	<u>75 000,00</u>	<u>40 000,00</u>
Samla utetlingar	112 500,00	65 000,00

Note 6. Arsresultat.	54 211,86	49 890,48
-----------------------------	------------------	------------------

I fylgje vedtektene til fondet skal minst 10 % av avdrotten yverførast til grunnstolen. Avdrotten var i 2000 på kr. 168 904, 10. Det er difor yverført kr 20 000 til grunnstolen. Etter disponeringi til grunnstolen er gjort, vert resten av yverskotet (kr. 54 211,86 - 20 000,00 =), kr. 34 211,86 yverført til utetlingsfondet.

Note 7. Obligasjonar.

Obligasjonane er bokførte lik likningsverdien, burt sett frå DNB-Likviditet som er bokført lik talet på partane som fondet hev.

Likningsverdien på plasseringi i DNB-Likviditet er nemnt under nominell verdi.

	Nominelt:	Bokført:	
De norske Bykredittforeningar	3 000	2 975,90	4 000
Vestenfjeldske bykredittforening	1 030 000	1 027 425,00	1 104 000
DNB Likviditet	1 324 409	1 323 681,00	1 246 154
Sum	<u>2 357 409</u>	<u>2 354 081,90</u>	<u>2 354 154</u>

Note 8. Skuldmenn.

Ikkje utreidde rentor, De norsk byk.f.	75,00	-
Ikkje utreidde rentor, Vestenfjeldske byk.f.	34 788,60	-
Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland	188 462,00	208 955,00
Sum skuldmenn	<u>223 325,60</u>	<u>208 955,00</u>

	2000	1999
Note 9. Ikkje utreidde løyvingar.		
Norsk Bokreidingslag: <i>Norsk Målsoga</i>	65 000,00	65 000,00
Norsk Bokreidingslag: Askeland: <i>Folkesuverenitet</i>	20 000,00	20 000,00
Hardanger Folkeminnelag, attendeført i 2000	-	10 000,00
Norsk Måldyrkingslag	-	61 000,00
Nordisk Institutt, UiB	-	10 000,00
Vestlandske Mållag, attendeført i 2000	-	10 000,00
Jørn-Arne Tomasgard, attendeført i 2000	-	5 000,00
Studentmållaget i Oslo	8 000,00	8 000,00
Noregs Lærarmållag	5 000,00	5 000,00
Norrønnalagt Bragr	10 000,00	10 000,00
Kjetil Aasen	-	5 000,00
Vestmannen	-	10 000,00
Vedtektsfest løyving til Ivar Aasen-Sambandet	7 500,00	-
Heidersprisane, tri stk à 25 000,00	75 000,00	-
	<hr/>	<hr/>
Sum ikkje utreidde løyvingar	190 500,00	219 000,00

Note 10. Andre kravsmenn.

Hans Sørbo	-	1 184,00
Leiv Fliesland	-	15 743,90
Styreformannen	10 200,00	-
Advokatfirmaet Kluge ANS	8 600,00	-
Avsetnad rekneskap/ettersyn fyr rek 1999 og 2000	10 000,00	-
Avsetnad kontorhald	5 000,00	-
	<hr/>	<hr/>
Sum andre kravsmenn	33 800,00	16 927,90

Note 11. Tapsavsetnad.

I samband med låneengasjementet vedr. Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland vart det i rekneskapen fyr 1999 gjort ein avsetnad fyr å møta eit eventuelt tap på detta engasjementet. Lånet var ved årsskiftet 2000/2001 ikkje innfridd, men det vart i februar 2001 innfridd noko av lånet.

Sum tapsavsetnad	101 936,50	101 936,50
------------------	-------------------	-------------------

Note 12. Eigenmedelen.

2 491 415,03 **2 437 203,17**

Eigenmedlene er delt i ein bunden del (grunnstolen), på kr 2 170 000 og ein ubunden del (utetlingsfondet), som er bokført med kr. 321 415,03.

VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Bergen, 18. november 2001

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking
v/formannen Dag Hagen Berg
postboks 919 - Sentrum
5808 Bergen

Målsmann i Opedalsfondet

Stjorni i Vestmannalaget gjorde slikt vedtak på møtet 12. november d.å.:
"Me finn det uheldig at det vert gjort endringar i styret i Opedalsfondet midt i valperioden, og styrevedtaket vårt frå 16. november 1999 tek difor til å gjelda att med det same, slik at Leidulv Hundvin er styresmann i Opedalsfondet ut bolken 2000-2003, og Sissel-Anny Hjelmtveit hans varamann".

Vedtaket vart gjort med 4 mot 1 røyst. Mindretalet ynskte protokollmerknad og bad um at denne vart lagd ved meldingi til Opedalsfondet.

Dette til vitring.

For stjorni i Vestmannalaget


Jon Askeland
formann

Vedlegg:

avprent av protokollmerknad frå Harald Linga, Sigbjørn John Huun og Lars Bjarne Marøy (av desse møtte Linga som styresmann med røysterett og Huun som varamann utan røysterett. Marøy var ikkje til stades.)

Protokollmerknad til sak på stjernarmøte 12. november 2001. Sak: "Målsmann for Opedalsfondet"

Til saki um målsmann for Opedalsfondet vil me ha denne protokollmerknamen:

Me syner til vedtaket gjort på stjernarmøtet 12. november 2001 der eit fleirtal i stjorni hev underkjent tidlegare vedtak i stjorni av 1. mars 2001 og soleis sett til sides fyresegnene i Halldor O. Opedals fond. Me syner og til notatet "Motlegg til notatet frå Jon Askeland lagt fram på stjernarmøtet 16. oktober 2001" der påstandar kring stjorning av Opedalsfondet og freistnaden på å setja til sides fyresegnene i Halldor O. Opedals fond vert imøtegått.

På stjernarmøtet 1. mars 2001 vart det konstatert at Leidulv Hundvin ved eit mistak vart vald til målsmann frå Vestmannalaget. Stjorni hadde handla i god tru då Hundvin vart peika ut, men etter at Dag Hagen Berg i Opedalsfondet hadde peika på at dette var brot på dei fyresegnene som Opedal sette upp og at fyresegnene var sette upp med rettsleg bindande kraft, kunde ikkje stjorni vera i god tru. På møtet var det heilt klårt for stjorni at praksisen i fondet ikkje kunde gå fyre det som var lovi. Stjorni kom då til at det måtte peikast ut ny målsmann. Stjorni peika 1. mars 2001 samrøystes ut Bjørn Tormod Ringdal til målsmann for Vestmannalaget ut den perioden Hundvin var vald for.

Askeland hevda at styreformannen i Opedalsfondet, Dag Hagen Berg, brukte pressmiddel mot stjorni for å få vedteki utnemningi av Ringdal. Askeland la fram eit 7-sidors notat um Opedalsfondet, der det var referert og sett fram ei rad påstandar um verksemd i Halldor O. Opedals fond. Det vart millom anna hevda at Dag Hagen Berg hadde handla kritikkverdige, serskiilt då han løyste tidlegare forretningsførar i Opedalsfondet Leiv Flesland frå oppdraget med å føra rekneskap for fondet. Askeland synte til at Vestmannalaget ved tvo tidlegare høve hadde brote fyresegnene for fondet ved å peika ut målsmenn som var eldre enn 75 år, og hevda at det dermed var sedvane for å sjå burt frå fyresegnene på dette punktet.

Me meiner at fyresegnene i Opedalsfondet er klare, og eit ein ikkje kan setja fyresegner og lover ut av spel ved å bryta dei mange nok gonger og deretter visa til praksis. Denne saki gjeld elles Vestmannlaget si handheving av fyresegnene til Opedalsfondet, og Hagen Berg si stjorning av Opedalsfondet er ikkje sakssvarande for å gjera seg upp ein meining um vedtaket av 1. mars 2001.

Vedtaket om å gjera om på vedtaket av 1. mars 2001 er rettsstridig, og vil vera ei kjenkjing av viljen til Halldor O. Opedals fond.

Me vil og leggja vedtaket saman med protokollmerknamen og notatet (motlegget) fram for Fylkesmannen. Vidare ser me det som naturleg at Opedalsfondet v/ styreformannen berre kallar inn den målsmannen som stettar fyresegnene i Halldor O. Opedals fond.

Harald Linga Sigbjørn John Huun Lars Bjarne Marøy

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org.nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 6. januar 2002.

Jon Askeland
Norsk Bokreidingslag L/L
Krohnengsgt. 3
5035 BERGEN

VEDKOMANDE SØKNAD UM STUDNAD TIL *NORSK MÅLSOGA* OG DEN PÅSTÅTT VANTANDE
HEIDERSPRISEN

Arbeidsutvalet i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking dryft løyvingi til *Norsk Målsoga* og *Folkesuverenitetsboki* i slutten av november 2001, og syner til tidlegare brev frå oss, dagsett 27. september 2001, der millom anna fylgjande vert nemnt:

1. Studnaden på kr. 50 000,00 er i fyrste umgang gjort som lån.

....

6. Denne nye studnaden kjem i tillegg til dei kr. 65 000 som fondet alt hev løyvt.

7. Fyresetnad for å halda uppe den tidlegare løyvingi (på kronor 65 000,-) og lånet, er at løyvingi til boki um Folkesuvereniteten som vart gjeve i 1996 til Alv Askeland fell burt.

Dei nærare skilordi for lånet fær formannen fullmakt til å greida med.

Nærare ordningar og vilkår er ikkje dryfta og soleides ikkje fastsette, um styret i Norsk Bokreidingslag hev innspel og merknad ser eg at dei vert meldt formannen.

Det vart presisera i brevet at det er teke atterhald um at uppritet som gjeld vedtaket ikkje var/er godkjent.

Bakgrunnen for punkt 7 var at det var 5 år sidan løyvingi vart gjevi, og fondsstyret fann inkje noko brevbyte eller skriftlege meldingar vedrørande løyvingi til *Folkesuvereniteten*, *Stortinget* og *Grunnlovi*. Eg tykkjer òg det er underlegt at forretningsføraren vår, som òg er forretningsføraren til Norsk Bokreidingslag L/L, ikkje reidde ut løyvingi til laget, um det ikkje var underforstått at løyvingi hadde falle burt. Det vart nemnt på fondsstyremøtet den 8. april 2000, der forretningsføraren Dykkar var til stadar, at denna løyvingi no kunde attendeførast. Korkje forretningsføraren Dykkar eller Leidulv Hundvin sagde noko i mot. Ein av styrelemene Dykkar, Frøydis Lehmann, var òg til stadar, det kom heller ikkje protestar frå henne.

Eg fekk i tidi etter at eg sende brevet fleire telefonar frå Dykk der det vart fremja påstandar um at Opedalsfondet skuldar Alv Askeland og/eller Norsk Bokreidingslag 20 000 kr, og at Norsk Bokreidingslag ikkje kunne godtaka punkt 7 i vedtaket (fyresetnaden frå fondsstyret).

Eg oppfatta at De ringde som målsmann både for far din, Alv Askeland, og for Norsk Bokreidingslag L/L der De er styreformann. Eg vender meg difor til Dykk som målsmann for både Alv Askeland og Norsk Bokreidingslag L/L.

Eg hev granska synspunkti og påstandane som er sette fram av Dykk, og finn grunn til å beda Dykk koma med ei skriftleg utgreiding av korleis De ser på umstendi vedrørande løyvingane til Folkesuverenitetsboki og heidersprisen til Askeland.

Eg lyt leggja til at eg vart sers yverraska då De nemnde at Alv Askeland ikkje hadde fenge heidersprisen sin på kr. 20 000. Eg hadde trudd at Hans Sørbo og Leiv Flesland i alle høve hadde makta å reida ut heidersgåva til ein so sers idug målmann og heiderskar som Alv Askeland. Eg vil sjølv sagt ordna upp i detta tilhøvet, og i fall påstanden er rett, syta for at fondsstyret tek dei turvande grepi for å retta upp i ei eventuell skamferd frå det tidlegare fondsstyret.

Slik eg ser det no, hev ikkje Opedalsfondet nokor skuld til korkje Alv Askeland eller Norsk Bokreidingslag L/L. Eg ynskjer likevel å høyra korleides De ser på saki og eg ynksjer å taka saki upp på ny med fondsstyret. I samband med detta bed eg difor um at fylgjande vert gjort serskilt greida for eller stadfest skriftlegt:

Spursmål nr. 1.

Godtek Norsk Bokreidingslag den fyresetnaden som Opedalsfondet tok og som er nemnd i punkt 7 i vedtaket til fondsstyret, eller ikkje?

Spursmål nr. 2.

a) Meiner De at Alv Askeland ikkje hev motteke heidersprisen sin på kr. 20 000?

b) Meiner De at Norsk Bokreidingslag L/L ikkje hev motteke løyvingi til *Folkesuvereniteten*?

I fall Norsk Bokreidingslag godtek atterhaldet vårt ser eg ingen grunn til å beda Dykk svara på dei neste spursmåli, men meiner De at Opedalsfondet skuldar Norsk Bokreidingslag L/L og/eller Alv Askeland noko, bed eg um at fylgjande òg vert greidt ut skriftlegt:

Spursmål nr. 3.

a) Meiner Bokreidingslaget at Opedalsfondet skuldar laget 20 000 kr, eller ein annan sum. Når vart dessa etablert i so fall? Finst det dokumentasjon for detta, og kann De senda denna til oss?


b) Kva hev Norsk Bokreidingslag gjort for å få dei summene som laget meiner at Opedalsfondet skuldar, og når vart detta i so fall gjort? Finst det dokumentasjon for detta, og kann De senda denna til oss?

Spursmål nr. 4.

Finst det eit yversyn yver kostnadene og innkomene vedrørande *Folkesuvereniteten*? Kann De eventuelt senda det til oss?

Eg orsakar elles at eg ikkje fekk høve til å senda detta brevet til Dykk fyre jol, men diverre var arbeidsstoda mi i sterk grad påverka av sjukdom hjå arbeidsgjevaren min.

Vyrdsam helsing
Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking



styreformann -

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org.nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 7. januar 2002.

Gode Alv Askeland

SVAR PÅ FYRESPURNADEN DYKKAR UM UTETLINGANE FRÅ OPEDALSFONDET ER TIL Å LITA PÅ

Eg vil fyre eg svarar på spursmåli Dykkar takka for ei fin og perspektivrik bok. Eg arbeidde aktivt og arbeider framleis aktivt mot norsk medlemskap i EU. Eg vil nemna at eg som formann i Skuleboknemndi åt Studentmålslaget sytte for at boki Dykkar fekk løyving frå Skuleboknemndi. Eg vil òg her nemna at både denna løyvingi og mange andre løyvingar til Norsk Bokreidingslag L/L, førte med seg ikkje so reint lite motbør for meg i det lite i-målsvenleg målmiljøet i Oslo.

Løyvingane frå Opedalsfondet er sjølv sagt til å lita på. Fyresetnaden er at dei som fær løyvingi, gjennomfører prosjektet slik det er søkt og gjort vedtak um, og at fondsstyret fær rekneskap og melding um gjennomføring av prosjektet. Det er òg eit vilkår at dei fremjer krav um ut pengane vert reidde ut. Det var i tidi fyre eg vart formann praktisera ein 3-årsfrest for gjennomføring og innsending av rekneskap og prosjektmelding. Denna regelen er no skriftfest. Denna regelen er òg i samsvar med den ålmene foreldringsregelen i lovverket.

Det er med andre ord ikkje nok at eit prosjekt vert gjennomført for at løyvingi etter 3 år ikkje skal attendeførast. Fondsstyret lyt òg få rekneskap og krav om å reida ut pengane.

Det er attendeført mange løyvingar som fondsstyret ikkje hev fenge attendemeldingar um gjennomføring og/eller rekneskap. Nokre av dessa prosjekti kann sjølv sagt vera gjennomførde, men so lenge det ikkje vert sendt inn rekneskap eller prosjektmelding, fell løyvingi burt. Når ein som søker um løyving ikkje kjenner skuldnad til å senda inn rekneskap eller prosjektmelding til fondsstyret, ser eg ingen grunn til å reida ut løyvingi til honom heller. Ein viss minimumsaktivitet lyt ein kreva frå dei som skal hava løyving frå fondet.

De stiller ikkje konkret spursmål um boki Dykkar *Folkesuvereniteten, Stortinget og Grunnlovi* som vart gjevi ut på Norsk Bokreidingslag L/L. Eg vil likevel svara på noko dei spursmåli som denna løyvingi reiser. De nemner òg at løyvingi vart gjevi alt i 1996. Eg vart formann i 2000, fire år etter løyvingi. Eg vil difor ganga gjennom soga til denna løyvingi, ho reiser fleire spursmål enn svar.

Løyvingi vart etter det eg kann sjå gjevi utan at det låg fyre korkje søknad eller yversyn yver kostnader og inkomor. Løyvingi vart gjevi til boki Dykkar. Til stadar på detta fondsstyremøtet var Frøydis Lehmann og Leiv Flesland, som var og er styremedlem og forretningsførar i Norsk Bokreidingslag L/L.

Forretningsføraren kunde difor yverføra pengane utan vidare då boki låg fyre i 1997. Eg hev undra meg mykje kvifor ikkje forretningsføraren ikkje reidde ut denna løyvingi. So vidt eg veit hev Bokreidingslaget i alle dessa åri havt dårleg økonomi.

I 1997 fekk De heiderspris av Opedalsfondet, som De sjølv er inne på i brevet Dykkar. De varsla at dessa pengane skulde nyttast til boki. På møtet i fondsstyret i 1998 eller 1999 vart det synt til at De hadde gjeve pengane til boki, og at det difor ikkje lenger var trong for løyvingi frå Opedalsfondet. Til stadar på detta møtet var òg Leiv Flesland og Frøydis Lehmann, og ingen av dei protestera mot detta synspunktet.


Då rekneskapen for 1999 vart dryft fyrste gongen på møtet i fondsstyret 8. april 2000, var eg til stadar utan røyserverett, det vart her òg nemnt at fondet i inneverande år (2000) kunde føra attende millom anna denna løyvingi. Til stadar på detta møtet var òg Leiv Flesland og Frøydis Lehmann, heller ikkje no protestera dei.

De nemner at De bad son Dykkar, Jon Askeland, som er formann i Norsk Bokreidingslag L/L, um å kontakta Opedalsfondet for å røkja etter løyvingi. Eg kann ikkje finna nokon skriftleg fyrespurnad um løyvingi frå 1996 frå Jon Askeland. Derimot ligg det fyre ein fyrespurnad frå Jon Askeland dagsett 28. februar 2001. Fem år etter løyvingi. I brevet spyr han ikkje etter bokløyvingi, men etter heidersprisen som De fekk i 1997. Den andre fyrespurnaden frå son Dykkar kom etter at eg, den 27. september 2001, sende melding um løyvingi til *Norsk Målsoga*. De skriv òg noko tivtydig "Det året (1997) fekk ein sjekk frå fondet på kr. 20 000,-". Eg undrar meg yver korleis ein kann tvila på kva dei 20 000 kr var for, all den tid dei vart yverrekt i samband med heidersprisutetlingi i 1997.

Eg lyt òg leggja til at eg i samtalen med son Dykkar, Jon Askeland, bad han senda fondsstyret yversyn yver kostnadene og inkomone som vedkom *Folkesuvereniteten, Stortinget og Grunnlov*. Slikt yversyn er ikkje kome enno.

Eg tykkjer framleis at Norsk Bokreidingslag L/L synte ein so stor passivitet i høve til denna løyvingi at avgjerdi i sumar um å sletta løyvingi var rett. Eg lyt òg leggja til at eg sagde klårt i frå til son Dykkar at eg vilde leggja saki fram på ny for fondsstyret, um det synte seg at avgjerdi um attendeføring av løyvingi vart teki på gale grunnlag. Eg hev bede son Dykkar koma med ei utgreiding av korleis han ser på saki. Når denna utgreidingi er komi, vil eg sjølv sagt leggja ho fram for fondsstyret, og beda um ei ny vurdering. Kva fondsstyret konkluderer med, kann ikkje eg i dag segja.

Vyrdsam helsing
Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking



- styreformann -

Avprent; Noregs Mållag, Ivar Aasen-sambandet, Norsk Måldyrkingslag, Vestlandske Mållag, Vestmannalaget og Norsk Bokreidingslag L/L.

HANS SØRBØ

0750 Oslo
Møllefare 62 B
Tlf 22 50 00 97

Oslo 7. januar 2002

Dag Hagen Berg,
formann i styret for Halldor O. Opedals
fond for norsk målreising og måldyrking.


Fondsstyret.

Som styresmann i fondet minner eg formannen om at det å syta for styremøte i fondet er ein serskyldnad for leidaren i eit stiftingsstyre. Fondet kan ikkje gjera rettsgilde vedtak utan at det er gjort, og på slik gjerd at alle styresmenn har fått rimeleg tid til å setja seg inn i sakene og til å møta.

Ein formann kan sjølv sagt ikkje råda sjølv mint i fondet, heller ikkje i lag med ein eller fleire i styret utan formell innkalling av heile styret.

Eg ventar difor at formannen kallar inn alle styresmenn til dei avgjerder fondet skal taka, soleis i rimeleg tid til det vanlege møtet for års-sakene i mars månad. Eg bed om at formannen i brev til meg før 20. d.m. stadfester at dette vert gjort.

Med helsing



Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org.nr.: 977 152 836
Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Oslo, 8. januar 2002.

Til
Hans Sørbo
Møllefaret 62 B
0750 OSLO

SVAR PÅ FYRESPURNADEN UM STYREMØTE M.M.

Eg syner til brev frå Dykk, dagsett 7. januar 2002, der De kjem med synsmåtar på andsvar og innkallingsprosedyrar. De bed òg um at alle styrelemene vert kalla inn til styremøte.

Det er godt å høyra at ein bør skal kalla inn til styremøte "på slik gjerd at alle styresmenn har fått rimeleg tid til å setja seg inn i sakene og til å møta.". Mange vil nok med ein vis rett kunna havda at praksisen i fondet fram til våren 2000 ikkje var i samsvar med denna fyresetnadene. Eg syner m.a. til at då eg vart kalla inn til styremøte, den 8. april 2000, kom innkallingi berre nokre få dagar fyre møtetidspunktet. Tidspunktet for møtet var òg brigda rett fyreåt. Mest ingen sakspapir var sende ut og fondsstyret laut taka stilling til utkast til rekneskap og årsmelding som vart etla ut på møtet. Det var heller ikkje sendt ut framlegg til vedtak på dei andre sakene som skulde upp på møtet. Ut frå signalar hev nok diverre ein slik innkallingspraksis ikkje vore heilt uvanleg.

Eg hev i mi tid som formann sjølv sagt kalla inn alle styresmennene når det hev vore fondsstyremøte. Eg og skrivaren hev òg, i motsetnad til tidlegare, send ut skriftlege saksutgreidingar med utkast til vedtak som styresmennene kunde taka stode til.

Hausten 2000 bad eg Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag vurdere oppnemningane av målsmennene sine på ny av di dei oppnemnde, millom anna Dykk, var eldre enn det fyresegni åt fondet tillot. Eg fekk i januar 2001 svar frå Norsk Måldyrkingslag at oppnemningi skulde vurderast på ny i februar. Eg purra på ved fleire høve, seinast i mai 2001, men fekk til svar at laget enno ikkje hadde hatt styremøte. Eg sagde då klårt i frå at eg ikkje kunde venta so mykje lenger med å halda styremøte. Eg fann i byjingi av juli 2001 ikkje grunnlag for å venta lenger, og kalla inn fondsstyret. Sidan eg ikkje hadde fenge noko attendemelding frå Norsk Måldyrkingslag sende eg innkallingi og sakspapiri beinveges til formannen og beda han senda dessa papiri til målsmannen sin.

Eg tala med formannen i Norsk Måldyrkingslag i går, same dag som De sende brevet til meg, og eg vart på ny lova skriftleg attendemelding um resultatet av nyvurderingi. Denna gongen i byrjingi av februar 2002. Eg ser ingen grunn til å fastsetja noko møtedato fyre attendemeldingi ligg fyre. Dei andre spursmåli som De reiser ser eg ingen grunn til å kommentera.

Vyrdsam helsing

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

- styreformann -

Avprent; Noregs Mållag, Ivar Aasen-sambandet, Norsk Måldyrkingslag, Vestlandske Mållag, Vestmannalaget og Norsk Bokreidingslag L/L.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Upprit frå styremøte, 4. august 2001.

Møtet vart sett klokka 11.15

Møtestad: Hotel Hordaheimen

Desse var til stadar:

Dag Hagen Berg frå Ivar Aasen-sambandet, formann og møtestyrar
Lars Bjarne Marøy frå Vestlandske Mållag, skrivar og oppritar under møtet
Bjørn Tormod Ringdal frå Vestmannalaget
Mona Stormark frå Noregs Mållag, nestformann

Formannen sette møtet. Formannen fortalde han ynskte å halda styremøtet tidlegare i år, men at møtetidspunktet var skote ut i tid for å gjeva styret i Norsk Måldyrkingslag høve til vurderer utnemningi av målsmannen på ny. Formannen vitra um at han ved fleire høve hadde tala med den nye formannen i Norsk Måldyrkingslag, Arne Gjeraker. Han hadde lova at styret i Måldyrkingslaget ville vurderer ei eventuell nyutnemning av målsmann.

Godkjenning av innkalling og fastsetjing av saklista.

Innkallingi var sendt ut av skrivaren og skrivaren hadde sett upp eit framlegg til saklista som fylgde med innkallingi. Innkallingi var òg utsend med eit vedleggshefte på um lag 60 sidor, i tillegg til søknadene som for det meste var samla i ei eigi innbinding.

Skrivaren hadde sendt innkallingi til Norsk Måldyrkingslags målsmann beinveges til styreformannen i Måldyrkingslaget, sidan skrivaren ikkje var kjent med um laget ville møte med ein ny målsmann eller ikkje. Skrivaren hadde bede styreformannen i Måldyrkingslaget senda innkallingi til laget sin målsmann. Skrivaren hadde fremja fylgjande saker:

1. Upprit frå styremøte 6. mai.
2. Vitringssaker. Brev som hev gjenge ut frå fondet og kome til fondet.
3. Uppsegjngi av forretningsføraren og medfylgjande juridisk rådgjeving og rettssak.
4. Inndriving av lånet til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland.
5. Rekneskapen for 1999.
6. Heidersprisar.
7. Årsmeldingi for 2000/2001.
8. Rekneskapen for 2000.
9. Brigde i fyresegni.
10. Løyvingar. Det ligg fyre søknader for år 2000 og 2001.
11. Plasseringspolitikken.
12. Kompensasjon for småutlegg og godtgjersla.
13. Ferdautlegg.
14. Kontoret.
15. Ymse.

Det var fylgjande vedlegg til innkallingi:

- a) Upprit frå styremøtet 6. mai.
- b) Rekneskapen for 1999.
- c) Årsmeldingi for 2000/2001.
- d) Rekneskapen for 2000.
- e) Uppsett av den gamle og den nye fyresegni.
- f) Søkjarlista og mottekne søknader.
- g) Kopi av månadsrapport frå Gjensidige.

I tillegg vart justerte fyresegner og tidlegare brevbyte med Fylkesmannen etla ut under møtet. Dessutan ein søknad frå Stord Mållag. Det var ingen merknader til innkallingi.

Vedtak:

Innkallingi vart samrøystes godkjend og saklista vart fastsett i samsvar med det utsende framlegget til skrivaren.

1 Godkjenning av opprit frå styremøtet 6. mai.

Det var merknad um at notatet frå Hans Sørbø ikkje var teke med. Notatet frå Sørbø vert tilført det endelege styreuppritet. Notatet var ein merknad til oppritet, som òg fekk studnad frå Leidulv Hundvin.

Formannen synte til styrevedtaket frå 6. mai 2000 um å ikkje henta inn rettshjelp til å vurdere um ein skulde gjere ei gransking av lånegjevingi og den seinare vantande oppfylggingi av lånet til Strilesoga, og gjorde merksam på at han meintø dette ikkje var rettsgyldig av di Hans Sørbø, Leidulv Hundvin og Lars Bjarne Marøy var ugilde til å vera med på avgjerdi i denne saki. Styret samtykte òg med formannen i at Hans Sørbø, Leidulv Hundvin og Lars Bjarne Marøy var ugilde til å vera med på avgjerdi um gransking. Dette av di Hans Sørbø, Leidulv Hundvin og Lars Bjarne Marøy hadde vore styresmenn i fondet i perioden 1996-2000.

Vedtak:

Uppritet vart godkjend med merknad um at notatet frå Hans Sørbø mangla.

2 Vitringsaker.

Formannen og skrivaren greidde ut um brev som var sende og motteke og, ymse brev som var funne i arbeidsbolken og andre saker dei hadde arbeidt med.

Fylgjande saker vart dryft serlegt:

- a) Det var sendt brev til Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag, der formannen hadde gjort vallagi merksam på at dei målmennene som var peika ut ikkje stetta kravi som Opedal hadde sett i fyresegni åt fondet. Vestmannalaget hadde peika ut ny målsmann som stetta kravi, medan Norsk Måldyrkingslag framleis ikkje hadde fått høve til å vurdere saki på ny. Dei andre i styret samtykte i at ingen av styresmennene kunne vera eldre enn 75 år, slik formannen hadde gjort vallagi merksame på.

- b) Det var millom anna sendt brev til vallagi um ymse tilhøve um rekneskapen for 1999 og um ny vurdering av heidersprisane som vart løyvde på styremøtet den 8. april 2000 m.m.
- c) I samband med rettsaki mot Leiv Flesland vart det ført brevbyte med retten.
- d) Formannen og skrivaren hadde havt brevbyte med Fylkesmannen.
- e) Formannen vitra um at han hadde havt brevsifte med den tidlegare ettersynsmannen Klement Røyrane. Formannen fortalde vidare at vallagi hadde utnemnt Asbjørn Litleré til ny ettersynsmann. Styret tok den utnemningi til vitring.
- f) Formannen vitra um at han hadde møtt på eit møte med Riksfondet for nynorskpressa. Der hadde ein dryft um ulike nynorskfond og -institusjonar som sit med store kapitalinnskot kunde gå i lag um å diskutera rentevilkår med ein bank.
- g) Formannen vitra um at han hadde vore på årsmøte i Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag og orientert um stoda i fondet. Det vart òg synt til brev frå Ivar Aasen-sambandet um rekneskapen for 1994-1999. Styret slutta seg til hovudmerknadene i brevet frå Ivar Aasen-sambandet.
- h) Formannen hadde sendt krav til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland um at dei måtte betala attende lånet på umlag kr. 225 526. Stiftingi hadde 16. februar 2001 svara 166 571. Stiftingi hadde ikkje svara på kravet, og hadde heller ikkje svara på dei konkrete spursmáli frå oss. Styret tykte denna handlemåten ikkje var fullnøggjande, og at summen som enno ikkje var innfridd skulde krevjast inn snarast.
- i) Skrivaren fortalde at han hadde vore i kontakt med tri finansieringsinstitusjonar og høyrte seg fyre um avkasting og plassering av pengar.
- j) Skrivaren og formannen vitra um at fondet no hev ei plassering i pengemarknadsfond som gjeng rimeleg avkasting på um lag 7 prosent. Desse pengane er knytte til ein VPS-konto. Til VPS-kontoen er det knytt ein bankkonto der utbyte vert betala inn. Avtale um denne plasseringi var gjort av den tidlegare forretningsføraren i 1992. Ei ny pengeplassering vart gjort i 1998. Då yverførde forretningsføraren bankinnskot til ei plassering i DNB-likviditet. Denne renta var berre på 5,5 prosent. Noko skriftleg avtale og klarering av vilkåri attum plassering var ikkje funne.
- k) Skrivaren hadde funne brev som underbygde at ein av dei tidlegare målsmennene heilt klårt hadde oppført seg som ugild ved løyving, likeins hadde han funne dokumentasjon på at forretningsføraren hadde vore ugild og hadde fare fram som sterkt ugild i minst eit høve.
- l) Formannen og skrivaren vitra um brev um vedtaki i samband med brigdi i fyresegnene som var attfunne hjå Fylkesmannen.

Vedtak:

Styret sa seg samd i dei brev og rådgjerder som var fatta og tok elles utgreidingi frå formannen og skrivaren til vitring.

3 Uppsegjing av forretningsføraren og medfylgjande juridisk rådgjeving og rettssak.

Sak tri var grundig utgreidd under sak 2. Styret slutta seg til den vurderingi som formannen gjorde sumaren 2000, og tykte det var naturleg å fylgja upp saki rettsleg. Styret meinte at det låg fyre både faktiske og rettslege mistak til grunn for slutningi til Bergen namsrett. Styret hadde heilt avskipa posten som forretningsførar, sjølv um den tidlegare forretningsføraren mottok løn fram til 1. desember 2000.

Styret meinte det var rett av formannen, i spursmålet um å reisa sak, å vitra leidingi i vallagi, sjølv um vallagi ikkje hadde styringsrett yver fondet.

Formannen og skrivaren synte i høve til at orskurdi ikkje vart påkjæra, til at det ikkje låg fyre eit serskilt styrevedtak um å reisa søksmål mot den tidlegare forretningsføraren, og at det var vanskeleg å samla fondsstyret i august månad. Styret meinte òg, til liks med formannen og skrivaren som tok avgjerdi um å ikkje påklaga orskurdi, at det på grunn av tidsaspektet var rett å ikkje påkjæra orskurdi.

Eit samla styre meinte òg at den tidlegare forretningsføraren hadde påført fondet tap gjennom hans handlemåte og vantande oppfylgjing av m.a. utlånet, styret meinte òg at denna handlemåten var erstatningspliktig. Formannen fekk difor fullmakt til, um det kom upp umstende som aktualisera temaet, å fremja krav um skadebot frå den tidlegare forretningsføraren. Formannen fekk òg fullmakt til å reisa søksmål som ei eventuell rettsleg oppfylgjing av kravet.

Vedtak:

- 1. Styret meinte det, ut frå slik saki utvikla seg etter styremøtet 6. mai 2000, var rett av formannen og arbeidsutvalet å engasjera Per J. Jordal som rettshjelpar. Styret godtok difor kostnadene i samband med rettshjelpi.**
- 2. Styret godkjende søksmålet andsynes den tidlegare forretningsføraren, og godtok difor òg kostnadene i samband med dette søksmålet.**
- 3. Styret stude ikkje slutningi i domen frå namsretten, men slutta seg til avgjerdi um å ikkje påkjæra orskurden slik saki stod seinsumaren 2000.**
- 4. Formannen fær fullmakt til å reisa krav um skadebot frå Flesland, um det vert aktualisert. Fullmakti gjeld òg eventuell rettsleg oppfylgjing av kravet.**

4 Inndriving av lånet til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland.

Formannen synte til umtala si under sak 2 og las upp brev av 24. januar 2001 um innfriing av lånet. Styret sa seg leid for at det ikkje var kome svar frå Strilesoga. Styret var samde om at lånet skulde krevjast inn i heilskap, og at formannen hev fullmakt til å fylgja upp saki.

Vedtak:

1. **Formannen kontaktar Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland med krav um full innfriing.**
2. **Um det ikkje fører fram fær formannen fullmakt til fylgja upp saki rettslegt, og styret godtek dei turvande kostnadene med ei eventuell rettsleg oppfylgjing av kravet.**
3. **Sidan formannen ikkje bur i Bergen, kann han gjeva fullmakti vidare til ein annan i styret, som i so tilfelle handlar på hans vegne og eventuelt møter i forliksrådet i plassen for han.**

5 Rekneskapen for 1999.

Formannen vitra um rekneskapen, han gjekk stutt i gjennom dei tali som var ulik i høve til den rekneskapen som han hadde utarbeidd til styremøtet den 6. mai 2000. Styret studde dessa brigdi. Skrivaren synte til at eit fleirtal av vallagi no hev godkjend rekneskapen for 1999. Dette gjeld Ivar Aasen-sambandet, Vestlandske Mållag og Vestmannalaget.

Det var kome brev frå styret i Ivar Aasen-sambandet um rekneskapane til fondet og um praktiseringi av godkjenningsskipnaden for rekneskapane frå 1986-1999, detta brevet låg med innkallingi. Styret var samd i det meste av det som var lagt fram i dette skrivet.

Styret slutta seg til sluttkommentaren åt ettersynsmannen, som slo fast at det ikkje burde lånast ut pengar utan ein tryggjer seg låneavtale eller gjeldsbrev. Det bør dessutan ikkje i noko tilfelle lånast ut pengar som vert tekne frå grunnstolen.

Vedtak:

Styret slutta seg til det oppsettet som formannen hadde sett upp, og som fleirtalet av vallagi no hadde godkjent. Styret rekna prosessen med å få rekneskapen for 1999 godkjend for avslutta og ser på rekneskapen som endeleg godkjend.

6 Heidersprisar.

Styret vurderte dei heidersprisane som vart gjorde på fondsstyremøtet 8. april i fjor på ny. Styret meinte det var rett av formannen, nestformannen og skrivaren å vurdera løyvingane på ny, då grunnlaget for løyvingane ikkje var til stadar sumaren 2000. Styret meinte at det no etter delinnfriingi av lånet til Strilesoga, var grunnlag for å løyva dei heidersprisane som vart løyvde i fjor. Styret tok ved å taka uppatt løyvingane til heidersprisane. Fondsstyret vil likevel presisera at det er vilja til fondsstyret at prisane skal koma prisvinnarane og arbeidet for den norske målreisingi til gode. Det kann òg vera aktuelt at prisane vert sendt til mållag e.l. etter ynskje frå prisvinnarane. Formannen tek seg av eventuelle slike tilfelle, og syt i so fall for å gjera avtalor med prisvinnarane og eventuelle mottakarar.

Skrivaren og formannen tek seg av dei praktiske sidone ved å vitra um prisane. Formannen kontaktar prisvinnarane. Skrivaren formar ut ein presentasjon av prisvinnarane. Styret vedtok at det skal haldast ei stemna der prisvinnarane og prisutdelingi gjeng inn i programmet for stemna. Det vert innleidd eit samarbeid med utgangspunkt i Fondet der Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet gjeng inn i ei tilskipingsnemnd. Tilskipingsnemndi arbeider sjølvstendig og fær tildelt ein sum på kr. 50 000 til å reida ut kostnaden. Skrivaren nemnde at kostnadene kunne verta høgare, det var semje millom styrelemene um at ein ikkje skulde vera knipen. Det var semje um at fondet svara for kostnadene, sjølv um dei vart høgare enn kr. 50 000, men at tilskipingsnemndi i utgangspunktet skal halda seg innan denne budsjettråma. Prisutdeling vert 27. oktober og stemna held fram 28. oktober.

Fondet gjorde vedtak um at ein person frå kvart av vallagi vert innbeden som gjest under tilskipingi. Styrelemene fær dekt ferdautlegg. Ettersynsmennene Klement Røyrane og Asbjørn Litleré vert innbedne og bladmenn frå Bergens Tidende, Dag og Tid, Hordaland og Sunnhordland og Vestlandsrevyen og TV 2. Elles vert stemna utlyst i pressa og på andre måtar. Skrivaren fær i oppgåva å røkja etter um det finst standardtutteikning for diplom frå Opedalsfondet, og tinga diplomar.

Vedtak:

1. **Styret løyver heiderspris til Vincent E. Færavaag, Johannes Gjerdåker og Fridtjov Sørbø, jfr. styrevedtak av 8. april 2000.**
2. **Kvar pris vert på kr. 25 000,00.**
3. **Formannen tek seg av avtalor um summene eventuelt skal sendast andre enn mottakarane, jfr. nr. 1.**
4. **Prisane vert etla ut 27. oktober 2001 under denne sams tilskipingi. I samband med prisutdelingi vert det skipa til ein konferanse. Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag vert bedne um å hjelpa til med dei praktiske gjeremåli. Ei tilskiparnemnd med nestformannen, skrivaren, Ringdal, Helge Liland og Gunleiv Hadland tek dei praktiske oppgåvone.**
5. **Det vert løyvd, i utgangspunktet, kr 50 000,00 til denne tilskipingi. Vert det trong for meire, fær skrivaren og nestformannen fullmakt til å yverføra ein større sum.**

7 Årsmeldingi for 2000-2001.

Skrivaren hadde sendt ut utkast til årsmelding på fyrehand. Han orienterte stutt um innhaldet i årsmeldingi. Styret gjekk gjennom utkastet og samtykte i mest alt. Formannen meinte at ein laut ha eit eiga punkt um økonomi og dette styremøtet, styret tykte det same.

Vedtak:

Årsmeldingi vart samrøystes godkjend med småe brigde, og at det vart skrive inn eit punkt um økonomi. Formannen og skrivaren fekk fullmakt til å penneføra brigdi.

8 Rekneskapen for 2000.

Formannen hadde ført rekneskapen, som er sett saman av resultatrekneskap, jamvekt og 12 notar. Rekneskapen var utsend. Formannen lagde på styremøtet fram dagboki og alle vedleggi til rekneskapen. Han vitra munnleg um dei viktugaste rekneskapspostane. Framlegget til rekneskap for 2000, synte:

Driftskostnader	54 147,00
Finansinnkomor	168 904,10
Umframinnkomor	54 596,46
Umframkostnader	2 641,70
Yverskotet	54 211,86
Avsetnad grunnstol	20 000,00
Avsetnad uttelingsfond	34 211,86
Eiga	2 817 651,53
Eigenmidelen	2 491 415,03
Grunnstolen	2 170 000,00
Uttelingsfondet	321 415,03

Formannen synte til at det i framlegget til rekneskap var gjort avsetnad til grunnstolen lik den som var gjort i fjor, og at "resten" av yverskotet var yverført til uttelingsfondet. Formannen gjorde merksam på at desse disposisjonane var gjort fyre formannen fekk kjennskap til fylkesmannen sitt vedtak dagsett 3. april 1992. Han heldt fram at driftskostnadene for ein stor part var umframme kostnader knytte til opprydjingsarbeid.

Ein post under umframinnkomone var ei renta frå Vestenfjellske bykredittforening og De norske bykredittforeningar. Den vart ikkje inntektsført av tidlegare forretningførar då han førde rekneskapen for 1999, detta mistaket vart diverre ikkje oppdaga ved den nye føringi av rekneskapen for 1999.

Formannen gjorde merksam på at han hadde søkt um utsetjing av fresten for innleveringi av rekneskapen til 15. september 2001, og at han munnleg hadde fenge positivt svar frå Fylkesmannen. Formannen hadde lagt ved framlegget sitt til rekneskapen for 2000 med søknaden.

Vedtak:

Styret fastsette rekneskapen millombils i samsvar med framlegget frå formannen, med atterhald um påteikning frå ettersynsmannen. Avsetnaden til grunnstolen vert sett til kr. 20 000,00, og resten av yverskotet vert yverført til uttelingsfondet. Rekneskapen med ettersynsmelding vert utsend til vallagi for godkjenning.

9 Framlegg til brigde i fyresegnene.

Formannen og skrivaren vitra um dei brevi som var komne fram i samband med gjenomgangen av rekneskapane og arkivet. Denna gjenomgangen hadde synt at det var skilnad millom den fyresegni, som i alle høve dei fleste vallagi og det nye styret hadde fenge seg fyrelagt av den tidlegare forretningsføraren, og den gyldige fyresegni. Det største praktiske skilnaden millom dessa var serlegt § 2 i fyresegni.

Formannen hadde oppdaga at fyresegni ikkje var oppdatert under eit møte millom han og Fylkesmannen i går, 3. august 2001. Skrivaren gjorde merksam på at han hadde teke utgangspunkt i eit oppsett han og dei andre i fondsstyret hadde fenge frå den tidlegare forretningsføraren, då han sende ut framleggi um brigde i dei andre fyresegnene. Dette oppsettet synte seg ikkje å vera i samsvar med dei vedtak som Fylkesmannen hadde gjort.

Formannen vitra um at dei brigdi som det no ligg framlegg um å gjera, lyt gjerast som ei umskiping (permuntasjon) av fondet, jfr. stiftingslovi § 32. Det er ikkje styret sjølv som kann gjera denna umskipingi. Etter stiftingslovi ligg fullmakti hjå Kongen, jfr. § 32. Den reelle avgjerds makti ligg hjå Fylkesmannen i Hordaland, som gjennom delegasjon hev fenge fullmakt til å taka avgjerd um umskiping, jfr. kgl. res. dagsett 4. desember 1981 og rundskriv 198/88 frå Justisdepartementet. Det er berre skiparen og styret i fondet som kann søkja um umskiping, jfr. § 33 fyrste lekken i stiftingslovi. Skiparen av fondet, Halldor O. Opedal, døyde 17. januar 1986. Han var ugift og etterlot seg ikkje livsarvingar.

Formannen vitra òg um at fyre umskipingi kann gjerast skal framleggi vera sendt til høyring hjå slektningane til skiparen (Halldor O. Opedal), og organisasjonar og andre som saki vedkjem, jfr. § 33 andre lekken. Styret tykte det var naturlegt at vallagi fær saki til høyring. Ingen i styret viste um Halldor O. Opedal hadde sysken som framleides var i live. Formannen fekk i oppgåva å røkja etter um nokon av Opedal sine sysken framleides var i live, og eventuelt høyra kva dei tenkte um framleggi til umskiping.

Avsetnadene til grunnstolen.

Formannen gjekk i gjennom verknaden av det vedtaket Fylkesmannen gjorde i 1992 vedrørende §§ 2 og 5 i fyresegni. Hovudinnhaldet i umskipingi i 1992 var at ein fekk årlege avsetnader, på minst 10 % av avdråtten, og at dei skulde vera so store at det røynte verdet av grunnstolen auka. Konsekvensen av umskipingi er at ein lyt setja av mykje meir enn fyre umskipingi i 1992. Skulde ein setja av so mykje som § 2 gjer påbod um, vert avsetnaden på millom 1/3 og 2/3 av den årlege avdråtten. Etter det formannen hadde rekna ut ville avsetnaden ha utgjort i 1997 66,6%; 1998 50,4%; 99 38,8% og i 2000 62,9% av den årlege resultatet fyre umframpostane (attendeføringane). Slike avsetnader ville etter formannen si meining ikkje vera i samsvar med fyremålet til fondet, sidan dei årlege løyvingane ville vera sers knappe.

Formannen peika vidare på at han i arbeidet med rekneskapane hadde sett i arkivet til Ivar Aasen-sambandet, og bede Noregs Mållag sjå i sitt arkiv um brevbyte millom fondet og laget. Formannen synte til at arkivi både i Ivar Aasen-sambandet, Noregs Mållag og fondet sjølv, ikkje klårgjorde heile saksgangen attom den umskipingi som skjedde i §§ 2 og 5 i fyresegni i 1992. Formannen gjorde likevel, med atterhald, greide at saksgangen hadde gjenge soleis:

I 29. desember 1971 sette Halldor O. Opedal upp fyresegni som ein del av gåvebrevet. I § 5 vart det slege fast at fondet skal fylgja ein turnus på fira år, med utetlingar dei tri fyrste og:

Fjerde året skal renta leggjast attåt hovudstolen i samsvar med § 2.

Det finst, i gåvebrevet, ingen krav eller påbod som fyreset at det røynte verdet av grunnstolen skal haldast ved lag.

Fyresegnene i § 5 vart ikkje fylgd dei fyrste åri, etter ynskje frå Halldor O. Opedal sjølv, soleis at fondet ikkje etla ut studnad fyrr i 1976. Dette av di både fondsstyret og Halldor O. Opedal ynskje at grunnstolen skulde koma upp i ein milliion kronor.

I 1982/83 hadde ein i eit bel fylgd turnusen i gåvebrevet, då vart fondsstyret oppmoda av Halldor O. Opedal um å setja av meir til grunnstolen. Dette av di han då òg ynskje at grunnstolen skulde nå ein million so snøgt som råd. Dette fylgde fondsstyret upp, med å setja av 10 % av avdråtten òg i dei tri fyrste åri av turnusen, attåt heile avdråtten det fjerde året.

I midten av 1980-talet vart grunnstolen på ein million kronor. Det kom difor ynskje om to brigde:

1. at fondet gjekk attende til turnusen, og
2. at §§ 2 og 5 i fyresegni vart brigda soleis at meir av avdråtten skulde nyttast til å fremja fyremålet med fondet, enn det som gjekk fram av den dågjeldande fyresegni

Styret gjorde i 1987 vedtak om å brigda § 2 og 5, med tanke på å minka avsetnaden. Styret fyreslo at ein skulde setja av 10 % av den årlege avdråtten, i staden for heile avdråtten den fjerde året i turnusen. Fyremålet med denne umskipingi var at ein skulde nytta meir av avdråtten til å fremja fyremålet med fondet og nytta mindre til grunnstolen, sidan denne var komen yver ein million. Framlegget vart sendt på høyring hjå vallagi. Alle stytte vallagi framlegget med undantak av Norsk Måldyrkingslag, som ynskje å setja av minst 10 %, likevel høgst 25 % av den årlege avdråtten. Innanfor desse avgrensingane, skal avsetnaden til grunnstolen fastsetjast slik at det røynelege verdet til grunnstolen aukar.

Kvart år skal millom 10 og 25 % av avkastingi leggjast til grunnstolen. Denne luten av avkastingi skal fastsetjast slik at det røynelege verdet av grunnstolen aukar.

Merknaden frå Norsk Måldyrkingslag vart ikkje sendt til dei andre vallagi.

Avdråtten i midten av 1980-talet var sers høge, og ein avsetnad på like yver 10 % av den årlege avdråtten var nok til å halde det røynelege verdet ved lag.

Brigdi av fyresegni som fondsstyret gjorde i vedtaket frå 1987 vart i praksis fylgd upp, utan at det hev skjett ei formell umskiping av fylkesmannen. Etter kva arkivi fortel vart saki fyrst i 1992 fremd andsynes Fylkesmannen. Eit brevbyte med den dåverande formannen, enda med at fondet søkte um fylgjande umskiping av §§ 2 og 5 i fyresegni:

Kvart år skal minst 10 % av avkastingi leggjast til grunnstolen. Denne luten av avkastingi skal fastsetjast slik at det røynelege verdet av grunnstolen aukar.

Fylkesmannen gjorde difor 3. april 1992 vedtak um umskiping av fyresegni, §§ 2 og 5 i samsvar med det siste framlegget frå dåverande formann. Dette var ikkje sendt ut på høyring hjå vallagi og det er uvisst det var hava fyre av fondsstyret. I fall det ikkje låg fyre styrevedtak eller fullmakt frå styret for det framlegget som Fylkesmannen låg til grunn for avgjerdi, meinte formannen at det låg fyre ein ålvorleg mangel ved saksfyrehavingi. Denne mangelen kunne føra til at vedtaket ikkje var rettsgyldig, sidan umskiping berre kann gjerast etter initiativ frå fondsstyret.

Skilnaden på framlegget frå 1987 og 1992 er at i 1987 vart det sett 10 % årleg, utan omsyn til det røynelege verdet til grunnstolen. I framlegget frå 1992 var det eit påbod um å tryggja det røynelege verdet til grunnstolen, fyresegni slo fast eit minimumskrav.

Teoretisk kann ein soleis uppleva at heile avdråtten lyt setjast av til grunnstolen. I framlegget frå Norsk Måldyrkingslag som òg hev eit minimumspålegg hev i det minsta ei yvre grensa (på 25 %) for kor mykje som skal setjast av til grunnstolen, sjølv um det røynelege verdet minkar.

Formannen kom med fylgjande merknader til saki:

- a) Halldor O. Opedal hadde ingi påbod um at grunnstolen skulde halda uppe sitt røynelege verde i gåvebrevet frå 29. desember 1971. Sidan vedkommande fyresegn ikkje var ein del av den opphavlege fyresegni kan det ikkje vera umstende som Halldor O. Opedal såg på som vesentlege, som skulde tilsegja at denna umskipingi ikkje kann skje.
- b) Hovudintensjonen med dei umframavsetnadene som skjedde på 1970-talet og 1980-talet var at grunnstolen skulde nå ein million kroner, ikkje fyrst og fremst det røynelege verdet av grunnstolen. At sideeffekten av umframavsetnadene var ogso eit større røynelegt verde, er det ingen i tvil um.
- c) Fyremålet med den umskipingi som fondsstyret gjorde framlegg um i 1987 var å minka den pålagde avsetjingi til grunnstolen, ikkje å auka ho.
- d) Alle vallagi stydde dette ynskjemålet, sjølv um Norsk Måldyrkingslag, ynskte å setja av meir enn dei fira hine vallagi og fondsstyret.
- e) Dei årlege reelle avdråttane i kring 1987 var sers høge, slik at ein ikkje hadde serleg tanke på at fondet kunne koma i den stoda at um lag 40 % av den årlege avdråtten laut setjast av til grunnstolen um det røynelege verdet hans skulde haldast ved lag. Dimed er en viktug fyresetnad for fyresegni falle burt, jfr. § 35 3) siste punktum.
- f) Det siste framlegget som vart fremja andsynes Fylkesmannen var ikkje på høyring hjå vallagi. Dei hev soleis ikkje hatt høve til å koma med merknader til det. Dette momentet er truleg i seg sjølv ikkje god nok heimel for å brigda fyresegni, men er eit viktig attåtment.
- g) Skilnaden millom både framlegget frå 1987 og framlegget frå Norsk Måldyrkingslag på den eine sida og framlegget frå 1992 på den andre sida er at dei to fyrste minkar avsetnadene i høve til fyresegni slik ho vart sett upp i 1971 medan det andre i praksis (frå 1990-talet) fører til at avsetnadene lyt vera um lag 40 % av den årlege avdråtten. Det verkar ogso lite heldig i høve til fyremålet å ha påbod som krev so høge avsetnader til grunnstolen.
- h) Det siste framlegget frå fondsstyret ville, um ein skal nytta 1990-talet som utgangspunkt, føra til at dei reelle avsetnadene til grunnstolen vert dobla i høve til fyresegni som Halldor O. Opedal sette upp, sjølv um dei nominelt berre er på 40% kvart år. Dette sidan avsetnaden i fylgje gåvebrevet berre skulde gjerast det siste året i firaårs-turnusen. Den nye fyresegni fastsett årlege avsetnader, der avsetnadene i dei fyrste åri sjølv gjev avdrått i dei neste åri.

- i) Det var soleis ikkje samsvar millom det i alle høve fleirtalet av vallagi og fondsstyret ynskje å oppnå, og det som vart resultatet av umskipingi i 1992, um ein skal fylgja den nye fyresegni um avsetnadene til grunnstolen. Fyresegni slik ho vart i 1992, er dimed komi i strid med meiningi med umskipingi, jfr. § 35 3).
- j) Fyresegni slik ho vart etter vedtaket til Fylkesmannen, dagsett 3. april 1992, er ikkje gjort kjend for vallagi. I alle høve ikkje Ivar Aasen-sambandet, Vestlandske Mållag og Noregs Mållag.
- k) Fyresegni er heller ikkje i praksis fylgd, med undantak av året 1999 då det dåverande fondsstyret gjorde framlegg um ein avsetnad på kr. 100 000,00. Denne avsetnaden vart ikkje godteke av fira av dei fem vallagi. Dei kjende då ikkje til fyresegni i § 2.
- l) Fyremålet med fondet er ikkje å samla seg midlar, men å fremja norsk mål og måldyrking ved å gjeva studnad til personane og tiltaki som fremjer fyremålet. Fondet vil sjølv med ein avsetnad på 10 % av avdråtten, framleis vera eit av dei tri største målfondi i landet. Fondet vil ikkje missa tyngd og "gjetord" innan målrørsla. Sjølv um ein ikkje gjer dei store avsetnadene som fyresegni no krev, vil ein godt kunne halda uppe minnet etter Halldor O. Opedal, som òg er ein av tankane bak fondet. Ynskje um å halda uppe sitt eige minne, var ein av grunnane til at skiparen fastsette at fondet skulde bera namnet sitt.
- m) Heimelen til umskiping finst i stiftingslovi §§ 32 og 34. Det materielle grunnlaget for umskipingi finst i § 35, med avgrensing av § 36. I § 35 finst det to ulike grader av materielle vilkår som lyt vera til stades fyre umskiping kann gjerast. I § 35 1. lekken gjeld brigde av fyremålet eller anna som er lagt vesentlegt vekt på av skiparen. For dessa brigdi er kravet at fyresegni som ein ynskjer å brigda er **synbert** uheldig eller ufornuftig. § 35 2. lekken gjeld andre brigde, for dessa gjeld ikkje kravet um å vera synbert. Avsetnadene er ikkje ein del av fyremålet og som nemnt tidlegare var ikkje vilkåret um "røynlegt verde" med i den opphavelige fyresegni, og difor kann ein leggja til grunn at det fyreslegi brigdet ikkje treng vera **synbert** uheldig, jfr. § 35 1. 4) – berre uheldig, jfr. § 35 2. lekken. Av same grunnen vert ikkje det fyreslegne brigdet råka av avgrensingane i § 36.

Styret sagde seg samd i det som formannen nemnte. Styret meiner at um ein skal fylgja fyresegni slik ho er no vil det vera synbert uheldig for fyremålet og destinatarane. Ei eventuell umskiping kann dimed ogso heimlast i § 35 1. lekken 4).

Styret er meir uviss um fyresegni fall inn under vilkåret "synbert ufornuftig". At grunnstolen vert stor er nok ikkje ufornuftig, sjølv om det er til ulempa for fyremålet (destinatarane). Styret kom fram til at ein ikkje trong nærare dryfting av detta momentet, sidan § 35 1. lekken 4) nytta umgrepet "eller". Det er, etter styret si meining, nok at fyresegni er synbert uheldig.

Styret meiner òg at fyresegni i tillegg var komi i strid med meiningi med umskipingi i 1992, sidan meiningi var å minka avsetnadene til grunnstolen. Styret syner òg til at ein av fyresetnadene for umskiping i 1992, dei store reelle avdråttane, heller ikkje lengre er til stades, umskipingi kann dimed òg heimlast i § 35 1. lekken 3). Styret meiner difor at fyresegni um auka reell verde ikkje bør standa i fyresegni år fondet, og at siste setningi i § 2 fell burt.

Styret meiner difor at ein ikkje berre skal gjera ei vurdering av dei skrivne fyresegnene, men og ynskje um å halde minne um Halldor O. Opedal uppe. Vert avsetnadene til grunnstolen høge vert utetlingane relativt sett mindre. Mindre utetlingar fører òg til mindre merksemd, andsynes fondet og minnet um Halldor O. Opedal.

Aldersgrensa.

Skrivaren synte til framlegget um å understreka fylgja av aldersgrensa i § 3. Skrivaren synte til dei siste åri der middelalderen i fondsstyret hadde vore sers høg og at kontakten millom fondsstyret og vallagi hadde vore liten. Formannen synte til brev frå fondet til to av vallagi som hadde nemnt upp personar som var nesten 80 år gamle til styresmenn i fondet. Formannen sagde at i tillegg til høg alder hadde desse vore nært knytt fondet i godt yver 12 år.

Skrivaren synte til millom anna fylgjande som var nemnt i brevet til dei to vallagi, Norsk Måldyrkingslag og Vestmannalaget:

Ut i frå ordvalet og skrivemåten, der Opedal skilde millom "bør ikkje stå lengre" og "Aldersgrensa er", er det klårt at han hev vore sers medviten um kva verknader dei ulike fyresegnene hev.

Styresemennene bør ikkje stå lengre enn; sidan Opedal nyttar umgrepet "bør" er fyresegni deklarasjonsart, altso kann ikkje vallagi fråvika denne fyresegni.

Aldersgrensa er oppover 75 år; sidan det er nytta umgrepet "er" er denne fyresegni preseptorisk. Vallagi kann difor ikkje rettvis fråvika denne fyresegni.

I mange tilfelle vil ein ikkje berre måtta vurdere ordvalet som er nytta i fyresegnene, men òg umstendi rundt nedskrivingi av fyresegnene. Fyresegnene som Opedal sette upp var dryfta med med advokat fyrr dei vart sette upp. Det tyder på at fyresegnene var godt gjennomdryft, og at ordvalet bygde på ei nøgje vurdering. Opedal hev heilt tydeleg skilt millom "bør" og "er", og at han var medviten um den rettslege verknaden av skiljet. Ei aldersgrensa oppover til 75 år tykkjer heller ikkje vera unaturleg. Det er, etter det styret skynar, ingen moment som i dag skulde tyda på at desse hev mist rettskraft eller at vallagi kann sjå burt frå dei.

Når fyresegni hev vorte tolka onnorleis av vallagi enn dei etter styret si meining var meint, tykkjer fondsstyret det er turvande å gjera ei understreking av denne paragrafen og slå fast at målmenn yver 75 år gjeng ut av fondet. Då vil det ikkje verta rom for tolkingar. Fondsstyret meiner difor at det noverande tolkningsromet er "uheldig", jfr. stiftingslovi § 35 andre lekken.

Godkjenningi av rekneskapane og val av ettersynsmenn.

Skrivaren synte til ordskiftet på fyrre styremøte, der ein var samde um å sjå på denne paragrafen, sidan det ikkje var samsvar millom fyresegni og stiftingslovi.

Formannen gjorde greide for dei vurderingane som han og Per J. Jordal hadde gjort i fjor haust, i samband med brigdi av § 4. Der det var ein stor skilnad millom fyresegni åt fondet og andsvardsdelingi som stiftingslovi sette i §§ 10 og 11.

Formannen synte til at fyresegni slo fast at styret skal peika ut ettersynsmann og at vallagi godkjenner rekneskapen, medan stiftingslovi slær fast at vallagi vel ettersynsmann, jfr. § 11 sjuande lekken, og at styret fastset rekneskapen, jfr. § 10. Altso er ordningi i fyresegni motsett av lovi. Formannen ynskte at fondet skulde søkja um umskipping av fyresegni slik at ho vert i samsvar med lovi. Resten av styret tykte det same

Ein ny paragraf, § 4, som slær fast at styret godkjenner rekneskapen, men at eit fleirtal av lagi kann krevja ny godkjenning av rekneskapen. Vallagi vel ettersynsmann. Denne paragrafen vil gjera fyresegnene i samsvar med stiftingslovi. Den vil få få praktiske fylgjor for fondet. Fondsstyret ser det som uheldig at fyresegni ikkje er i samsvar med stiftingslovi, og det som urett at styret skal nemna upp sin "eigen" ettersynsmann. Fondsstyret meiner difor at den noverande § 4 i fyresegni ikkje lenger lar seg etterleva, jfr. § 35 fyrste lekken og fyresegni er "uhensiktsmessige", jfr. § 35 andre lekken i stiftingslovi.

Tidspunktet for utetlingane.

Skrivaren synte til det utsende framlegget um brigde i § 5, og at kravet um at styremøtet vert halde i mars månad vert sløyfa. Framlegget vart grunngeve med fylgjande:

- a) Rekneskapen treng ikkje etter gjeldande lover å vera fastsett fyrr 1. juli, og rekneskapane hev ikkje vore ferduge fyrr i april. Ein bør ikkje vera tvungen til å gjera løyvingar fyrr rekneskapen er ferdug.
- b) Praksisen hev vore ymsande i fondet med umsyn til styremøtedatoar. I dei siste åri hev styremøte vore halde seinare enn mars månad ved fleire høve. Fondsstyret hev ynskje um å halde styringsutlogone låge, og sidan rekneskapane normalt ikkje er ferduge fyre april/mai, bør fondsstyret ikkje vera tvunge til å halda to ulike styremøte.

Det er ingen moment som, etter fondsstyret si meining, gjer at denna fyresegni vart lagt serlegt vekt på av Halldor O. Opedal, då han sette upp gåvebrevet. Ogso dette framlegget kann difor etter styret si meining umskipast i medhald av §§ 32 og 35 andre lekk.

Instituttet *Halldorsbu*.

Formannen synte til ordskifte på fyrre styremøtet um umskipping av fyresegni. Han stilte òg spursmål ved kva "*instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang*" var, jfr. § 6 i fyresegni. Ingen i fondsstyret hadde høyrte um dette instituttet, og um det ikkje finst vil ikkje fyresegni lata seg etterleva, jfr. § 53 fyrste lekken 1). Formannen fekk i oppgåva å røykja etter kva meiningi med fyresegni kunne ha vore.

Fondsstyret var samde um at ein skulde søkja um å få umskipa denne fyresegni saman med dei andre brigdi – um det synte seg at instituttet *Halldorsbu* ikkje eksistera. Styret meinte at den alternative løysingi ikkje var det mest turvande å arbeida vidare med, sidan alle vallag eksistera og ein ikkje såg nokon snarleg løysing på målstriden.

Formannen og skrivaren fekk difor fullmakt til å greida ut saki og å koma med ein alternativ tekst i § 6, i samsvar med dryftingane her på styremøtet. Desse framleggi må sendast ut til vallagi, so at dei fær høve til å koma med merknader til fondet. Deretter må dei sendast til Fylkesmannen for godkjenning.

Vedtak:

Styret gjer framlegg um umskiping av fyresegnene til fondet i medhald av stiftingslovi, jfr. § 33. Umskipingi gjeld fyresegnene til fondet, som kann umskipast i medhald av §§ 32, 34 og 35 andre lekken i stiftingslovi.

Styret ynskjer ikkje å brigda fyremålet og ser heller ikkje at dei brigda som er fyreslegne råkar noko ved fyremålet. Styret trur heller ikkje dei brigdi som det vert gjort framlegg um vart lagt vesentlegt vekt på av Halldor O. Opedal då han skipa fondet i 1971.

Styret ynskjer brigde i/ved fylgjande:

§ 2 vert brigda soleis at siste punktum fell burt.

§ 3 vert brigda soleis at det kjem ei setning i tillegg til eksisterande tekst til slutt, som lyder:

Styresmenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret.

§ 4 vert brigda soleis at heile den gamle ordlyden fell burt og fylgjande kjem i staden for den gamle:

Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og fastsetja rekneskapen.

Rekneskapen skal sendast til styri i dei lagi som har valrett til fondet, styri i desse lagi har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter at dei fær han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på ny.

Ettersynsmannen skal peikast ut av styri i dei lagi som har valrett til fondet. Den ettersynsmannen som eit fleirtal av lagi vil ha, er vald.

§ 5 vert brigda soleis at ordi ”i mars månad” i fyrste setningi i fyrste lekken fell burt.

Formannen hev fullmakt til å søkja um ei onnor skiping av fyresegni i § 6, um ho ikkje let seg etterleva. Formannen skriv ei utgreiding med underbygging for brigdi i samsvar med dryftingane på dette møtet.

Framleggi med grunngjeving vert fyrst sendt til vallagi på høyring. Deretter vert framleggi sendt Fylkesmannen med dei eventuelle merknadene som vallagi hev.

10 Løyvingar. Det låg fyre søknader for 2000 og 2001.

Formannen synte til at uttelingsfondet per 31. desember 2000 var på kr. 321 415,03, og at det i eit varsamt yverslag for utviklingi for 2001 vil verta ein avdrått på kr. 150 000 og attendeføringar på like yver kr. 100 000. Styret stend difor fritt til å etla ut like yver kr. 500 000. Formannen meinte likevel at fondet ikkje burde nytta meir enn det venta årsyverskotet for 2001, etter fråtrekk av avsetnaden til grunnstolen. Formannen gjorde framlegg um at styret etla ut mindre enn kr. 230 000. Dei andre styremedlemene tykte det same.

Styret dryfta um det låg fyre ugildskap:

Formannen gjorde greida for at han hadde spela ein sentral funksjon i å skaffa pengar til det praktiske arbeidet med Norsk Målsoga. Og at han for tidi var styrelem i Høgnorskringen som skulde gjeva ut Serprentet det var søkt um pengar til. Formannen understreka at han ikkje hadde noko med sjølve utgjevingi å gjera. Formannen peika òg på at han hadde vore formann i Ivar Aasen-sambandet, men at han for tidi ikkje var med i styret i Ivar Aasen-sambandet. Dei andre styrelemene meinte at det ikkje låg fyre formell ugildskap for formannen i samband med Målsoga. Han hadde ikkje verv i Norsk Bokreidingslag L/L som var søkjarlag. Styret meinte òg at Serprentet ikkje var beinveges knytt til styrevervet til formannen. Styret såg burt frå tidlegare styreverv i Ivar Aasen-sambandet, som no var avslutta.

Skrivaren gjorde kjent at han var bladstyrar for Vestmannen som hadde søkt um tilskot. Ugildskapen til skrivaren som bladstyrar for Vestmannen vart konstatert, men vart ikkje aktuell av di styret utan vidare av slo søknaden frå Vestmannen.

Skrivaren gjekk i gjenom alle søknadene som var komne inn, og det vart eit stutt ordskifte um kvar einskild søknad. Styret hadde alt under sak 7 løyvt kronor 50 000,00 til ei målstemna samstundes med uttellingane av heidersprisane som vert sett i gong av Opedalsfondet i samarbeid med Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag.

Nestformannen nemnde at fondet til vanleg ikkje burde gjeva ålmen diftsstudnad, og var soleis skeptisk til å løyva til Ivar Aasen-sambandet. Alle styrelemene var likevel samde um at Ivar Aasen-sambandet hadde havt utlegg i samband med reisone til formannen året fyrr. Desse utleggi skulde vore utreidde av fondet. Difor verka det rimeleg at laget fekk ein driftsstudnad i år, dimeir av di laget hev dårleg økonomi.

Det var semje um at etla ut like mykje til dei fem vallagi som fyrr altso kr. 7 500,00 til kvart av lagi.

Formannen gjorde merksam på at det ikkje var sendt med finanseringsplan for *Norsk målsoga* ved søknaden. Styret kunde soleis ikkje vita kor god inndekking målsoga kunde få. Det var semje um at fondet ikkje ynskte å vera med på å yverfinansiera *Målsoga*, det var difor semje um at studnaden til *Målsoga* i fyrste umgang vert gjort som lån. Det var likevel semje um at lånet vert gjort um til ei rein løyving um bokprosjektet ikkje yverfinansiert. Fondsstyret var òg uviss um økonomien til Norsk Bokreidingslag, og korleis ein fallitt vil påverka utgjevingi og ikkje minst spreidingi av *Norsk Målsoga*.

Styret vart difor samde um at studnaden skal tryggjast gjennom pant i den ferdigprenta boki, helst ved handpant. Då vil ikkje kreditorane kunna kverrsetja boklageret av dei utgjevne bøkene. Formannen fekk i oppgåva å sjå på dei nøgjare skilordi i samband med pantasetjingi. Pantasetjingi var difor ikkje fyrst og fremst sett i verk for å tryggja fondsmidelen, men for å tryggja at bøkene ikkje fall i hendene på kreditorane til Norsk Bokreidingslag. Boklager som eventuelt vert teke yver, skal leverast yver mest mogeleg vederlagsfritt til andre som kann standa for salet av *Målsoga* – til beste for målreisingsarbeidet.

Styret presisera at lånet til Norsk Bokreidingslag ikkje var ei plassering av fondsmidelen, men ein studnad til utgjevingi av *Målsoga*. Lånet vert difor rekna som utetling og for tapt alt frå den dagen det vert yverført til Norsk Bokreidingslag. Formannen tek bokføringi upp med ettersynsmannen.

Fær ikkje Norsk Bokreidingslag rimelegt vyerskot på salet av boki, vert lånet ettergjeve med 1/3 kvart år, rekna frå året etter at boki vart lagd ut for sal til ålmenta. Det vart sett vilkår til at *Målsoga* fær inskripsjon med at boki hev fenge tilskot frå fondet.

Den nye studnaden (lånet på kr. 50 000) kjem i tillegg til dei kr. 65 000 som fondet alt hev løyvt til *Norsk målsoga*. Ein fyresetnad for å halda uppe den tidlegare løyvingi (på kronor 65 000,00) og lånet, er at løyvingi til boki um folkesuvereniteten som vart gjeve i 1996 til Alv Askeland fell burt. Vert ikkje denne fyresetnaden godteken av Bokreidingslaget, saki upp på neste møte.

Vedtak:

Desse fekk løyvingar:

Søkjar:	Søkte til:	Sum:
Høgnorsknytt	Serprent	10 000,00
Norsk Målungdom	Skulemålskonferanse	5 000,00
Blindern Høgnorsklag	Målfagleg stemna	10 000,00
Sunnmøre Vestmannalag	Høgnorskdagar	15 000,00
Ivar Aasen-sambandet	Driftsstudnad	10 000,00
Stord Mållag	Søknad til konferanse	20 000,00
Norsk Bokreidingslag	Studnad til Norsk <i>Målsoga</i>	50 000,00
Heiderspriskonf.		50 000,00
Den årlege løyvingi til dei fem vallagi		<u>37 500,00</u>
Samla løyvingar		207 500,00

Styret fann at sume av løyvingane laut gjevast med sume atterhald eller vilkår. Styret merka seg serlegt søknadane vedrørande *Norsk målsoga*, Norsk Målungdom, Sunnmøre Vestmannalag og Blindern Høgnorsklag.

Styret vedtok difor fylgjande vilkår:

Alle søkjarar

1. Stønadentil vert gjeven under fyresetnad av at han vert nytta til det tiltaket som det er søkt um, og at tiltaket ikkje vert vesentleggt brigda i høve til det som er nemnt i søknaden. I presentasjonen av tiltaket eller i boki skal det verta nemnt at tiltaket/boki hev fenge studnad frå fondet.

2. Vert tiltaket vesentlegt brigda fell retten til studnad burt, og søkjarane lyt eventuelt søkja på ny.
3. Tiltaket lyt vera avslutta, og sluttmelding um tiltaket lyt sendast til fondet innan utgangen av år 2002.
4. Løyvingi vert yverført etter at fondet hev motteke sluttmelding. Formannen kann gjeva forskot um søkjaren bed um det, og gjennomføring i av tiltaket er avhengig av at forskot vert gjeve.
5. Mottek fondet ikkje sluttmelding og oppmoding um å reida ut løyvingi fyre utgangen av 2003 fell løyvingi i alle høve burt, og søkjaren misser retten til løyvingi.

Norsk Målsoga

1. Studnaden er i fyrste umgang gjort som lån.
2. Vert bokprosjektet ikkje yverfinansiert vert studnaden gjort um til ei rein løyving.
3. Studnaden tryggjast gjennom pant i den ferdigprenta boki.
4. Fær ikkje Norsk Bokreidingslag rimelegt vyerskot på salet av boki, vert lånet ettergjeve med 1/3 kvart år, rekna frå året etter at boki vart lagd ut for sal til ålmenta.
5. Boki skal ha inskripsjon um at ho er gjevi ut med tilskot frå Opedalsfondet.
6. Denne nye studnaden kjem i tillegg til dei kr. 65 000 som fondet alt hev løyvt.
7. Fyresetnad for å halda uppe den tidlegare løyvingi (på kronor 65 000,-) og lånet, er at løyvingi til boki um folkesuvereniteten som vart gjeve i 1996 til Alv Askeland fell burt.
8. Dei nærare skilordi for lånet fær formannen fullmakt til å greida med.

Norsk Målungdom

1. Norsk Målungdom skal likeins skriva at dei hev fenge tilskot frå fondet i tilfang og innbjuding som gjeng ut i tilknytning til Skulemålskonferansen i 2001.

Blindern Høgnorsklag

1. 5 000,00 skal gå til reiseutlegg for lagslemene i samband med måltilskipingar.
2. 5 000,00 kann laget nytta til målfagleg stemna.

Sunnmøre Vestmannalag

1. 5 000,00 skal gå til å reida ut reiseutlegg for Høgnorskdagane 2000.
2. 10 000,00 skal gå til tilskiping i 2001.

11 Plasseringspolitikken.

Det vert her vist til sak 3 der det vart orientert um kontoane til fondet. Styret fastslo at renta for likviditetsobligasjonane var for låg og at det måtte konstaterast kva for avtale som låg til grunn for denne plassering. Formannen hadde fenge munnleg opplysning um at pengane var plasserte med bindingstid fram til 2016. Skrivaren peika at den tidlegare forretningsføraren hadde plassert pengane i likviditetsobligasjonar utan fullmakt frå styret. Han hadde òg nytta sin eigen verbror (svoger) til kundekontakt i DNB.

Formannen fekk i oppgåva å få skriftleg frå stadfesting banken på kva for ein avtale som gjeld og korleis fondet eventuelt kann koma ut or denne avtalen. Arbeidsutvalet held kontakt um kva for nydisponeringar som kann vera aktuelle. Formannen heldt fram at det burde sendast ut tilbod på ei totaldisponering av midlane i fondet. Skrivaren gjorde greida for moglege porteføljesamansetjingar og styret dryfte dette, utan å koma fram til nokor endeleg avgjerd.

Styret var samd i at det i alle høve laut gjerast noko med den låke avkastingi på likviditetsobligasjonane. Og at saki må koma upp att på styremøtet i oktober.

Vedtak:

Formannen fær skriftleg stadfesting på kva som er avtalen millom fondet og banken når det gjeld likviditetsobligasjonane.

12 Kompensasjon for småutlegg og godtgjersla.

Både formannen og skrivaren hadde havt store utlegg til telefon og anna i samband med arbeidet i fondet og til fleire småutlegg som det ikkje låg fyre vedlegg for. Det hadde vore mange telefonsamtalar og mange einskildutsendingar som ein ikkje hadde kvitteringar for. Korkje formannen eller skrivaren hadde hatt lager av frimerke, og mange småsendingar vart difor svara av eigi lomme. Både formannen og skrivaren hadde vore på møte og andre småreisor, utan kostnad for fondet. Styret løyvde 1 500,- kronor til kvar som gjekk til dekjing av telefon og småutlegg utan vedlegg.

Nestformannen meinte at formannen og skrivaren burde ha ei godtgjersla for arbeidet i fondet. Dei andre i styret samtykte i denne tanken og synte til tidlegare praksis. Under tidlegare ordningar, då fondet heller ikkje hadde forretningsfører, fekk formannen kr. 5 000,00 i årleg godtgjersle. Formannen sa at han i so fall ynskte å byta denne summen millom seg sjølv og skrivaren. Styret var samde um å medrekna studnaden på kr. 1 500,00 til småutlegg i spursmålet um godtgjersla.

Vedtak:

- 1. Styret løyvde kr. 1 500,00 til formannen og skrivaren som kompensasjon for telefonkostnader og småutlegg utan vedlegg.**
- 2. Formannen og skrivaren fær ei godtgjersla på kr. 1 000,00.**

13 Ferdautlegg.

Formannen synte til at midlane til vallagi var sett av til fri bruk for lagi og at det soleis ikkje kunde knytast skilord til deim. Formannen peika på at fondet skulde stetta driftsutleggi. Til driftsutleggi høyrer òg ferdautlegg for styrelemene i dei samanhengar det trengst for at fondet skal vera verksamt. Styret vedtok difor at slike utlegg vert utreidde, men at ein tek sikte på å halda dei låge.

Vedtak:

Styret reider ut ferdakostnader ved ferder og drift i fondet.

14 Kontoret.

Opedalsfondet hadde gjort avtale med Vestmannalaget um at dei tvo skulde vera saman um kontor i C. Sundtsgate 28. Opedalsfondet legg halvparten av kontorleiga årleg frå i år og inntil leigeavtala med tridjemann vert uppsagd. Det vil segja at utleggi vert 3000,- kronor frå i år.

Vedtak:

Avtalen millom Vestmannalaget og fondet um leiga av kontor vart godkjend av styret.

15 Ymse.

Pr. i dag hev skrivaren og nestformannen fullmakt til å disponera bank-kontoen til fondet. Det vart vedteke at Bjørn Tormod Ringdal skal ha bankkontofullmakt tilliks med skrivaren og nestformannen, um stoda gjer det turvande. Skrivaren held orientering um Opedal og fondet som no er 30 år på konferansen i haust. Formannen nemnde på at fondet kunde ha nytte av å ha ein rekneskapsfører i Bergen. Han nemnde på at fondet kunde tenkja på å nytta Helge Liland til rekneskapsføringsarbeidet. Fyrebils fører formannen rekneskapen ut 2001. I arbeidsbolken er nestformannen andsvarleg for å henta posten til fondet, av di skrivaren millombils vil vera busett på Austlandet i samband med arbeidet sitt.

Vedtak:

- 1. Bjørn Tormod Ringdal fær fullmakt til bankkontoen, um det vert turvande.**
- 2. Formannen talar med Helge Liland, um ei eventuell rekneskapsføring.**

Formannen spurde um nokon hadde fleire sakor eller ynskte å koma med merknader til noko. Ingen hadde andre sakor eller merknader.

Møteslutt klokka 17.30.

Uppritet er lese og godkjent.

Dag Hagen Berg
formann

Mona Stormark
nestformann

Lars Bjarne Marøy
skrivar

Bjørn Tormod Ringdal
styrelem

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org.nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 11. november 2002.

Til styri i:

Vestlandske Mållag, v/Lars Bjarne Marøy

Vestmannalaget, v/Jon Akseland

Norsk Måldyrkingslag, v/Arne Gjeraker

Norges Mållag, v/Håvard Teigen

Ivar Aasen-sambandet, v/Klaus Johan Myrvoll


ÅRSMELDING OG REKNESKAPEN – FOR 2001

Det vert synt til at styri i vallagi etter fyresegni åt Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking skal ha fyre godkjenning av årsmeldingi og rekneskapen for fondet.

For styret i fondet bed eg styri um å fyrehava årsuppgjerdet og gjeva melding attende til oss innan 10. desember 2002.

Vyrdsam helsing

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking



- formann -

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Årsmelding

for

arbeidsbolken

frå august 2001 til juni 2002

Fyremålet til fondet

Halldor O. Opedals fond for målreising og måldyrking byggjer på gåvebrev frå Halldor O. Opedal. Gåvebrevet er datert Lofthus 23. desember 1971. Gåvebrevet slær fast fyresegnene for fondet i 6 paragrafar. Paragraf § 1 i fyresegnene slær fast fylgjande fyremål:

"Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedal's fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet til fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid lèt seg gjera. Eg viser til målsynet at professorane Gustav Indrebø og Nikolaus Gjelsvik, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, syner eg til mitt brev: "Mitt syn på norsk målreising – nokre tankar."

Saman med gåvebrevet fylgde det ein kapital på 600 000,- kr. Seinare hev fondet auka sterkt på seg. I dag er grunnstolen på 2 190 000,- kronor. Styringi av fondet vart gjeve til eit fondsstyre på 5 styresmenin, valde av fem mållag. Desse lagi var Vestmannalaget, Vestlandske Mållag, Ivar Aasen-sambandet, Norsk Måldyrkingslag og Noregs Mållag. Desse lagi vel ein styresmann kvar. Det vert òg peika ut varamenn. I arbeidsbolken hev desse vore styresmenn:

Uppnemnarlag	Styresmann	Varamann
Vestmannalaget	Bjørn Tormod Ringdal	Sissel-Anny Hjelmtveit
Vestlandske Mållag	Lars Bjarne Marøy	Halldor Slettebø
Ivar Aasen-sambandet	Dag Hagen Berg	Håvard Tangen
Norsk Måldyrkingslag	Arne Skjerven	Magnus Robberstad
Noregs Mållag	Mona Stormark	Torolv Hesthamar

1 Innleiing

Arbeidet med å retta opp i sakene som hang att frå tidi med den tidlegare forretningsføraren ser ut til å vera løyste. Arbeidsutvalet i fondet hev syt for dei praktiske oppgåvone i fondsstyringi. Arbeidet i fondet hev bore til gjennom samband millom styrelemene på epost,

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

telefon og i brev. Styrelemene hev òg møtt kvarandre når det hev vore høve til det. Formannen og skrivaren hev havt fleire møte i Oslo. Skrivaren og nestformannen hev havt samrådingar kring forretningsførsla og handtering av post til fondet. Nestformannen hev gjort ein god jobb med forretningsførsla og hev havt andsvaret for å henta posten til fondet. Heidersprisutdelingi førde med seg noko umfram arbeid for nestformannen. Alt i alt hev sambandet millom styrelemene vore godt.

2 Styremøtet 4. august 2001

Det siste styremøtet i arbeidsbolken vart halde 4. august 2001. Dette møtet var utsett ved fleire høve avdi formannen ynskte å gjeva Norsk Måldyrkingslag høve til å vurderer utnemningi av sin styresmann på ny, slik styreformannen i Norsk Måldyrkingslag hadde lova. Diverre syntet seg at styremøtet i Norsk Måldyrkingslag vart utsett fleire gonger, og til slutt laut berre fondet halda styremøte likevel utan å ha fenge melding um resultatet av vurderingi til styret i Norsk Måldyrkingslag. Innkallingi til dette styremøtet vart sendt beinveges til styreformannen i Norsk Måldyrkingslag, med oppmoding um at han sende innkallingi til laget sin styresmann.

Styremøtet hadde på møtet den 4. august 2001 fyre fylgjande hovudsaker:

Vurdering av hendingane etter siste styremøtet 6. mai 2000

Rekneskapen 2000

Årsmeldingi 2000

Brigde av fyresegni

Løyvingane 2001

Styret slutta seg til dei tiltaki som formannen og skrivaren hadde sette i verk i tidi etter det fyre styremøtet. Styret slutta seg til både rettssaki og at sakfører Per J. Jordal vart engasjert som rettshjelp for fondet. Styret slutta seg til utkastet til rekneskap for 2000 frå formannen og i store drag utkastet til årsmelding frå skrivaren. Formannen hadde alt på styremøtet 6. mai 2000 fenge i oppgåva å sjå på fyresegni åt fondet, og formannen tilrådde fleire brigde av fyresegni.

Styret gjorde vedtak um fylgjande i høve til fyresegni åt fondet:

Styret gjer framlegg um umskiping av fyresegnene til fondet i medhald av stiftingslovi, jfr. § 33. Umskipingi gjeld fyresegnene til fondet, som kann umskipast i medhald av §§ 32, 34 og 35 andre lekken i stiftingslovi.

Styret ynskjer ikkje å brigda fyremålet og ser heller ikkje at dei brigdi som er fyreslegne råkar noko ved fyremålet. Styret trur heller ikkje dei brigdi som det vert gjort framlegg um vart lagt vesentleg vekt på av Halldor O. Opedal då han skipa fondet i 1971.

Styret ynskjer brigde i/ved fylgjande:

§ 2 vert brigda soleis at siste punktum fell burt.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

§ 3 vert brigda soleis at det kjem ei setning i tillegg til eksisterande tekst til slutt, som lyder:

Styresmenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gieng ut or fondsstyret.

§ 4 vert brigda soleis at heile den gamle ordlyden fell burt og fylgjande kjem i staden for den gamle:

Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og fastsetja rekneskapen.

Rekneskapen skal sendast til styri i dei lagi som har valrett til fondet, styri i desse lagi har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter at dei fær han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på ny.

Ettersynsmannen skal peikast ut av styri i dei lagi som har valrett til fondet. Den ettersynsmannen som eit fleirtal av lagi vil ha, er vald

§ 5 vert brigda soleis at ordi "i mars månad" i fyrste setningi i fyrste lekken fell burt.

Formannen hev fullmakt til å søkja um ei onnor skiping av fyresegni i § 6, um ho ikkje let seg etterleva. Formannen skriv ei utgreiding med underbyggjing for brigdi i samsvar med dryftingane på dette møtet.

Framleggi med grunngjeving vert fyrst sendt til vallagi på høyring. Deretter vert framleggi sendt Fylkesmannen med dei eventuelle merknadene som vallagi hev.

Styret vedtok vidare å gjera fylgjande løyvingar for året 2001:

Søkjar:	Søkte til:	Sum:
Høgnorsknytt	Serprent	10 000,00
Norsk Målungdom	Skulemålskonferanse	5 000,00
Blindern Høgnorskklag	Målfagleg stemna	10 000,00
Sunnmøre Vestmannalage	Høgnorsk dagar	15 000,00
Ivar Aasen-sambandet	Driftsstudnad	10 000,00
Stord Mållag	Søknad til konferanse	20 000,00
Norsk Bokreidingslag	Studnad til Norsk Målsoga	50 000,00
	Heiderspriskonferanse	50 000,00
Den årlege løyvingi til vallagi	Kr. 7 500 til kvart lag	37 500,00
Samla løyvingar		207 500,00

Styret vedtok òg å uppretthalda ei løyving på kr. 65 000 til Norsk Bokreidingslag L/L for arbeidet med *Norsk Målsoga*, som gjekk ut ved årsskiftet 2000/2001, på dei same vilkåri som den nye løyvingi. Fondet fekk ikkje melding um at Norsk Bokreidingslag L/L godtok dei vilkåri som fondsstyret hadde sett. Løyvingi frå 1998 og 2001 fall difor burt. Styret vedtok å setja av kr. 115 000 til *Norsk Målsoga* utan å konkretisera mottakaren. Samla løyvingar i rekneskapen for 2001 er dimed på kr. 287 500.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Styret vedtok òg millom anna fylgjande ålmenne vilkår for løyvingane:

1. Stønaden vert gjeven under fyresetnad av at han vert nytta til det tiltaket som det er søkt um, og at tiltaket ikkje vert vesentleggt brigda i høve til det som er nemnt i søknaden. I presentasjonen av tiltaket eller i boki skal det verta nemnt at tiltaket/boki hev fenge studnad frå fondet.
2. Vert tiltaket vesentleggt brigda fell retten til studnad burt, og søkjarane lyt eventuelt søkja på ny.
3. Tiltaket lyt vera avslutta, og sluttmelding um tiltaket lyt sendast til fondet innan utgangen av år 2002.
4. Løyvingi vert yverførd etter at fondet hev motteke sluttmelding. Formannen kann gjeva forskot um søkjaren bed um det, og gjennomføring i avhengig av at forskot vert gjeve.
5. Mottek fondet ikkje sluttmelding og oppmoding um å reida ut løyvingi fyre utgangen av 2003 fell løyvingi i alle høve burt, og søkjaren misser retten til løyvingi.

3 Heidersprisutdeling

På konferansen Internasjonale målreisingar som Ivar Aasen-sambandet skipa til i Bergen 27. og 28. oktober 2001 vart dei heidersprisane som styret vedtok å etla ut yverrekkte. Tvo av dei tri prisvinnarane var til stades og tok imot prisen. Saman med prisen fékk dei ein diplom. Dei heldt samstundes fyredrag på konferansen.

Dei tvo som var til stades var Fridtjov Sørbo og Vincent Eye Færavaag. Johannes Gjerdåker måtte diverre melda avbod på grunn av sjukdom. I samband med prisuverrekkingi gav fondsstyret denne grunngjevingi for at dei tri fekk heidersprisen frå Halldor O. Opedals fond:

“Fridtjov Sørbo markerte seg sterkt i arbeidet mot den statlege samnorskpolitikken heilt frå han i ung alder byrja å markera seg som ein sers stødug skribent. Han hev skrive mykje og gjort mykje til å dana ei høgnorsk motvekt til den vanlege midtstraumnsnynorsken. I dei siste åri hev han gjort ein stor innsats med å setja i gong motstøytten mot anbeheitelse-utspelet frå Norsk Språkråd.”

“Johannes Gjerdåker hev synt seg å vera ein framifrå umsetjar. Han hev eit godt måloyra og umset lyrikk like gjerne frå engelsk som frå persisk. Gjerdåker hev med rette vunne stor fagnad for umsetjingsarbeidet sitt. Han hev drive forlagsarbeid og hev fast spalta i Hordaland, avisa på Voss. Gjerdåker hev òg skrive bøker av faglitterær art. Gjerdåker hev dessutan skrive mykje i Vestmannen, eit blad som legg sterk vekt på måldyrking.”

“Vincent Færavaag hev studera statsvitskap. Han hev gjennom ei årrekkja synt seg som ein sers tankesterk målmann. Han hev evna til å føra målpolitiske ordskifte på eit høgt intellektuelt plan og hev synt det gjennom stykkje i avisor og tidsskrift og ikkje minst gjennom fyredrag og skuleringsarbeid. Færavaag hev vore ein dugande organisasjonsmann i Oslo Mållag. For tidi er Færavaag aktiv i Stord Mållag og hev gjeve laget ein sterk framskuv.”

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Sjølve prisverrekkingi bar til på Hotell Hordaheimen i tilknytning til ein festmiddag. Ved middagen heldt prisvinnarane takketalar som vekte åtgauum. Fridtjov Sørbo fortalde um korleis han gong etter gong hadde vorte hindra i å koma til ords i ulike tidsskrift og avisor på grunn av dei meingingane han hevda. - Men eg er ikkje redd for noko, og eg gav meg ikkje, slo han fast og vekte fagnad. Vincent Eye Færavaag hadde lenge vore skeptisk til organisert målarbeid. Han tykte det hadde lite fyre seg, men til slutt hadde han kome til at det trass i alt kunde nytta.

Ei tid etter denne prisverrekkingi fór nestformannen, Mona Stormark, til Voss og møtte Johannes Gjerdåker. Der yverleverte ho diplomten og sjekken frå fondet til Gjerdåker.

4 Løyvingi um pengestudnad til Bokreidingslaget

Brev til alle som hadde søkt, undanteke Norsk Bokreidingslag, vart sendt ut eit par dagar etter styremøtet. Skrivaren og nestformannen sytte for det. Formannen skulde greida med brevet til Norsk Bokreidingslag av di det skulde innehalda fleire skilord. Bokreidingslaget ved Jon Askeland vende seg i september fyrst til skrivaren og deretter til formannen i fondet. Brevet til skrivaren vart sendt på epost 17. september. Her vil Askeland ha stadfesting på at det vart gjeve løyving til *Norsk Målsoga* frå fondet. Han bad dessutan um å få utbetala honnørprisen til faren, Alv Askeland, som fondet hadde delt ut i 1997. Skrivaren skreiv beinast til Askeland og sa at han laut venda seg til formannen i fondet. Askeland vende seg so til formannen.

Formannen presenterte so styrevedtaket frå 4. august 2001. Askeland svara munnleg at dette vedtaket stelte vilkår som Bokreidingslaget ikkje kunde godtaka. Nokor onnor tilbakemelding frå Bokreidingslaget kom det ikkje fyre 21. desember. Då sende laget brev til fondet og kravde å få utbetala pengane til *Norsk Målsoga*. Derimot sende Alv Askeland eit brev til fondet 27. november 2001 der han gjorde krav på 20 000 kroner.

Formannen vilde få klårlagt dei faktiske tilhøvi attum kva pengar Jon/evt. Alv Askeland vilde gjera krav på og få klårlagt um Bokreidingslaget vilde gjera noko krav mot fondet. Han vende seg soleis til Bokreidingslaget og slo fast at laget ikkje hadde noko krav på pengar frå fondet. Han stelte ei rad spursmål som kunde klåra upp i evt. krav frå Bokreidingslaget. Jon Askeland svara aldri. Istadenfor kom det eit nytt brev som var underskrive Alv Askeland. Alv Askeland gjorde krav på 20 000 kroner, men vilde framleis ikkje segja um det var honnørprisen eller ei forelda bokløyving frå 1996 han gjorde krav på. Fyrst 23. mai 2002 kom det offisielt brev frå Norsk Bokreidingslag der laget igjen gjorde krav på tilskot til Norsk Målsoga. Der vart det sagt klårt frå um at Bokreidingslaget vilde ha pengane til Norsk Målsoga, utan å vilja fylgja dei skilordi som fondet hadde sett. Fondsstyret ved formannen og skrivaren dryfte tilhøvet til Norsk Bokreidingslag L/L med Advokatfirmaet Kluge ANS. Dryftingane konkluderte med fylgjande:

- Løyvingi den 4. august 2001 lyt avtalerettsleg reknast som eit tilbod til Norsk Bokreidingslag L/L um pengestudnad – på serskilde vilkår,
- Norsk Bokreidingslag L/L hev i ettertid sendt brev som klårt syner at Norsk Bokreidingslag L/L ikkje hev akseptera tilbodet um løyving,
- Løyvingi som vart gjort den 4. august 2001 er dimed ikke rettsleg bindande for fondet, og kravi frå Norsk Bokreidingslag hev ikkje rettsleg fundament.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

5 Styresmenn frå Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag

Bjørn Tormod Ringdal vart peika ut til ny styresmann i Opedalsfondet frå Vestmannalaget etter at Vestmannalaget slo fast at Leidulv Hundvin måtte gå ut på grunn av at han hadde gjenge yver aldersgrensa i fondet. 18. november 2001 fekk fondet brev frå Vestmannalaget um styresmann i Opedalsfondet. Her heiter det at:

Stjorni i Vestmannalag gjorde slikt vedtak på møtet 12. november 2001:

"Me finn det uheldig at det vert gjort endringar i styret i Opedalsfondet midt i valperioden, og styrevedtaket vårt frå 16. november 1999 tek til å gjelda att med det same, slik at Leidulv Hundvin er styresmann i Opedalsfondet ut bolken 2000-2003, og Sissel-Anny Hjelmtveit hans varamann". Vedtaket vart gjort med 4 mot 1 røyst. Mindretalet ynskte protokollmerknad og bad um at denne vart lagd ved meldingi til Opedalsfondet.

Formannen og skrivaren tok difor kontakt med Advokatfirmaet Kluge ANS um kven som skulde kallast inn som styresmann frå Vestmannalaget. Etter samtalan og i samsvar med rådet frå advokaten vart konklusjonen at Bjørn Tormod Ringdal laut reknast som lovleg styresmann. Grunnlaget for konklusjonen var:

- Den fyrste oppnemningi frå Vestmannalaget – um Hundvin som var yver 75 år – var i strid med fyresegni til fondet.
- Det var grunnlag for og heimel for den nye oppnemningi til Vestmannalaget um Bjørn Tormod Ringdal.
- Etter fyresegni vert styresmennene oppnemnde for fire år, og oppnemnarlagi kann ikkje vraka styresmenn i arbeidsbolken.
- Det er soleides ikkje heimel korkje i stiftingslogi eller fyresegni til ei slik nyoppnemning som leidingi i Vestmannalaget hev gjort.

Frå Norsk Måldyrkingslag hev det kome melding um ny styresmann. Den nye styresmannen er Arne Skjerven.

6 Lånet til stiftingi regionsoga Nord- og Midhordland

Formannen hev havt samband med styreformannen i Stiftingi Regionsoga Nord- og Midhordland. Han hev freista å driva inn lånet frå Stiftingi Regionsoga Nord- og Midhordland. Men det hev ikkje ført fram. Etter samråd med juridisk sakkunnige hev formannen og skrivaren kome til at lånet nok vert ståande som uinnfridd. Fondet hev soleis tapt kr. 23 763 på denne pengedisponeringi.

Styret meiner det prinsipielt burde ha vore reist krav um skadebot på grunn av dette tapet. Dette av di lånet og vilkåri burde ha vore skriftfest ved ei låneavtale og/eller eit gjeldsbrev. Det burde heilt klårt ha vore gjort framstøytar tidlegare for å driva inn lånet, noko som ikkje skjedde fyrr våren 2000. Av di desse klanderverdige hendingane skjedde for mange år sidan tykkjer ikkje styret der er vidare grunnlag for å fylgja opp saki. Tapet vert bokført i rekneskapen for 2002.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

7. Økonomi og oppsummering

Avdråttan var i 2001 på kr. 192 723,82. Det er ein auke i høve til 2000 på kr. 23 819,72. Resultatet fyre utetlingar er betra frå eit overskot på kr. 114 890,48 i 1999 til kr. 166 711,86 i 2000 til kr. 361 365,92 i 2001.

I 1999 var driftskostnadene på kr. 16 982, medan dei i 2000 vart på kr. 54 147,00. Dette er ei kraftig auke, som i dei heile skuldast opprydjingi i rekneskapane og oppsegjingi av forretningsføraren. I 2001 hev kostnadene kome ned på 14 691 kr.

Utetlingane frå fondet vart auka frå kr. 65 000,00 i 1999 til kr. 112 500,00 i 2000. I år 2001 vart denne posten på 282 500. Det heng millom anna saman med at heidersprisløyvingane vart gjorde på ny og at det ikkje vart gjort løyvingar i 2000.

Det samla årsresultatet er betra kraftigt dei siste åri, frå eit underskot i 1998 på kr. 69 411,83 og eit yverskot på kr. 49 890,48 i 1999 til eit yverskot på kr. 54 211,86 i 2000. I 2001 var det samla årsyverskotet på 78 865,92.

Umframpostane i rekneskapen for 2000 og 2001 er knytte til at me no fører rekneskapen i samsvar med rekneskapslovi, og soleides hev gjenge burt frå kontantprinsippet som tidlegare rekneskapar delvis vart ført etter.

Framleis er det mange prosjekt som fær løyving frå oss som ikkje vert realiserte slik som dei vert presenterte i søknaden og innan den fresten som fondet hev sett på tri år. Mange av søkjarane gjev heller ikkje attendemelding til oss um framdrifti. Det vart difor i 2000 ført attende løyvingar på kr. 25 000,00. Det stend att løyvingar på kr. 190 500,00 som ikkje er utreidde.

Styret valde i fjor å ikkje minka tapsavsetnaden, av di utlånet til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland per 31. desember 2000 ikkje var innfridd. Lånet vart delvis innfridd i februar 2001, so styret hev kunna føra attende nok av tapsavsetnaden i rekneskapen for 2001. Tapsavsetnaden var per 31. desember 2000 bokført med kr. 10 1936,50. I 2001 hev tapsavsetnaden gjeng ned til.

Eigenmidelen er per 31. desember 2001 på kr. 2 570 280,95 mot kr. 2 491 415,03 i 2000. Denne er bokført som grunnstol med kr. 2 190 000,00 og utetlingsfond med kr. 321 415,23. Grunnstolen er urørleg, medan utetlingsfondet er den frie eigenmidelen til fondet.

I 2001 tok formannen og skrivaren ut ei godtgjering på 1000 kronor kvar.

Det er å vona at fondsstyret vedhaldande greider å innfri dei lover og reglar som skal til. Eit tiltak i so måte hev vore å nya upp og brigda paragraf fyre i fyresegnene til fondet, slik at ein slær eintydeleg fast kva som er vallagi og fondsstyret sine oppgåvor etter gjeldande lover og fyresegner.

Økonomistyringi er no på rett veg. Det hev vorte nytta mindre pengar til administrasjon i år 2000 og 2001 enn fyre oppsegjingi av forretningsføraren.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Dei som hev søkt fondet um studnad hev òg i arbeidsbolken vorte orienterte um at søknaden er motteken og um resultatet av fyrehavingi.

Årsmeldingi vart vedteki samrøystes på styremøtet 27.juni 2002, etter framlegg frå skrivaren.

Bergen, 27. juni 2002.

Dag Hagen Berg
formann

Mona Stormark
nestformann

Lars Bjarne Marøy
skrivar

Bjørn Tormod Ringdal
styrelem

Resultatrekneskapen for 2001

	2000		2001
Driftsinnkomor	-		-
Sum driftsinnkomor	-		-
Driftskostnader	54 147,00	1	14 691,00
Sum driftskostnader	54 147,00		14 691,00
Driftsresultat	-54 147,00		-14 691,00
Finansinnkomor			
Rentor	168 904,10	2	192 723,82
Sum finansinnkomor	168 904,10		192 723,82
Finanskostnader	-		831,00
Finansresultat	168 904,10		191 892,82
Resultat fyre umframpostar	114 757,10		177 201,82
Umframinnkomor	54 596,46	3	184 164,10
Umframkostnader	2 641,70		-
Umframresultat	51 954,76		184 164,10
Resultat fyre utetlingar	166 711,86		361 365,92
Utetlingar	112 500,00	4	287 500,00
Årsresultat	54 211,86	5	73 865,92
Resultatdisposisjonar:			
Yverført til grunnstolen	20 000,00		20 000,00
Yverført til utetlingsfondet	34 211,86		53 865,92
Sum resultatdisposisjonar	54 211,86		73 865,92

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

Jamvekti

	2000		2001
Eiga			
Kontantar	-		-
Bankinnskot i DnB	240 244,03		330 384,65
Obligasjonar	2 354 081,90	6	2 380 006,50
Skuldmenn	223 325,60	7	59 152,80
Sum eiga	2 817 651,53		2 769 543,95

Skuld og eigenmidel

Kravsmenn			
Ikkje utreidde løyvingar	190 500,00	8	173 000,00
Andre kravsmenn	33 800,00	9	7 500,00
<u>Tapsavsetnad</u>	<u>101 936,50</u>	10	<u>23 763,00</u>
Sum kravsmenn	326 236,50		204 263,00

Eigenmidel			
Eigenmidel: 01.01	2 437 203,17		2 491 415,03
<u>Årsresultat</u>	<u>54 211,86</u>		<u>73 865,92</u>
Sum eigenmidelen	2 491 415,03	11	2 565 280,95

Sum skuld og eigenmidel	2 817 651,53		2 769 543,95
--------------------------------	---------------------	--	---------------------

Eigenmideldisposisjon			
Grunnstol: 01.01.	2 150 000,00		2 170 000,00
<u>Avsett frå drifti</u>	<u>20 000,00</u>		<u>20 000,00</u>
Grunnstol: 31.12.	2 170 000,00		2 190 000,00
Utetlingsfondet: 01.01.	287 203,17		321 415,03
<u>Avsett frå drifti</u>	<u>34 211,86</u>		<u>53 865,92</u>
Utetlingsfondet: 31.12.	321 415,03		375 280,95
Sum grunnstol og utetlingsfond	2 491 415,03		2 565 280,95

Bergen, 31. desember 2001.

Bergen, 1. juni 2002.

Styret i Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

Notar

Sume av rekneskapsprinsippi som er nytta ved tidlegare rekneskapar er no brigda, me nyttar no rekneskapsprinsippet òg fyre rentone på obligasjonane.

Styret gjer merksam på at ein no held på med ei drifting av rekneskapsprinsippi og plasseringspolitikken til fondet.

Styrefomannen og skrivaren fekk i 2001 òg kr. 1 500 i kompensasjon for kostnader. Styrefomannen og skrivaren fekk i 2001 kr. 1 000 i godtgjersla.

Fondet hev ingen arbeidstakarar og forureinar ikkje korkje det ytre eller indre rom.

	2000	2001
Note 1. Driftskostnader.		
Driftskostnadene var i 2001 dei lågaste på mange år. Fondet hautar no godt av at forretningsførarpøst er avskipa.		
Styremøte	926,00	4 746,50
Godtgjersla til styreformannen og skrivaren	-	5 000,00
Rekneskapsføring/ettersyn	11 500,00	2 500,00
Rettsak	1 500,00	-
Juridisk rådgjeving	22 100,00	-
Kontorhald	5 000,00	-
Ymse driftskostnader	2 921,00	2 444,50
Sum driftskostnader	43 947,00	14 691,00

Note 2. Rentor og kursvinst.

Bankrentor	10 809,63	24 487,62
Rentor; DNB-Likviditet	77 569,33	96 728,00
Rentor; De norske bykredittforeningar	150,00	50,00
Rentor; Vestenfjelske bykredittforening	63 804,14	69 586,20
Rentor frå utlån	16 571,00	1 872,00
Kursvinst; De norske bykredittforeningar	-	24,10
Kursvinst; Vestenfjelske bykredittforening	-	172,50
Sum rentor	168 904,10	192 920,42

2000

2001

Note 3. Umframinnkomor.

Løyvingar som ikkje vart nytta og/eller etterrøkt innan fresten på 3 år fell ut. Desse løyvingane vert ført attende.

Norsk Bokreidingslag fekk halde upp ei tidlegare løyving til Norsk Målsoga og fekk dessutan eit lån på kr. 50 000, under fyresetnad av at krav um utreiding av ei onnor løyving som ikkje hadde vore etterrøkt på yver 3 år, vart sletta. Denne fyresetnaden er enno ikkje godteke.

Difor er både den tidlegare løyvingi og løyvingi til Norsk Målsoga falle burt. Fondet ynskjer framleides å stydja prosjektet "Norsk Målsoga". Difor er det gjort ein intern avsetnad på kr.115 000 til dette prosjektet, utan at denne er knytt upp til Norsk Bokreidingslag som mottakar.

Hardanger Folkeminnelag	10 000,00	-
Vestlandske Mållag	10 000,00	-
Jørn-Arne Tomasgard	5 000,00	-
Umframrenta; De norske byk.f.	100,00	-
Umframrenta; Vestenfjelske byk.f.	29 496,46	-
Attendeføring; Avsetnad ettersyn m.m.	-	5 794,00
Attendeføring; Tapsavsetnad	-	78 173,50
Attendeføring; Norsk Bokreidingslag; <i>Folkesuve.</i>	-	20 000,00
Attendeføring; Norsk Bokreidingslag; <i>Målsoga</i>	-	65 000,00
Attendeføring; Noregs Lærarmållag	-	5 000,00
Attendeføring; Norrønalaget Bragr	-	10 000,00
Sum umframinnkomor:	54 596,46	183 967,50

Note 4. Utetlingar.

Fyresegnene til fondet gjev påbod um at dei lagi som nemner upp styresmenn til fondsstyret skal hava ei fast årleg løyving.

4. august 2001 vedtok fondsstyret å oppretthalde tidlegare løyving på kr. 65 000,00 til Norsk Målsoga v/Norsk Bokreidingslag og gjeva eit lån på kr. 50 000,00 - fyresetnaden var at Norsk Bokreidingslag godtok at ei onnor løyving fall ut. Fondsstyret fekk ikkje noko aksept frå Norsk Bokreidingslag, og løyvingane er dimed falle burt. Det er difor gjort ei intern avsetnad som tilsvarar desse to løyvingane. Avsetnaden er ikkje knytt til Norsk Bokreidingslag som mottakar.

Vedtektsfesta løyvingar:		
Norsk Måldyrkingslag	7 500,00	7 500,00
Ivar Aasen-sambandet	7 500,00	7 500,00
Vestmannalaget	7 500,00	7 500,00
Vestlandske Mållag	7 500,00	7 500,00
Noregs Mållag	7 500,00	7 500,00
Sum vedtektsfesta løyvingar:	37 500,00	37 500,00

Framhald note 4. Utetlingar.

Andre løyvingar:

Ivar Aasen-sambandet; Driftsstudnad	-	10 000,00
Ivar Aasen-sambandet; Internasjonalt målstemna	-	65 000,00
Sunnmøre Vestmannalag; Høgnorskdagane	-	15 000,00
Blindern Høgnorsklag; Seminar og reisor	-	10 000,00
Stord Mållag; Konferanse	-	20 000,00
Høgnorsknytt; Serprent	-	10 000,00
Norsk Målungdom; Skulemålskonferanse	-	5 000,00
Avsetnad; Prosjekt "Norsk Målsoga"	-	115 000,00
Vincent Eye Færavåg; Heiderspris	25 000,00	-
Fridtjov Sørbø; Heiderspris	25 000,00	-
Johannes Gjeråker; Heiderspris	25 000,00	-
Sum andre løyvingar	75 000,00	250 000,00
Samla utetlingar	112 500,00	287 500,00

Note 5. Årsresultat. 54 211,86 **49 890,48**

I fylgje vedtektene til fondet skal minst 10 % av avdrotten yverførast til grunnstolen. Avdrotten var i 2001 på kr. 192 920,42. Det er difor yverført kr 20 000 til grunnstolen. Etter disponeringi til grunnstolen er gjort, vert resten av yverskotet, kr. 58 865,92 yverført til utetlingsfondet.

Note 6. Obligasjonar.

Obligasjonane er bokførte lik likningsverdien, burt sett frå DNB-Likviditet som er bokført lik talet på partane som fondet hev.

Likningsverdien på plasseringi i DNB-Likviditet er nemnt under nominell verdi.

	2000	Nominelt:	Bokført:
De norske Bykredittforeninger	2 976	1 000,00	1 000,00
Vestenfjeldske bykredittforening	1 027 425	961 000,00	958 597,50
DNB Likviditet	1 323 681	1 422 127,95	1 420 409,00
Sum	2 354 082	2 384 127,95	2 380 006,50

Note 7. Skuldmenn.

Ikkje utreidde rentor, De norsk byk.f.	75,00	25,00
Ikkje utreidde rentor, Vestenfjelske byk.f.	34 788,60	35 364,80
Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland	188 462,00	23 763,00
Sum skuldmenn	223 325,60	59 152,80

2000 2001

Note 8. Ikkje utreidde løyvingar.

Løyvingar som ikkje vert nytta i samsvar med fyresetnadene og eller som ikkje er nytta og bede utreida innan 3 år etter at det vart søkt um studnad frå fondet, fell ut. Summane vert ført attende. Sume løyvingar kann likevel verta ståande i rekneskapen vår, sjølv um det rettslege kravet er falle ut. Dette kann t.d. koma av at fondstyret ynskjer å vurdere ein eventuell ny søknad studnad til prosjektet utan å måta gjera nytt løyvingsvedtak.

Avsetnad "Norsk Målsoga"	-	115 000,00
Norsk Bokreidingslag: <i>Norsk Målsoga</i>	65 000,00	-
Norsk Bokreidingslag: Askeland: <i>Folkesuvereniteten</i>	20 000,00	-
Norsk Målungdom (NMU)	-	5 000,00
Sunnmøre Vestmannalag	-	10 000,00
Stord Mållag	-	20 000,00
Høgnorsknytt	-	10 000,00
Blindern Høgnorskklag	-	5 000,00
Studentmållaget i Oslo	8 000,00	8 000,00
Noregs Lærarmållag	5 000,00	-
Norrønnalagt Bragr	10 000,00	-
Vedtektsfest løyving til Ivar Aasen-Sambandet	7 500,00	-
Heidersprisar	75 000,00	-
	<hr/>	
Sum ikkje utreidde løyvingar	190 500,00	173 000,00

Note 9. Andre kravsmenn.

Styreformannen	10 200,00	-
Advokatfirmaet Kluge ANS	8 600,00	-
Avsetnad rekneskap/ettersyn	10 000,00	2 500,00
Avsetnad kontorhald	5 000,00	5 000,00
	<hr/>	
Sum andre kravsmenn	33 800,00	7 500,00

Note 10. Tapsavsetnad.

I samband med lånet til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland er det gjort ein tapsavsetnad som svarar til skuldi per 31.12. 2001.

Sum tapsavsetnad	101 936,50	23 763,00
------------------	------------	------------------

Note 11. Eigenmedelen. 2 491 415,03 **2 570 280,95**

Eigenmedlene er delt i ein bunden del (grunnstolen), på kr 2 190 000,00 og ein ubunden del (utetlingsfondet), som er bokført med kr. 380 280,95.

Asbjørn G. Litteré

REGISTRERT REVISOR

FJØSANGERVEIEN 57/61 - 5037 SOLHEIMSVIKEN

TLF. 55 29 96 55 - FAX 55 29 99 62

TLF. PRIVAT 55 28 98 72

ORG.NR.: NO 967 992 224

Til generalforsamlinga i Halldor O. Opedals fond

REVISJONSMELDING FOR 2001

Vi har revidert årsrekneskapen for Halldor O. Opedals fond for rekneskapsåret 2001, som syner eit årsyverskot på kr. 73.865,92. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, og framlegg til disposisjon av årsyverskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, jamvekti og opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Noreg. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2001 og for resultatet i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg.
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg.
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og forslaget til disposisjon av årsyverskot, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Utan at det har noko å seia for konklusjonen i avsnittet over, bør fondet i framtida sørgja for forsvarleg pant med omsyn til utlån av midlar.

Bergen, den 28. juni 2002



Asbjørn Litteré
Registrert revisor